


Så lenge der er språk, kjem det år



Språkåret 2013

Årsrapport 2011 – 2014



Innhald

1 Forord	3	8 Gjennomførte tiltak	36
Styreleiar Lodve Solholm		8.1 Samla aktivitet	36
2 Samandrag	4	8.2 Basisarrangement	37
Språkåret var året som verka	4	8.3 Samarbeidsprosjekt	44
Giellajahki lei jahki, mii váikkuhii	5	8.4 Internasjonale arrangement	46
Kielivuosi oli vuosi mikä vaikutti	6	8.5 Samiske tiltak	46
The Year of Languages made a difference	8	8.6 Kvenske tiltak	47
3 Året som verka	10	8.7 Tiltak for norsk teiknspråk	48
3.1 Publikumsundersøkingar 2012 og 2013	10	8.8 Andre minoritetsspråkstiltak	49
3.2 Aktivitet over heile landet – året gjennom	13	8.9 Digitale tenester	50
3.3 Arena for minoritetsspråkmiljø	15	8.10 Radio, tv, film	51
3.4 Tiltak for born og unge	15	8.11 Aviser	52
3.5 Eit heilt år med ny og meir kunnskap	17	8.12 Bøker og tidsskrift	53
4 Bakgrunn	18	8.13 Frimerke	56
4.1 Idéfase 2003–2009	18	8.14 Utstillingar	56
4.2 Oppdrag frå regjeringa Stoltenberg 2010	18	8.15 Musikk	57
4.3 Utviklingsprosjekt 2011–2012	19	8.16 Scenekunst	58
4.4 Styringsgruppe	20	8.17 Samtalar, debatt, foredrag	58
4.5 Prosjektplan 1.2.2012	21	8.18 Konkurransar	59
5 Organisering	22	8.19 Grunnskule og vidaregåande skule	62
5.1 Eit sjølvstendig tiltak	22	8.20 Universitet og høgskular	63
5.2 Styre	22	8.21 Offentleg forvaltning	64
5.3 Overgangsfase februar – juni 2012	22	8.22 Offentlege og private jubileum	65
5.4 Sekretariat	23	9 Kritiske punkt	66
5.5 Språkårsforum	24	9.1 Organisering	66
5.6 Samspel med andre nasjonale jubileum	24	9.2 Initiativ som ikkje førte fram	67
5.7 Samarbeidspartnarar	25	9.3 Bokmål	68
6 Mål og målgrupper	26	10 Budsjett og rekneskap	70
6.1 Mål	26	10.1 Plan og resultat	70
6.2 Målgrupper	26	10.2 Finansiering	70
6.3 Konsentrasjon og spreining	27	10.3 Budsjett og rekneskap	71
7 Kommunikasjon	28	10.4 Prosjektstøtte	72
7.1 Kommunikasjonsstrategi	28	10.5 Ekstern prosjektøkonomi	74
7.2 Bodskap	30	11 Året som aldri sluttar	76
7.3 Logo og profilprogram	31	11.1 Jubileum som strategi	76
7.4 Nytt frå Språkåret	31	11.2 Historia om Språkåret 2013	78
7.5 Nettstad	31	11.3 Prosjekt som blir førte vidare	79
7.6 Sosiale medium	32	11.4 Norsk språkpolitikk etter 2013	80
7.7 Profilvarer	33	Vedlegg	83
7.8 Språkmagasinet	33	1 Kommunar med arrangement og tiltak	84
7.9 Mediedekning	34	2 Samandrag prosjektplan 1.2.2012	87
		3 Spørjeundersøkingar 2012 og 2013	88
		4 Rekneskap 2013 og 2014	93
		5 Revisjonsmelding	96
		6 Dette venta vi av Språkåret 2013	98
		7 Prolog og talar	99



Språkåret 2013

www.sprakaret.no

Logoen til Språkåret, formgitt av
Tank Design, Tromsø.

Utgitt av Nynorsk kultursentrum 2014

Styret i Nynorsk kultursentrum godkjende rapporten i møte 25.2.2014. Administrasjonen i Nynorsk kultursentrum har fullført arbeidet på grunnlag av drøftinga i møtet.

Arrangementsfakta er oppdaterte til og med 14.2.2014.

Rapporten er publisert på Aasentunet.no og trykt i 200 eksemplar.

Så lenge opplaget varer, kan den trykte utgåva tingast gratis frå Nynorsk kultursentrum
Indrehovdevegen 176
6160 Hovdebygda

Formgiving: Lundblad Media AS, Tromsø
Trykk: Lundblad Media AS, Tromsø

ISBN 978-82-92602-11-9

1 Forord

Fredag 28. februar 2014 slutta dei tre tilsette i Språkåret 2013. To dagar etterpå fortalde VG at lesarane deira hadde kåra dei hundre viktigaste nordmennene etter 1814. Som den fremste av alle frå 1800-talet kom Ivar Aasen på 4. plass – etter krigsseglarane, kong Haakon 7 og Einar Gerhardsen.

Slike lister er langt frå vitskap, men dei er eit barometer for stemningar og oppfatningar om kva som er viktig der og då. Resultata i to landsdekkjande meiningsmålingar i 2012 og 2013 kan ikkje mistydast: Alle nordmenn kjenner til Ivar Aasen, og i 2013 fekk endå fleire eit positivt bilete av han enn før. Etter eit heilt språkår bygt opp om 200-årsjubileet hans var det ikkje rart at mange røysta fram Ivar Aasen som eit av dei aller viktigaste menneska som har levt i Noreg dei to siste hundreåra.

Ivar Aasen var utgangspunktet, men ikkje hovudpersonen i Språkåret. Det var språkbrukarane, kvar og ein, som stod i sentrum. Vi ville auke respekten for språkmangfaldet i Noreg og auke verdien av å lever i eit samfunn med meir enn eit offisielt språk.

Fram til 2008 arbeidde Nynorsk kultursentrum med å utvikle den grunnideen som blei Språkåret. Frå då av gjaldt det å gjere denne ideen mest mogleg allmenn og så viktig politisk at tanken kunne realiserast og finansierast. Det mangla ikkje på ambisjonar. Heile tida sa vi at Språkåret 2013 skulle bli noko anna og noko endå større enn Ivar Aasen-året 1996. Vi ville setje ein ny standard for forfattarjubileet, og vi ville gjere språkleg respekt og toleranse til ei sak for mange på tvers av språklege og kulturelle skilje.

Denne rapporten viser kva vi gjorde, og kva vi veit at andre gjorde. 3320 arrangement er dokumenterte, men der var nok mykje meir.

At det ikkje har vore mogleg å dokumentere alt som skjedde, syner at strategien om ei raus og inkluderande feiring verka i praksis.

Vi tok sjansar. For første gong har eit kulturjubileum undersøkt om verksemda hadde noko å seie. Språkåret var eit politisk kulturjubileum, og eit av måla var å få mange til å endre meining om språk i Noreg. Fakta endra fleire hundre tusen språkmeining nettopp i 2013. Vi kan berre ikkje seie sikkert at det var Språkåret som fekk dei til å endre meining.

Språkåret skal vere året som aldri sluttar, sa vi då vi la fram prosjektplanen tidleg i 2012. Den gleda mange har vist gjennom det di har gjort eller vore med på i 2013, og dei endringane som blei skapte dette året, er tunge argument for at Språkåret ikkje sluttar, men berre går over i andre former. Denne rapporten viser kva som då er mogleg å gjere. Som ansvarleg for Språkåret har Nynorsk kultursentrum lært mykje og fått mange røynsler som vil kome det vidare arbeidet vårt til gode.

Styret i Nynorsk kultursentrum takkar regjeringa for oppdraget og for løyvingane til prosjektet. Vi sender også ein stor takk til sekretariatet under leiing av Inger Johanne Sæterbakk, og til administrasjonen i Nynorsk kultursentrum, for all denne viljen til språk.

Den største takken går likevel til publikum som tok så godt imot tilboda våre, og til alle dykk som gjekk frå å vere tilskodarar til på bli deltakarar i Språkåret 2013.

Oppdraget er utført, arbeidet held fram.

Ørsta, 27. mars 2014

Lodve Solholm
styreleiar

2

Samandrag

Språkåret dekte heile det språklege mangfaldet i Noreg, og informasjon om prosjektet skal vere tilgjengeleg for miljø også utanfor landegrensene. Difor er samandraget på nynorsk, nordsamisk, kvensk og engelsk.



Språkåret 2013. Stafetten var organisert av Noregs Mållag og strekte seg over 30 000 km med meir enn 140 stoppestader frå januar til oktober 2013. Før det offisielle startskotet i Ivar Aasen-tunet 28.1. blei den første stafettpippen lagd i handa på Ivar Aasen-statuen i Ørsta. Foto Noregs Mållag.

Språkåret var året som verka

I Språkåret endra truleg om lag 250 000 nordmenn meiningar om språk og språkpolitikk. Dobbelt så mange nordmenn visste om Språkåret då prosjektet blei avslutta enn før det blei opna. Så godt som kvar einaste dag gjennom heile 2013 var det eitt eller fleire språkårsarrangement, men aktiviteten var størst etter sommaren.

Frå den første, lause ideen strekte arbeidet med Språkåret seg over 11 år. Etter idéfase 2003–2009 og utviklingsprosjekt 2011 kom etableringsfasen i 2012, gjennomføringsfasen i 2013 og avviklinga vinteren 2014. Regjeringa Stoltenberg gav Nynorsk kultursentrum i oppdrag å utvikle og organisere Språkåret. Dei ideane som blei forma tidleg i arbeidet, prega i stor grad også gjennomføringa og resultatet. Det gjekk sju år frå idé til første løyving, og frå då av gjekk alt fort.

Det blei gjennomført over 3300 arrangement med til saman 149 000 gjester. I gjennomsnitt var dermed 45 gjester med på kvart arrangement. Språkåret hadde aktivitet i fem land, i alle dei norske fylka, i halvparten av alle kommunane, og nesten kvar einaste dag gjennom året. Berebjelken for all aktivitet var sju basisarrangement på ulike stader i landet frå 2.1. til 6.12. Det blei arbeid systematisk

med å få inn informasjon om gjennomførte tiltak, men Språkåret inneheldt nok meir enn det som er registrert og dokumentert i denne rapporten.

Språkåret blei organisert som eit billig og effektivt prosjekt på sjølvstendig grunnlag, men med målretta bruk av røynsler og system frå Nynorsk kultursentrum, som forvalta prosjektet. Eit sekretariat med tre tilsette samordna og organiserte det heile på grunnlag av ein prosjektplan som låg føre 1.2.2012.

Arrangement og tiltak gjennom året dekte alle dei språka som var prioriterte i prosjektplanen, og mange andre. Språkåret dekte alle dei fem måla som var sette opp for tiltaket. Det einaste større problemet har vore å utløse like sterkt engasjement for bokmål som for nynorsk, urfolksspråk eller minoritetsspråk. Språkåret opna stengde dører mellom dei minoritetsspråklege miljøa og skapte ein ny språkpolitisk arena for desse gruppene.

Kommunikasjonsarbeidet blei konsentrert om få, store tiltak og sosiale medium. Den største satsinga var Språkmagasinet, spreidd i 345 000 eksemplar over heile landet i mars 2013. Dette gav eit samla, men framleis førebels program. Særleg vellykka var bruken av Facebook, der Språkåret til slutt hadde 3000 følgjarar. Særleg i lokale massemedia utløyste Språkåret mange debattinnlegg og meiningsytringar.

Språkåret prioriterte stort sett det som skulle prioriterast, og det vil alltid vere slik at noko av det ein prøver å få til, ikkje går som ein har tenkt. Svært mykje gjekk bra, men på nokre punkt burde oppgåver ha vore løyste på anna vis, og nokre viktige initiativ førte ikkje fram – slik vil det alltid vere. Dei røynslene Språkåret gjorde, høver for utdjupande analysar gjennom forskning.

Driftsbudsjettet blei vesentleg lågare enn føresettt i prosjektplanen 1.2.2012. Aktiviteten blei derimot mykje større enn den same prosjektplanen la opp til. Språkåret hadde samla inntekter på nær 8,7 millionar kroner i åra 2011–2014. Det aller meste av desse inntektene

var prosjekttilskot frå Kulturdepartementet. I alt fordelte Språkåret over 1,9 millionar kroner til om lag 40 store og små prosjekt over heile landet.

I Språkåret kom det fram mykje ny kunnskap som vil vere til nytte i lang tid framover. Kanskje var det Østfold som hadde mest nytte av Språkåret gjennom dei mange og uventa tiltaka som fremja stolt dialektbruk og tok til motmæle mot vanlege oppfatningar av språkleg status. Meir enn 25 prosjekt blir førte vidare etter 2013, og Nynorsk kultursentrum tek på seg ansvaret for den første oppfølginga.

Språkåret *blei* året som ikkje slutta.



Bokbussen Tana–Nesseby tok turen til Samisk litteraturfestival i Varangerbotn og Nesseby i mai 2013.

Giellajahki lei jahki, mii váikkuhii

Giellajagi áigge rievdatedeje navdimis 250 000 norgalačča oaiviliiddiset giela ja giellapolitihka hárrái. Guokte geardde nu ollugat dihte Giellajagi birra go prošeakta loahpahuvvui, go dalle go dat álggahuvvui. Juohke áidna beaivve olles 2013 lei okta dahje mánga giellajahkedoaimma jođus, muhto eanemus doaimmat lágiduvvojedje geasi manjá.

Vuosttaš bođujurdaga rájes leat bargan 11 jagi Giellajagi ovdii. Jurddaáigodat lei 2003–2009, ovddidanprošeakta lei 2011 ja dan manjá álggahanáigodat 2012, čadahanái-

godat fas 2013 ja loahpaheapmi dálvit 2014. Stoltenberga ráddehus bijai Oddadárogiela kulturguovddáža bargun ovddidit ja lágídit Giellajagi. Jurdagat, mat hápmašuvve barggu álgomuttuin, váikkuhedje nannosit maiddái čađaheapmái ja bohtosiidda. Vuosttaš jurdaga rájes ádjánii čieža jagi gitta vuosttaš juolludeapmái, muhto dan manná dáhpáhuvaige buot johtilit.

Lágiduvvojedje badjel 3300 doaimma, oktiibuot fitne 149 000 guossi. Gaskamearálaččat ledje juohke doaimmas 45 guossi. Giellajagi doaimmat ledje viđa riikkas, buot Norgga fylkkain, bealis gielddain, ja measta juohke beaivve jagi áigge. Váldun ledje čieža vuodđodáhpáhusa, mat lágíduvvojedje iešguđet sajiin riikkas 2.1. rájes 6.12 rádjái. Dieđut čadahuvvon doaimmaid birra leat čohkkejuvvon vuogádatlaččat, muhto Giellajagi áigge dáhpáhuvai sihkkarit eanet, go dat mii dán raportii lea registrerejuvvon ja dokumenterejuvvon.

Giellajahki lágíduvvui hálbbes ja beaktilis prošeaktan, mas lei iehčanas vuodđu, muhto mas ulbmillaččat geavahedje ávkin vásáhusaid ja vuogádagaid, mat ledje Oddadárogiela kulturguovddážis, mii hálldašii prošeavtta. Čállingotti golbma bargi lágidedje doaimmaid prošeaktaplána vuodul, mii lei ráhkaduvvon ovdal 1.2.2012.

Jagi áigge lágíduvvon dáhpáhusat ja doaimmat gokče buot gielaid, mat ledje vuoruhuvvon prošeaktaplánas, ja vel mánga earáge giela. Giellajahki govčcai buot vihtta ulbmila, mat dasa ledje biddjon. Áidna stuorra váttisvuohtan lea leamaš boktit seammá nana ángiruššama girjegiela ovdii, go mii badjánii oddadárogiela, álgoálbmotgielaid ja unnitlogugielaid oktavuođas. Giellajahki rabai gokčojuvvon uvssaid unnitlogugielat birrasiid gaskka ja ráhkadii odđa giellapolitihkalaš lávddi daid joavkkuide.

Gulahallanbarggus čikŋo muhtin, stuorát doaimmaide ja sosiála mediai. Stuorámuš ángiruššan lei Giellamagasiidna, mas lávdatedje 345 000 gáhppálaga miehtá riikka njukčamánuš 2013. Dan bokte mitaluvvui ollislaš, muhto seammás gaskaboddasáš pro-

grámma birra. Buoremusat lihkostuvai Facebook geavaheapmái, doppe Giellajagi doaimmaid čuvvo loahpas 3000 olbmo. Erenoamážit báikkálaš medias badjánii Gielladoaimmaid dáhpáhusaid oktavuođas ollu digaštallan ja oaivilčállosat.

Giellajahki vuoruhii buori muddui dan, mii galggai vuoruhuvvot, álohan lea juoga, maid geahččala, mii ii lihkostuva nu mo jurddašuvvon. Hui ollu lihkostuvai, muhtin áššit fas livčče galgan čovdojuvvet eará láhkai, ja muhtin mávssolaš álgagat eai lihkostuvvan – nu lea álo. Vásáhusaid, mat čoahkkanedje Giellajagi áigge, heivešii guorahallat čiekŋalabbot dutkama olis.

Doaimmabušeahhta gárttai ollu unnit, go 1.2.2012 prošeaktaplánas árvaluvvui. Liikká čadahuvvojedje ollu eanet doaimmat, go mat doaimmaplánas evttohuvvojedje. Giellajagi boadut ledje lagabui 8,7 miljovna ruvnno jagiid 2011–2014. Eanemus boadut bohte Kulturdepartemeantta prošeaktadoarjjan. Oktiibuot Giellajahki juolludii badjel 1,9 miljovna ruvnno doarjjan sullii 40 stuorra ja unna prošeaktii miehtá riikka.

Giellajagi áigge čoaggani ollu odđa diehtu, mas lea ávki guhkes áiggi ovddos guvlui. Eanemus ávki Giellajagis soittii oazžut Østfold, gos ledje ollu ja vuordemeahtun doaimmat, maiguin ovddidedje suopmaniid geavaheami rámiin, ja main bukte vuostálas oaiviliid dábálaš jurdagiidda gielalaš stáhtusa birra. Eanet go 25 prošeavtta joatkašuvvet 2013 manná, ja Oddadárogiela kulturguovddáš válddii badjel lasas vuosttaš čuovvoleames.

Giellajahki šattai jahkin, mii ii nohkan.

Omsett til nordsamisk av

ABC-Company E-skuvla AS ved Kirsi Paltto

Kielivuosi oli vuosi mikä vaikutti

Kielivuoden aikana muuttui pienen suunille 250 000 ruijalaisen käsitys kielestä ja kielipolitiikasta. Ko projektin heitettiin, niin tuplasti enämen ruijalaiset tiedettiin Kielivuodesta



Pause i cd-innspeling av den kvenske framsyninga «Muisto ja toivo» som blei vist i juni 2013.
Foto Halti kvenkultursenter.

ko mitä silloin ko sen aloitettiin. Kielivuoden 2013 aikana järjestettiin melkein joka päivä yhden tahi usseman kielitapattuman, mutta eniten niitä järjestettiin kesän jälkeihin.

Työ Kielivuoden kans kesti yhteensä 11 vuotta. Ideoita kovottiin vuosina 2003-2009. Tämän jälkeihin oli kehittämäprosekti vuona 2011 ja perustaminen vuona 2012. Prosektin viettiin läpittie vuoden 2013 aikana ja lopeteltiin talvela 2014. Stoltenbergin hallitus päätti ette Nynorsk kultursentrum saapi kehittäät ja järjestääät Kielivuoden. Net ideeat jotka synnyttiin prosektin alussa, vaikutettiin sen läpittieviemisheen ja tuloksheen. Ensimmäisen ideean ja ensimmäisen kuurton välilä meni seittemen vuotta, mutta siitä etheenpäin kaikki tapattui rohki nopeesti.

Vuoden aikana järjestettiin yli 3300 tapattummaa, joissa vierhainta oli yhteensä 149 000. Niinpä jokhaisessa tapattumassa oli suunnile 45 ihmistä. Kielivuoden aikana järjestettiin aktiviteettii viidessä eri maassa, kaikissa Ruijan fylkiissä, puolessa kaikista komuuniista ja melkein joka päivä. Näitten aktiviteettiin kanttaava voima oli net seittemen päätapattummaa, joita järjestettiin eri puolila maan aijala 2.1.–6.12. Kaikista tapattumista oon systemaattisesti kovottu tiettoo, mutta Kieli-

vuoden aikana tapattui sikkaristi paljon enämen ko tyhä se mitä kovottiin ja mitä tässä raportissa seissoo.

Kielivuoden järjestettiin niin, ette se olis huokkee, effektiivinen ja ittenäinen prosekti, mutta jossa määrätietoisesti käytethään nitä kokemuksii ja systeemiitä, joita Nynorsk kultursentrumilla oon, ja joka kans hallitti prosektii. Sekretariaatti, jossa oli kolme työntekkiijää, järjesti ja organiseerasi kaiken prosektiplaanan pohjalta, minkä tehettiin ennen 1.2.2012.

Vuoden aikana tapattumissa olthiin myötä kaikki net kielet, jotka mainittiin prosektiplaanassa, ja monta muutaki kieltä. Kielivuosi täkkäsi kaikki net viisi moolii mikkä sille oli pantu. Oon ollu tyhä yksi isompi probleemi, nimittäin se ette bokmål herättäis ihmisten joukossa yhtä paljon inttoo ko nynorsk, alkupöraiskanssoin kielet ja minorateettikielet. Kielivuosi rakensi pareman yhtheyden vähemistökielisten miljöitten välile ja loi uuden kielipoliittisen areanan näile joukoile.

Kommunikašuunityö tapattui pääassiissa muutaman suureman toimen ja median kautta. Suurin satsaus oli lehti Språkmagasinet, jota jaettiin 345 000 kappaletta ympäri maan marsikuussa 2013. Siihen oli kovottu koko pro-

grami, mikä kuitenkin oli vielä väliaikainen. Eri-
liikaisen onnistunnu oli käyttää Facebookkia,
ja Kielivuodella oli lopuksi 3000 kuoraaajaa.
Kielivuosi herätti kans paljon debattii ja mie-
lipitheitä paikallisessa massamediassa.

Kielivuoden aikana onnistuthiin nostam-
haan esile niitä assiiita mitä pitiki, mutta aina
oon jotaki mikä ei mene justhiin niin ko oon
ajatellu. Paljon meni hyvin, mutta jotaki olis
voinu tehdä toisela tavala, ja muutampi tärk-
kee initiatiivi ei ulettunnu kaikile – ja niin se
tullee aina olemhaan. Näitten Kielivuoden ko-
kemuksista oon sitte mahdollista tehdä tutki-
musta ja syvempää analyysii.

Toimibudšetti jäi paljon pienemäksi ko
mitä arvelthiin prošektiplaanassa 1.2.2012. Ak-
tivateettii oli kuitenkin paljon enämen ko mitä
tässä samassa prošektiplaanassa seissoo. Kie-
livuodella oli tienastii yhtheensä likemäs 8,7
miljuunaa kruunuu vuosina 2011–2014. Suurin
osa tästä tienastista oli prošektiuurttoo jonka
saathiin Kulttuuridepartementiltä. Kielivuo-
si jakoi yli 1,9 miljuunaa kruunuu suunile 40
suurele ja pienele prošektille ympäri maan.


Kielivuoden aikana nousi esile paljon uutta
tiettoo ja taittoo mikä tullee olemhaan hyödy-
linen vielä kauvoin tulevaisuudessa. Piian se
oon Østfold ko oon eniten saanu hyöttyy Kieli-
vuodesta. Sielä järjestethiin monnii ja odotta-
mattomiiki tapattummii, joissa nostethiin esile
dialektin käytön ja vastustethiin ylheistä käsi-
tystä siitä, mitä kielelinen status oon. Enämen
ko 25 prošektiä jatkethiin vielä jälkhiin vuoden
2013, ja Nynorsk kultursentrum oon ensialusta
ottanu edesvastauksen kuorata näitä.

Kielivuodesta tuli vuosi, joka ei loppunu.

Omsett til kvensk av Kainun institutti /
Kvensk institutt ved Pirjo Paavalniemi

The Year of Languages made a difference

Around 250.000 Norwegians changed their
opinion about language and language policy.
In the end of 2013 twice as many Norwegians



Utstillinga «I am language» blei vist under Tromsø
International Conference on Language Diversity
i november 2013. Foto Universitetet i Tromsø –
Noregs arktiske universitet.

had heard about Språkåret – The Year of Lan-
guages – than in November 2012. There was
Språkåret related activities and events almost
every day all through 2013; however the activ-
ity reached a peak in the autumn.

11 years passed from the first vague idea
in 2003 until the project ended in February
2014. From the first phase: planning phase
(2003-2009), second phase: project develop-
ment (2011), third phase: project establish-
ment (2012), fourth phase: project implemen-
tation (2013), fifth and final phase: liquidation
and evaluation phase (2014). The Stoltenberg
government delegated the project to Nynorsk
kultursentrum, Centre for Norwegian Lan-
guage and Literature. Hence Centre for Nor-
wegian Language and Literature had the
responsibility to plan and organize Språkåret
2013. Some of the ideas, which were developed
early in the planning phase, came to influence
Språkåret in both the implementation phase
and in the actual result. Seven years passed
from the first idea was born until the first

grant was handed to the project administration. After that everything moved fast forward.

Språkåret consisted of more than 3300 events, with a total of 149.000 guests, and an average of 45 guests attending every event. There were activities in five different countries, in all the counties and in half of the 428 municipalities of Norway, and almost every day all through 2013. Seven major events geographically spread all over Norway generated a lot of activities and language debates. Starting with the opening event in Kristiansand on January 2nd 2013 and ending with an event in Ørsta, December 6th 2013. The other major events took place in Oslo, Bergen and Tromsø. During 2013 there was systematically gathered information about and registered events held by others. However, most likely there were events that we did not manage to register and present in the project report.

Språkåret was organized as a cheap, effective and independent project, with targeted use of experiences and systems from Centre for Norwegian Language and Literature, who managed the project. From November 2012 a team of with three employees coordinated and organized Språkåret on the basis of the project plan presented February 1st 2012.

Through activities and events during 2013, all five goals presented in the project plan were accomplished, plus many more. However, it became a problem to gain as much interest and involvement in projects related to Norwegian Bokmål as in projects related to Norwegian Nynorsk or minority languages. Moreover Språkåret laid a foundation for more collaboration between the different minority milieus, and created a new platform for their language policy work.

The communication efforts were focused on a few major events, in addition to an extensive use of social media. Facebook was the social media channel that Språkåret gained the most from, and about 3000 people followed Språkåret by the end of 2013. Furthermore the magazine Språkårsmagasinet was a major

project, organized by Språkåret, with 345.000 copies distributed all over Norway in March 2013. This magazine presented a preliminary program. The local press was involved in presenting local events and activities, and also functioned as a channel for language debates.

Språkåret was responsible for making the appropriate priorities. However, in events like Språkåret there will always be some challenges that should have been dealt with differently and cases that could have been solved differently. A few initiatives did not turn out the way they were planned, however, that is inevitable in projects like this. One might do some scientific research and analysis of some of the challenges that was experienced.

The operational budget turned out a bit lower than expected and presented in the project plan. However, the activity presented in the same project plan turned out to be more diversified and comprehensive than expected. The total income for Språkåret in the years 2011–2014 was 8.7 million NOK. This was mostly grants from the Ministry of Culture. Furthermore Språkåret handed out 1.9 million out of the 8.7 million in grants to Språkåret projects, activities and events all over Norway.

New knowledge emerged in Språkåret, knowledge that will be useful in years to come. Was it perhaps the people in the county of Østfold that gained the most out of Språkåret 2013? Østfold celebrated Språkåret with several creative activities that acknowledged and used the Østfold dialect in unexpected ways, activities that proved the common prejudice against their dialect wrong.

More than 25 projects that were started because of Språkåret 2013 will be continued in 2014. Centre for Norwegian Language and Literature will be responsible for the first follow-up of these projects.

Språkåret 2013 became the year that never ended.

Translated by Jannicke Velsvik



Året som verka

Språkåret var året som verka. I Språkåret endra truleg om lag 250 000 nordmenn meiningar om språk og språkpolitikk. Dobbelt så mange nordmenn visste om Språkåret då prosjektet blei avslutta enn før det blei opna. Så godt som kvar einaste dag gjennom heile 2013 var det eitt eller fleire språkårsarrangement, men aktiviteten var størst etter sommaren.

3.1 Publikumsundersøkingar 2012 og 2013

Ipsos MMI stilte desse spørsmåla til eit landsdekkjande representativt utval i desember 2012 og november 2013:

- Har du høyrte om Ivar Aasen?
- Kva inntrykk har du av Ivar Aasen?
- Kor samd er du i at nynorsk og bokmål framleis skal vere jamstilte språk?
- Kor godt eller dårleg liker du at Noreg blir meir fleirspråkleg?
- Har du høyrte om Språkåret 2013?

Svara er dokumenterte i tabell 1 og i vedlegg 3.

Mange endra meining i 2013

Somme jubileumsår prøver i større grad enn andre å endre oppfatningar og påverke meiningdanninga. Språkåret var eit slikt tiltak. Å endre haldningar og meiningar tek tid, og det vil difor vere avgrensa kor mykje ein kan oppnå på eitt år. Ei påliteleg spørjeundersøking kunne gi svar, men det var å ta ein sjanse. Ein visste ikkje kva svar ein ville få, og var svara negative, kunne det bli brukt mot prosjektet eller svekkje seinare initiativ av same sorten.

På fire av fem spørsmål var endringane re-

elle, signifikante, og på eitt var endringane for små til å kallast signifikante.

200-årsjubileet for Ivar Aasen var grunnlaget for Språkåret. Kor mange har høyrte om ein person som levde og døydde på 1800-talet, og kva slags inntrykk har dei av han? Hausten 2012 hadde 96 % høyrte om Ivar Aasen. Hausten 2013 hadde 98 % høyrte om han. Det høge talet frå 2012 blei altså stadfesta og vel så det.

For eit år sidan hadde vel fem av ti eit svært godt eller ganske godt inntrykk av Ivar Aasen. I november 2013 svara seks av ti det same. Fleire meinte noko om han, og fleire hadde eit positivt bilete av han enn før Språkåret tok til. Hausten 2013 hadde berre 5 % eit dårleg inntrykk av han.

Dei siste tiåra er det stilt mange spørsmål om synet på norsk språkpolitikk. Stortinget vedtok alt i 1885 å jamstille dei to språka som i dag heiter bokmål og nynorsk. Merkeleg nok har ingen spurt om nordmenn meiner at bokmål og nynorsk framleis bør vere jamstilte, ikkje før no. Dette spørsmålet deler Noreg i to, og uvanleg mange meiner noko om saka. Fire av ti meiner nynorsk og bokmål skal bli verande jamstilte, og like mange er usamde i dette.

Berre ein av ti veit ikkje kva dei meiner om spørsmålet. Slik var det i 2012, og slik var det i 2013, men signifikant fleire tek stilling no enn før Språkåret.

I 2012 var 46 % heilt eller delvis einige i at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte språk, og 31 % svara at dei likte godt eller svært godt at Noreg blir meir fleirspråkleg. Dei tilsvarande tala i 2013 var 48 % og 34 %.

Spørjeundersøkingar seier aldri alt, heller ikkje om kor tolerante nordmenn faktisk er språkleg sett. Over tid har det kome mange meiningsmålingar om kulturell toleranse, og nokre om språkleg toleranse. Tendensen har vore at dei som er mest positive til at Noreg er eit land med to jamstilte norske språk, også er dei som er mest positive til nye kulturelle impulsar frå innvandrarakar.

Der er også ein skepsis, og den kom tydeleg fram i spørjeundersøkinga om Språkåret. Hausten 2013 likte ein av tre godt eller svært godt at Noreg blir eit meir fleirspråkleg samfunn, like mange verken likte eller mislikte det, og ein av tre likte det litt eller svært dårleg. Også her er det fleire som tek stilling no enn for eit år sidan, og dei som gjer det, fordeler seg ganske likt mellom for og mot.

Svara i undersøkingane tyder på at så mykje som 200 000 menneske kan ha skifta meining i eitt eller fleire av desse språkspørsmåla i 2013. Det er umogleg å bevise at det er Språkåret som er årsaka til desse meiningsendringane, og det er sannsynleg at fleire årsaker har gjort seg gjeldande. Endringane tyder iallfall på at Språkåret greidde å fange opp og spele på lag med andre endringsmekanisamar i samfunnet.



Biblioteka var særskilte viktige samarbeidspartnarar i Språkåret 2013. Moss bibliotek arrangerte sin første språkkafé 13.11.2013. Foto Moss bibliotek

Dobbelt så mange fekk kjennskap til Språkåret

To veker før Språkåret 2013 opna, hadde to av ti nordmenn høyrte om det. Då Språkåret 2013 blei avslutta, kjende fire av ti nordmenn til det. Er det godt nok?

I desember 2012 hadde 20 % høyrte om Språkåret 2013, 39 % i november 2013. Det var ei svært positiv utvikling, men var det godt nok? Kan Språkåret vere nøgd med at under halvparten av alle vaksne nordmenn hadde høyrte om Språkåret 2013 nokre dagar før det blir avslutta? Tala kan ikkje målast mot noko tidlegare kulturjubleum, men for merkevara Språkåret er det positivt at dobbelt så mange hadde fått med seg kva Språkåret var i 2013 enn i 2012.

Det var inga prioritert oppgåve for Språkåret å byggje merkevara. Innhald var det som gjaldt – skape engasjement, idear og reflek-

Språkåret 2013 har betydd en del for oss i Taternes landsforening, som jobber aktivt med å bevare Romani språket. Det har bidratt til at vårt romanispråk har kommet mer i fokus. Det har ført til at vi har blitt spurt om å delta på flere seminarer og deltatt på mange oppdrag på skoler og i barnehager. Dette har betydd mye for Taternes Landsforening sitt arbeid.



Anna Gustavsen og Mariann Grønnerud,
Taternes Landsforening

Tabell 1
Kjennskap til Språkåret 2013

Telefonintervju med 1003 personar (2012) og 1010 personar (2013).

Prosent

	2012		2013	
	Ja	Nei	Ja	Nei
Totalt	22	77	39	60
Kjønn				
Menn	20	80	35	65
Kvinner	25	75	44	55
Alder				
15-24 år	15	85	21	78
25-39 år	18	82	36	64
40-59 år	20	80	38	61
60 år eller meir	33	66	55	44
Utdanning				
Grunnskule	24	76	29	68
Vidaregåande	16	84	33	67
Høgare utdanning, lågare grad	22	77	43	56
Høgare utdanning, høgare grad	29	70	48	51
Husstandsinntekt				
Under 400 000	19	80	42	56
400 000 – 799 000	24	75	47	52
800 000 eller meir	22	78	38	61
Landsdel				
Oslo	19	79	37	62
Austlandet elles	21	79	35	63
Vestlandet	19	81	42	58
Møre og Romsdal og Trøndelag	35	65	44	56
Nord-Noreg	21	79	48	52

Spørsmål «I 2013 er det 200 år siden språkforskaren og dikteren Ivar Aasen ble født. Regjeringen har bestemt at dtete skal markeres med et nasjonalt språkår som feirer alt språk i Norge. Har du hørt om Språkåret 2013?»

sjonar om språk. Kommunikasjonsbudsjettet var lågt, men ikkje lågare enn dei kulturjubilea det har vore mogleg å jamføre med. Språkåret 2013 skulle vere året som aldri sluttar, og i det ligg det eit ønske om å vidareføre innhaldet i året, ikkje å vidareføre Språkåret 2013 som organisasjon.

Truleg har mange vore med på prosjekt som har oppstått i og på grunn av Språkåret, utan at dei veit at 2013 har vore Språkåret. Dialektutgåva av Fredriksstad Blad 6.3.2013 skapte eit sterkt og positivt engasjement både lokalt og nasjonalt. Bakgrunnen for dialektutgåva var dialektfestivalen Prekæs på Litteraturhuset i Fredrikstad. Den festivalen kom i stand på grunn av Språkåret og fekk økonomisk støtte frå Språkåret. Dei færraste som koste seg med Fredriksstad Blad denne dagen, visste nok at det var Språkåret 2013. Eit meir ope spørsmål som tok med nemningar som jubileumsåret og Aasen-året, ville nok gitt endå høgare ja-prosent.

Ei sterkare merkevarebygging kunne nok ha gitt eit endå breiare engasjement på arrangørsida. Særleg i eit år med fleire nasjonale jubileum kan det hende at Språkåret 2013 ville tent på å bruke meir av midlane på marknadsføring. Då kunne Språkåret lettare ha nådd fram i media, og Språkåret kunne ha fått gjennomslag for samarbeid med fleire nasjonale kulturinstitusjonar og store aktørar i frivillig og privat sektor. Då måtte profilprogram og nettstad ha vore på plass tidlegare, og meir av budsjett og stillingsdelar ha vore knytt til kommunikasjonsarbeid.

Det var eit medvite val å bruke mest mogleg av midlane til innhald. At fire av ti har høyrte om Språkåret 2013, er bra. I realiteten var det nok fleire som deltok, som kjende at dei blei stolte av dialekten si, lærte noko om eit minoritetsspråk dei ikkje kjende til eller hadde ein diskusjon om språk. Engasjementet som oppstod er viktigare enn statistikken, og det er det som seier oss om året hadde ein effekt.

3.2 Aktivitet over heile landet – året gjennom

I Språkåret 2013 blei det gjennomført 3320 arrangement i 2013 (tabell 2). Dette var det vi fekk registrert – vi reknar med at der var meir. Dei mange innleiande møta i 2011 og 2012 er ikkje rekna med i talet.

Som tabellen viser, var det språkårsarrangement jamt heile året. Framsyningar av barnefilmen *Ernest og Celestine* er av tekniske grunnar rekna med i premieremånaden juni. Utanom dette var det i gjennomsnitt 140 arrangement per månad. September og oktober skilde seg mest ut, av fleire grunnar. I september var det Demokratisk vorspiel, teaterturnear og forskingsdagar. Oktober var månaden for 100-årsjubileet til Det Norske Teatret, andre runde av Demokratisk vorspiel og ein del større teaterturnear.

Publikumstalet auka jamt gjennom heile året, frå 4000 i januar til over 28 000 i oktober. På vårparten er publikumstalet ein god del lågare enn utover hausten. Mange av dei større arrangementa var lagde til hausten, til dømes 200-årsfesten 5.8., Demokratisk vorspiel, 100-årsjubileet til Det Norske Teatret, basisarrangementet i Tromsø og fleire større teaterturnear. Dessutan var Språkåret 2013 blitt meir kjent og trekte difor meir publikum til arrangementa.

Språkåret dekte heile landet, både i innhald og aktivitet. Nær halvparten av arrangementa blei gjennomførte på Vestlandet, og kvart tredje arrangement blei avvikla på Austlandet (tabell 3). Berre eit tidlegare jubileum har lagt fram informasjon om geografisk spreing som gjer jamføring mogleg. Ivar Aasen-året 1996 gjennomførte 1015 arrangement, og mønsteret i Språkåret minner mykje om Aasen-året. Då var 49 % av arrangementa på Vestlandet og 29 % på Austlandet. Også for dei andre landsdelane er prosenttala ganske like i 1996 og 2013. Språkåret hadde ein heilt annan profil og strategi enn Ivar Aasen-året, men plasserte seg altså på liknande vis geografisk. Oslo var likevel mykje viktigare i Språkåret 2013 enn i Ivar Aasen-året 1996.

Tabell 2
Arrangement og gjester per månad 2013

Absolutte tal

	Arrangement	Gjester
Januar	86	4138
Februar	168	9158
Mars	157	10152
April	147	8536
Mai	73	3856
Juni	1739	27220
Juli	88	8745
August	111	7795
September	257	24351
Oktober	293	28466
November	150	15478
Desember	51	946
Sum	3320	148841


↑ 1637 framsyningar av filmen *Ernest og Celestine* er rekna med i juni av di speleplan manglar

Tabell 3
Arrangement etter landsdel 2013

Med kjend arrangementsstad

	Tal	Prosent
Austlandet	543	33,2
Sørlandet	71	4,3
Vestlandet	786	48,0
Trøndelag	71	4,3
Nord-Noreg	165	10,1
Sum	1636	

Figur 1
Stader med arrangement i Språkåret 2013



3.3 Arena for minoritetsspråk-miljø

I mandatet frå Kulturdepartementet fekk Språkåret 2013 blant anna i oppdrag å «få fram meir kunnskap om, og skape større respekt for urfolksspråk, minoritetsspråk, innvandrarspråk og teiknspråk».

Det blei arbeidd målretta inn mot minoritetsspråkmiljøa, og alt gjennom utviklingsprosjektet blei mange organisasjonar involverte i og informerte om Språkåret 2013. Desse organisasjonane skil seg i både profesjonalisering og organisasjonsstruktur, og det stilte krav til kommunikasjonen, men etter kvart blei det god kontakt og handfast samarbeid.

Det første arrangementet i Språkåret 2013 som samla deltakarar frå dei fleste minoritetsspråkmiljøa i Noreg, var Språkårsforum i mai (sjå kap. 5.4). Der kom det tydeleg fram ønske om eit eige minoritetsspråkforum. Språkåret arrangerte difor ein eigen minoritetsspråkdag i oktober 2013 saman med Språkrådet (sjå kap. 8.8).

For å styrkje minoritetsspråka si stilling i samfunnet er det avgjerande at språka blir brukte. Dei viktigaste meldingane frå minoritetsspråkmiljøa til sekretariatet kan samlast i desse fem punkta:

1. Det trengst fleire morsmålslærarar og meir læremateriell for minoritetsspråk, og språkopplæringa bør ta til tidleg – helst i barnehagen
2. Det trengst meir samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei ulike organisasjonane, og minoritetsspråkdagen bør difor bli ei årleg hending
3. Det er ein del usemje i miljøet om opphavet til romani
4. Språkåret 2013 har gitt mange minoritetsspråksbrukarar ei kjensle av at språket deira er viktig
5. Minoritetsspråka er truga, og det må arbeidast endå meir målretta på fleire nivå for å styrkje dei

I Språkåret 2013 ble Kveeninuoret / Kvensk ungdomsnettverk involvert til mange ulike arrangement. Folk var interessert, de ville høre om kvener og om språket vårt. Kvener og kvensk språk ble tatt seriøst, ikke som noe rart og eksotisk. Vi ble en del av et større fellesskap, det flerspråklige Norge. Det vi husker best fra 2013 er den flerspråklige teaterworkshopen «Kuka mie olen / Hvem er jeg» sammen med karelsk ungdom. Vi fikk oppleve at flerspråklighet er en viktig ressurs.



Katriina Pedersen, styremedlem

Kveeninuoret / Kvensk ungdomsnettverk

3.4 Tiltak for born og unge

Born og unge var ei viktig målgruppe for Språkåret som for andre kulturjubileum. Som oftast er det skulen som er kanalen inn til denne gruppa, men Språkåret prøvde andre verkemiddel for å nå fram.

Nasjonale jubileum har gjerne laga eigne undervisningsopplegg som passa med læreplanen på ulike alderssteg. Ein veit ikkje kva effekt lærarrettleiingar har; om dei når fram til enkeltlærarane, om dei blir brukte og om dette er noko som lett kan integrerast i ein timeplan som er stram nok frå før. Det var verken tid eller budsjett til å utvikle eigne lærarrettleiingar i tide til at dei kunne bli tekne ordentleg i bruk i Språkåret.

Den kulturelle skulesekken er også eit godt bindeledd mellom skulen og kulturaktørar. Å få til eit samarbeid med Skulesekken krev langsiktig planlegging og kontakt med svært mange fylkeskommunar på eit tidleg tidspunkt, og ulik organisering frå fylke til fylke gjer dette svært arbeidskrevjande. Innsalet av elevprogram må gjerast minst eit halvår før skuleåret tek til, ofte også året før. Slike program måtte dermed ha vore sette i gang før budsjett og sekretariat var på plass. før skuleåret startar, og også før sekretariatet til Språkåret 2013 og endeleg løyving var på plass. Likevel blei det gjennomført mange elevprogram i Den kulturelle skulesekken med tilknytning til Språkåret. Særleg Hamsunsenteret og Ivar Aasen-tunet gjorde mykje her på eige initiativ.

I staden prøvde sekretariatet å finne

Den fransk-belgiske animasjonsfilmen *Ernest og Celestine* av Stéphane Aubier, Vincent Patar og Benjamin Renner blei kåra til den beste filmen av ein barnejury under Tromsø Internasjonale Filmfestival i juni. Filmen byggjer på ein serie bøker av den belgiske forfattaren og illustratøren Gabrielle Vincent, blei dubba til norske dialektar og vist over 1600 gonger i Språkåret.



alternative måtar å nå fram til born og unge på. Løysinga var å bli med på samarbeidsprosjekt som både kunne nå mange og ha effekt også etter 2013. Tre viktige tiltak var dubbing av ein animasjonsfilm, fagdag om lesing og fleispråkleg forteljing og tospråkleg forteljarstund. I tillegg blei tiltak som kunne stimulere born og unge, prioriterte gjennom støtteordninga for lokale tiltak.

Dubbing av animasjonsfilmen *Ernest og Celestine*

Barnefilmfestivalen «Verdens beste» blei arrangert for første gong i mai 2013 av Tromsø Internasjonale Filmfestival. Festivalen tok tidleg kontakt med Språkåret 2013 for å diskutere samarbeid om dubbing av opningsfilmen. Planen var at filmen skulle ha premiere i Tromsø og deretter bli vist som kinofilm på vanleg måte.

For Språkåret var dette ein sjanse til å syne fram språkleg mangfald til mange gjennom nye kanalar og til å framheve språkleg mangfald i film og fjernsynsprogram for barn og unge. Språkåret løyvde 100 000 til prosjektet etter avtale om at den norske dubben skulle spegle det språklege mangfaldet i Noreg, at hovudpersonen skulle snakke nordnorsk, og at ulike norske dialektar og helst også norsk som andrespråk skulle bli brukt i resten av filmen.

Saman med distributøren arthaus valde

festivalen den fransk-belgiske animasjonsfilmen *Ernest og Celestine* frå 2012 som opningsfilm 29.5.2013. Hovudrollene i filmen er dubba til nordnorsk og austnorsk dialekt, og dialektar frå heile landet er brukte i filmen. Då Verdens beste lanserte opningsfilmen, fekk samarbeidet med Språkåret mykje merksemd og språkleg mangfald i barnekultur blei sett på dagsorden. Ein barnejury på festivalen kåra *Ernest og Celestine* til beste film.

Filmen hadde kinopremiere 21.6.2013 og fekk gode kritikkar. Fleire kritikkarar trekte fram den gode norske dubben. Ved utgangen av 2013 hadde nesten 13 000 personar over heile landet sett filmen på kino, og i desember 2013 kom filmen i dubba utgåve på dvd.

Stig Henrik Hoff og Kaia Varjord gir stemmer til *Ernest og Celestine*. Ellers høres hele spekteret av norske dialekter. Dubbingen er med andre ord like mangfoldig og uklanderlig gjennomført som filmen. Jeg sier bare: takk og amen.



Britt Sørensen, Bergens Tidende (terningkast 6)

Fagdag om fleispråkleg forteljing

Barnehagen er ein viktig arena for språkopp- læring, og i dei aller fleste barnehagar går born

som har eit anna morsmål enn norsk. For å få fram verdien av det fleirspråklege laga Språkåret ein fagdag om den fleirspråklege forteljninga sin plass i språkopplæringa. Fagdagen blei arrangert som eit halvdagsseminar på Lørenskog bibliotek 12.4.2013 saman med Høgskolen i Oslo og Akershus, Fortellerhuset i Oslo, Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring og Tema Morsmål. Dette blei kombinert med tospråkleg forteljarstund for barnehageborn same dagen.

Om lag 30 ulike institusjonar var representerte. I teorien nådde Språkåret fram til fleire hundre barnehage- og skuleborn gjennom kursdagen, og tilbakemeldingane frå deltakarane viser at mange fekk med seg praktiske tips til korleis dei kan integrere det fleirspråklege i det daglege pedagogiske arbeidet.

Fagdagen var for pedagogisk tilsette i barnehagar og småskulen i Oslo og alle kommunane i Akershus, og bibliotekarar med språk som arbeidsfelt. Det fleirspråklege bibliotek var også til stades og presenterte eit utval av det fleirspråklege materialet sitt. Invitasjon blei sendt direkte til private og kommunale barnehagar og til ansvarlege for barnehage i dei ulike bydelane i Oslo, og til kommunane i Akershus.

I samarbeid med Fortellerhuset i Oslo inviterte Språkåret barnehagar i nærmiljøet til Lørenskog bibliotek til tospråkleg forteljarstund på biblioteket same dagen. Barnehageborna fekk høyre eventyr på tamil, farsi, somalisk og norsk. Borna med eit anna morsmål enn norsk tykte det var fint å høyre eventyr på sitt eige språk. Ikkje minst var det ekstra stas då dei kjende igjen språket sitt.

Tilbakemeldingane var gode for begge delane av arrangementet.

Tilskot til prosjekt for barn og unge

Gjennom støtteordninga for lokale tiltak delte Språkåret 2013 ut midlar til ei rekkje tiltak for born og unge. I retningslinjene for støtteordning stod det då også at desse målgruppene ville bli prioriterte.

I tillegg til *Ernest og Celestine* fekk åtte prosjekt retta mot barn og ungdom støtte. Pengane gjekk til aktivitetar på skuler, bibliotek og til prosjektet Ordlaboratorium, ein svært populær aktivitet på Hamsunsenteret i Nordland som i Språkåret blei utvikla til ei omreisande framsyning for småskulen, i samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

3.5 Eit heilt år med ny og meir kunnskap

Språkåret blei ein katalysator for utvikling av meir og ny kunnskap om språk. Det kom ut 12 bøker og skrifter, tre temanummer av periodiske publikasjonar, og mengder av artiklar, kronikkar og reportasjar, programseriar og enkeltprogram i radio og tv, og det blei arrangert ei rekkje seminar og konferansar. Alt dette gav kvar på sine måte lesarane og brukarane ny og meir kunnskap om språk generelt og språk i Noreg spesielt.

I prosjektplanen gav kap. 2 eit oppdatert oversyn over norsk språk og språk i Noreg. Til prosjektplanen blei det også for første gong dokumentert at norske skular i åra 2001–2012 hadde hatt elevar med om lag 200 ulike morsmål.

Utover i 2013 kom mykje ny kunnskap fram, både i form av bøker, tv- og radioprogram, og tidsskrift- og avisartiklar (sjå kap. 8.10–8.12).

Hamsunsenteret takkar Språkåret 2013 som gjorde denne heidundrande språkturneen muleg. Ordlaboratoriet kjem til å reise ut til nye barn og vaksne i 2014.



Kirsti Thorheim,
Hamsunsenteret

4 Bakgrunn

Frå den første, lause ideen strekte arbeidet med Språkåret seg over 11 år. Etter idéfase 2003–2009 og utviklingsprosjekt 2011 kom etableringsfasen i 2012, gjennomføringsfasen i 2013 og avviklinga vinteren 2014. Regjeringa Stoltenberg gav Nynorsk kultursentrum i oppdrag å utvikle og organisere Språkåret. Dei ideane som blei forma tidleg i arbeidet, prega i stor grad også gjennomføringa og resultatet. Det gjekk sju år frå idé til første løyving, og frå då av gjekk alt fort.

4.1 Idéfase 2003–2009

Etter innspel frå Nynorsk kultursentrum gjekk regjeringa Bondevik II i kulturmeldinga i 2003 inn for «eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen» fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013. Eit breitt stortingsfleirtal slutta seg til dette våren 2004.

2013 blei første gongen drøfta på eit styre-seminar i Nynorsk kultursentrum hausten 2000. Konklusjonen var at 200-årsjubileet skulle bli noko anna enn Ivar Aasen-året 1996. Det var brei semje om at den store nasjonale markeringa av hundreårsminnet for Ivar Aasens død i 1996 hadde vore svært vellykka og sett ein ny standard for slike kulturjubileum. I staden for å repetere ein slik suksess, med dei farane det inneber, ville ein gjere noko anna og noko større, men kva?

Svaret kom vinteren 2008.

Like sidan 2003 hadde styre og råd i Nynorsk kultursentrum drøfta ei rekkje saker under overskrifta «Perspektiv 2013». Ideen om at 2013 skulle vere Språkåret, blei forma

vinteren 2007 og blir handfast gjennom eit positivt grunnvedtak i styret mars 2007. Våren 2008 slutta rådet i Nynorsk kultursentrum seg samrøystes til dette. Få veker seinare prioriterte eit samla Nynorsk Forum Språkåret 2013 som det viktigaste nye nynorsktiltaket nett-opp fordi det var eit tiltak som gjekk langt ut over det nynorske. Frå hausten 2009 kom også Det Norske Teatret aktivt med i prosjektet; hundreårsjubileet deira hadde lenge vore ein del av prosjektgrunnlaget.

Nynorsk kultursentrum presenterte ideen for kulturkomiteen i Stortinget i 2008 og for ein ny kulturkomité etter stortingsvalet 2009. Både for 2009 og 2010 søkte vi om utviklingsmidlar som ein del av dei årlege søknadene om statstilskot, i første omgang utan utteljing.

Hausten 2010 tok statsråd Anniken Huitfeldt eit initiativ og løyvde utviklingsmidlar.

4.2 Oppdrag frå regjeringa Stoltenberg 2010

Regjeringa Stoltenberg løyvde i november 2010 700 000 kroner i utviklingsmidlar til



Frå kabareten *Ein god dag kjem aldri for tidleg*, premiere i Bergen 7.9.2013. Foto Dag Jenssen.

Nynorsk kultursentrum. Samstundes la regjeringa premissar for retning og prioritering, fullt ut i tråd med innspel frå Nynorsk kultursentrum på førehand.

«Språkåret skal ta utgangspunkt i at det i 2013 er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret vart opna. Det bør vera eit overordna mål at Språkåret 2013 skal bidra til å skapa større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept og respekt for den språkdelte norske kulturen i alle lag av folket. Tiltaket bør likevel ha eit vidare siktemål enn det nynorske; det bør handla både om norsk språk generelt og om språk i Noreg. Dermed vil Språkåret 2013 få eit meir heilskapleg innhald, i tråd med perspektivet og rammene for den nye språkpolitikken som er skissert i språkmeldinga frå regjeringa. Dette betyr at Språkåret 2013 bør handla om både bokmål og nynorsk, teiknspråk, urfolksspråk, minoritetsspråk og innvandrarspråk. Det bør også vera eit mål å gje Språkåret eit internasjonalt tilsnitt og slik sjå den norske språksituasjonen i eit større, samanliknande perspektiv.»

4.3 Utviklingsprosjekt 2011–2012

Løyvinga gjorde det mogleg å etablere eit eige utviklingsprosjekt. Saka var blitt så grundig utgreidd gjennom interne notat i fleire år at eit innleiande forprosjekt ville vere bortkasta tid.

Styret i Nynorsk kultursentrum svara for utviklingsprosjektet.

Etter utlysing blei Jens Kihl tilsett som prosjektleiari i 50 %-stilling frå 1.6.2011 og i full stilling 1.8.2011–1.2.2012. Hovudoppgåvene for prosjektleiaren var å utvikle prosjektplan og prosjektbudsjett for Språkåret 2013 innanfor

Vi startet planleggingen i samarbeid med Moss Frivilligsentral og Moss voks (voksenopplæring i Moss), og 13. november arrangerte vi vår første språkkafé. Den er nå i full gang, arrangeres hver uke i biblioteket med over 30 deltakere fra ulike land og 10-2 frivillige hver gang. I tillegg har leder av Moss Frivilligsentral tatt ansvaret for organiseringen. Et svært vellykket prosjekt som fortsetter ukentlig i 2014.



Moss folkebibliotek

1813 abkhasisk adouma adja adygeisk afrikaans aizi akan (twi) albansk amharisk arabisk armensk aseri-tyrkisk assyrisk azerbajdsjansk bahasa Indonesia balutsji bamileke bariba basiri basjkirsk bamba bengali berbersk bhoipuri bissa bokmål bosnisk bulgarsk burmesisk cebuano chichewa crioulo dansk darginsk dari diola djerma dzongkha enaresamisk engelsk eshita estisk ewe fang filippinsk finsk flamsk fransk fular ferøysk ga-dangbe galisisk gbandi georgisk gola grebo gresk grønlands gujarati haitisk hakka hausa hebraisk hindi iban ibo ilocano ingusjisk irsk gælisk islandsk italiensk **Ivar Aasen** japansk kabardinsk kabre kachi kannada kantonesisk kanuri karakalpakisk karelsk karen kasakhisk kashmirsk khasi khmer khoekhoe kikongo kikuyu kimbundu kinesisk nyarwanda kirgisisk kirundi kongo konkani kono koreansk kpelle krah

lingala litauisk livisk loma luganda lulesamisk luo adagassisk makedonsk malawi malayalam malayisk maldivisk maltesisk mande mandingo marathi mende mëankieli min moldavisk mongolsk moru nederlandsk nepali nilotisk nordsamisk nyanja **nynorsk** oriya oromo ovambo pahari pashto persisk pitesamisk polsk portugisisk punjabi romani romansch rumensk russisk sango sanskrit sao sarakole senoufo serbisk serer setswana shona sindhi singalesisk skoltesamisk slovakisk slovensk somalisk spansk suno susu svensk swahili sørsamisk tadsjikisk tamasjek tamil tatarisk teiknspråk telugu tem temne thai thonga tibetansk tigré tigrinja tonga tsjekkisk tsjetsjensk tsonga turkmensk tuvinsk tyrkisk tysk ujugurisk ukrainsk umbundu umesamisk ungarsk urdu usbekisk vietnamesisk wolof yoruba zulu **2013**

Framsidemotivet på prosjektplanen 1.2.2012: Namna på alle dei 200 språka som var morsmål for elevar i den norske grunnskulen 2001–2012, med signaturen av Ivar Aasen som diskret bakgrunn.

dei rammene som tildelingsbrev frå Kulturdepartementet, styrevedtak i Nynorsk kultursentrum, arbeidsbudsjetten for utviklingsprosjektet og mandat for styringsgruppa utgjorde. Arbeidet blei utført i nært samspel med styringsgruppa som prosjektleiar var sekretær for.

Dei fastsette fristane i utviklingsprosjektet blei haldne.

4.4 Styringsgruppe

Styret i Nynorsk kultursentrum oppnemnde 23.3.2011 ei styringsgruppe for Språkåret 2013. Styringsgruppa var eit rådgivande organ og arbeidde etter dette mandatet:

1. Planleggje strategisk i samsvar med plattformen frå regjeringa Stoltenberg II
2. Gi råd om korleis Språkåret 2013 kan

vidareutvikle forfattar- og kulturjubileum og samordne tiltak med andre nasjonale og lokale markeringar i 2013

3. Føreslå tiltak, vurdere framlegg til prosjektplan og -budsjetten og tilrå endeleg prosjektplan og -budsjetten
4. Bidra med breie språk- og kulturfaglege vurderingar
5. Vere dørøpnar til enkeltpersonar, fagmiljø, institusjonar og organisasjonar i inn- og utland

Styringsgruppa var samansett slik:

- Leiar Grete Riise, seniorrådgivar Fylkesmannen i Hordaland
- Bodil Aurstad, språkkordinator Nordisk ministerråd
- Ola E. Bø, dramaturg Det Norske Teatret

- Torbjørn Røe Isaksen, stortingsrepresentant
- Camara Joof, musikar
- Aili Keskitalo, leiar Norske Samers Riksforbund
- Janne-Kristin Svarstad Nygård, leiar Norsk Målungdom
- Vigdis Moe Skarstein, nasjonalbibliotekar Nasjonalbiblioteket
- Arnfinn Muruvik Vonen, direktør Språkrådet

Oppnemningane var personlege.

4.5 Prosjektplan 1.2.2012

Styringsgruppa leverte si tilråding i form av eit samrøystes framlegg til ein prosjektplan til styret 14.1.2012. Planen var forma på grunnlag av kontakt med om lag 70 aktuelle aktørar og drøftingar i styringsgruppa. Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok den endelege prosjektplanen med budsjett 27.1.2012. Dokumentet var på 100 sider, og samandraget er vedlegg 2 til denne rapporten.

Prosjektplanen blei levert til Kulturdepartementet 31.1.2012 og offentleggjort dagen etter. Den formelle budsjettsøknaden blei send 15.2.2012 og i oppdatert versjon 2.7.2012. Prosjektplanen inneheldt analyser av språksituasjonen i Noreg, bakgrunn for prosjektet, framlegg til organisering og budsjett, og konkrete idear og prosjekt under planlegging. Styret hadde prioritert nokre prosjekt høgare enn andre, om dei statlege løyvingane skulle bli mindre enn prosjektplanen tok høgd for.

I tillegg til å planleggje Språkåret 2013 dokumenterte og oppsummerte prosjektplanen utviklingsprosjektet.

Til prosjektplanen formulerte medlemene i styringsgruppa kva dei venta seg av Språkåret. Desse utgjer vedlegg 6 i rapporten.

Planen fungerte som eit arbeidsverktøy når sekretariatet sette i gang sitt arbeid, og var gjennom heile prosjektperioden eit korrektiv til om prosjektet var i rute etter oppdraget. Dokumentet var skriva for eit eksternt publikum, og etter kvart som sekretariatet arbeidde

seg inn i prosjektet, blei det behov for meir informasjon med fleire detaljar enn det ein kunne finne i planen.

Mange idear var tenkte og mange møte med potensielle samarbeidspartar var gjennomført i løpet av utviklingsprosjektet. Når sekretariatet for Språkåret 2013 skulle setje i gang med gjennomføringa, viste det seg at det var mange gode intensjonar og planar presentert i prosjektplanen, men at det ikkje alltid var lagt eit like godt fundament for vidare arbeid og oppfølging av desse planane. I dei fleste tilfella blei sekretariatet møtt med engasjement og velvilje når dei tok opp att kontakten, og prosjekta blei grundigare planlagt og gjennomført. Andre gongar måtte gode idear vike på grunn av at dei hadde stagnert etter idéfasen. I dei fleste tilfella greidde sekretariatet å få på plass andre gjennomføringsdyktige prosjekt.

Det at mange prosjekt stagnerte, eller stoppa opp på planleggingsstadiet hadde truleg samanheng med at det tok om lag seks månader frå prosjektleiaren for utviklingsprosjektet slutta til ny prosjektleiar starta i jobben. I og med at det ikkje var ei overlapping mellom den personen som hadde hatt kontakt med dei aller fleste som var omtalt i prosjektplanen, og den nye prosjektleiaren, burde det også blitt overlevert eit meir detaljert dokument til internt bruk om stoda i dei ulike prosjekta.

Prosjektplanen har vore positiv for Språkåret 2013, sidan han har gitt tydelege signal om ambisjonsnivået til prosjektet, både internt og eksternt. Han har også gitt arbeidet ei tydeleg retning. Prosjektplanen mangla ein tydeleg strategi og tydelege idear for korleis Språkåret skulle bli eit bokmålsår, noko også resultatet av året viste.

Prosjektplanen blei oppdatert med ny utgåve 10.8.2012. Denne blei levert til Kulturdepartementet få dagar seinare, og alle samarbeidspartar fekk tilgjenge til digital versjon gjennom «Nytt frå Språkåret» to veker seinare.

5 Organisering

Språkåret blei organisert som eit billig og effektivt prosjekt på sjølvstendig grunnlag, men med målretta bruk av røynslar og system frå Nynorsk kultursentrum, som forvalta prosjektet. Eit sekretariat med tre tilsette samordna og organiserte det heile på grunnlag av ein prosjektplan som låg føre 1.2.2012.

5.1 Eit sjølvstendig tiltak

Språkåret 2013 har vore organisert som eit sjølvstendig prosjekt, forvalta av Nynorsk kultursentrum som arbeidsgivar, men skilt frå den ordinære verksemda. Språkåret hadde eige prosjektbudsjett og rekneskap, eigesekretariat, eigen nettstad og eigen grafisk profil.

Administrasjonen i Nynorsk kultursentrum etablerte eigen arkivnøkkel og postjournal for Språkåret, og assisterte i arbeidet med å forme standardavtalar, søknads- og rapporteringsskjema, og andre nødvendig rutinar (sjå kap. 11.2).

5.2 Styre

I tråd med tilrådinga frå styringsgruppa og oppdraget frå regjeringa Stoltenberg var styret i Nynorsk kultursentrum også styre for Språkåret 2013. Nynorsk kultursentrum hadde hatt ansvaret for utviklinga av ideen og planane, og kunne som etablert institusjon ivareta og følgje opp språkårstiltak etter at sekretariatet i Språkåret 2013 er oppløyst.

I åra 2010–2013 var styret sett saman slik:

- Reidar Sandal, leiar
- Sigrun Høgetveit Berg, nestleiar
- Bente La Force

- Georg Arnestad
- Margit Walsø (til 31.12.2011)
- Jon Østbø (frå 1.1.2012)
- Grete Riise
- Åshild Widerøe (til 1.11.2012)
- Anders Aanes (frå 1.11.2012)

Direktør Ottar Grepstad var heile tida sekretær for styret.

5.3 Overgangsfase februar–juni 2012

Dei fem månadene etter at prosjektplanen var lagd fram, blei brukte til å etablere prosjektorganisasjon, sikre finansiering og følgje opp kritiske og prioriterte tiltak i prosjektplanen. Dette arbeidet stod administrasjonen i Nynorsk kultursentrum for.

Prioriterte oppgåver var bokmålsmarkeringar, tiltak for og frå miljø med historiske minoritetsspråk, norsk teiknspråk og nye innvandrarspråk, grunnlag for basisarrangementet verdskonferanse i Tromsø, og kontakt med institusjonar som Norsk kulturråd og NRK. I tillegg følgde vi opp nokre nynorskaktørar som måtte involverast sterkare i prosjektet, og ei rekkje aktørar i ulike språkmiljø, medrekna Beavivváš Sámi Nášunalteahter, Nordic Black



«Demokratiets grunnlag er at menneske deltek. Skal ein delta, må ein forstå. Og for å forstå må ein meistra språket», sa statsråd Hadia Tajik då ho opna Språkåret 2013 i Kristiansand 2.1.2013. Foto Det Norske Teatret.

Theatre og Sametinget.

Det blei halde om lag 20 møte med ei rekke aktørar, mellom anna på ei kontaktreise i Troms og Finnmark våren 2012. Administrasjonen engasjerte også Gunhild Berge Stang til å utgreie ein operativ strategi for lokal og nasjonal mobilisering både regionalt nivå i offentleg sektor og i det frivillige kultur- og organisasjonslivet. Dette notatet blei levert 30.7.2012.

5.4 Sekretariat

Etter utviklingsprosjektet arbeidde eigne medarbeidarar på heiltid med Språkåret frå slutten av juni 2012. Sekretariatet heldt til i eigen bygning i Ivar Aasen-tunet og hadde frå november 2012 tre tilsette:

- Inger Johanne Sæterbakk, prosjektleiar 29.6.2012–28.2.2014
 - Bente Lothe Eldholm, prosjektsekretær 1.9.2012–28.2.2014
 - Jannicke Velsvik, produsent 5.11.2012–28.2.2014
- Den første stillinga blei lyst ut 8.2., den

siste 10.8.2012, og vi fekk i alt 28 søkjarar frå tre land.

Prosjektleiaren leidde arbeidet med å utvikle, gjennomføre og avslutte Språkåret 2013 på grunnlag av prosjektplanen og andre styringsdokument. Dette femnde særleg om å planleggje og konkretisere programpostar og tiltak, følgje opp samarbeidspartnarar, skaffe nødvendig finansiering, gjennomføre planar innanfor fastsett budsjett og rapportere om rekneskap, forvalte personalansvar for medarbeidarar, organisere verksemda i tråd med administrative rutinar, lage og følgje opp kommunikasjonsplan, og elles drive fram prosjektet innanfor dei rammene og retningslinjene som var gitt av styre og direktør. Prosjektleiar-en rapporterte til direktøren.

Produsenten følgde opp basisarrangementa, samordna og følgde opp samarbeidspartnarar og lokale arrangørar i planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av arrangement, med særleg ansvar for arrangement i regi av dei ulike språkmiljøa. Produsenten arbeidde særskilt med tiltak for minoritets-

Det som står igjen etter Språkåret, er at det har vore ein fantastisk dugnadsinnsats, der bidragsytarane har stilt opp meir eller mindre gratis. Ein og annan bokmålsbrukar har teke kontakt i løpet av året og takka for å ha fått ei betre forståing for tospråkssituasjonen. Språkåret skulle bli ei «ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald». Ein må kunne seie at det blei det. Og mange av tilskodarane blei til deltakarar på ulike arrangement og i avisdebattar.



Jens Haugan, leiar
Hamar dialekt- og mållag

språka i Noreg. Produsenten rapporterte til prosjektleiaren.

Prosjektsekretæren heldt den daglege kontordrifta i godt gjenge med sentralbord, postjournal og saksarkiv, ordna fakturaer og utbetalningar, og følgde opp avtalar med eksterne samarbeidspartnarar. Ho dokumenterte og registrerte aktiviteten i arrangementskalenderen, samla alle presseklipp og assisterte i arbeidet med publisering på nettstaden.

Prosjektleiaren budde i Oslo, hadde til tider eigen kontorplass der og pendla til Ivar Aasen-tunet med jamne mellomrom. Det var nyttig og viktig å ha mykje tid i Oslo for å kunne følgje opp samarbeidspartnarane der, både formelt og uformelt. Likevel var det ikkje ideelt at sekretariatet ikkje har sete samla. Dette blei løyst med jamlege møte via Skype i tillegg til ordinære stabsmøte.

Dei tilsette hadde møte med svært mange aktørar, arrangørar og samarbeidspartnarar ulike stader i landet. Denne verksemda er uråd å talfeste.

Medrekna utviklingsprosjektet utførte tilsette medarbeidarar 5,3 årsverk. Bruken av overtid var uventa nok minimal, men ei langtidssjukmelding gjorde at sjukefråværet ved utgangen av 2013 var på 4,1 %.

5.5 Språkårsforum

For å leggje til rette for erfaringsutveksling og for å fremje samarbeid mellom arrangørar, organisasjonar, institusjonar og andre språk-

interesserte inviterte Språkåret til *Språkårsforum* i Oslo to gonger – 14.5. og 13.11.2013. Til saman var 49 personar med på desse to møta.

Dette var ein møteplass der aktørar var velkomne til å kome med innspel til det vidare arbeidet. Her møttest heile breidda av språkmiljø og kunne utvikle kontakt vidare.

I det første Språkårsforum la vi særleg til rette for samarbeid og erfaringsutveksling mellom ulike språkorganisasjonar, og vi inviterte til å drøfte bokmålsretta tiltak. Erfaringsutvekslinga om gjennomførte tiltak i ulike delar av landet som kunne vere til nytte og inspirere andre, var svært vellykka. Innspel og idear kom, men drøftinga av bokmåltiltak viste også det vi alt hadde merka, at det var vanskeleg å finne dei store, gode prosjekta og forme dei handfaste ideane.

I det andre språkårsforumet la vi særleg vekt på å drøfte kva tiltak som burde førast vidare etter 2013, og kva det var viktig å få fram i årsrapporten. Denne gongen var dei fleste deltakarane frå minoritetsorganisasjonar. Den tydelege meldinga var at Språkåret 2013 hadde inspirert mange organisasjonar til å arbeide meir målretta og systematisk med språk enn før, at Språkåret 2013 hadde skapt arenaer der dei tidlegare ikkje hadde kjent seg heime, og at dei sette pris på å bli invitert inn i ein språkleg fellesskap.

5.6 Samspel med andre nasjonale jubileum

2013 var eit år med fleire store nasjonale jubileum enn Språkåret 2013, som Stemmrettsjubileet 1913–2013 og Munch i 150. I utviklingsprosjektet blei det oppretta kontakt med sekretariatet for Stemmerettsjubileet, og ulike former for samarbeid var omtalt i prosjektplanen.

Også Grunnlovsjubileet 2014 blei kontakta i utviklingsprosjektet, og i prosjektplanen låg det inne idear til felles prosjekt særleg i overgangen mellom Språkåret 2013 og Grunnlovsjubileet.

Ny kontakt blei oppretta med sekretariata i

begge desse jubilea hausten 2012, og møte blei haldne. Det var då likevel ikkje mogleg å få til samarbeidsarrangement. Seinare blei det eit indirekte samarbeid med Stemmerettsjubileet ved at dei løyvde 100 000 kroner til Demokratisk vorspiel, eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Bibliotekforening og Språkåret 2013 (sjå kap. 8.3).

5.7 Samarbeidspartnarar

I utviklingsprosjektet var det oppretta eit breitt kontaktnett i ulike miljø. Å invitere med ei rekkje organisasjonar og institusjonar til samarbeid var avgjerande for at Språkåret 2013 kunne møte forventningane om å vere eit år som femnde om alle. Viktige samarbeidspartnarar var også dei meir enn 50 institusjonane, organisasjonane og enkeltpersonane som fekk økonomisk støtte til sine prosjekt frå Språkåret (sjå kap. 10.4).

Som statens rådgivande organ for språkspørsmål var Språkrådet ein sjølvskriven aktør i Språkåret. Åleine eller saman med andre stod Språkrådet bak 11 arrangement, frå språkkafear til Språkdagen 2013.

Også Nasjonalbiblioteket satsa på Språkåret. Nasjonalbiblioteket hadde ei anna, men likevel tydeleg rolle ved dette kulturjubileet jamført med fleire tidlegare forfattarjubileum, der institusjonen har stått for forvaltning og drift. Nasjonalbibliotekaren var aktivt med i styringsgruppa for utviklingsprosjektet, og institusjonen gjennomførte fleire store tiltak i Språkåret, frå konkurranse og digitalisering av skrifter til seminar og den største utstillinga i Språkåret (sjå kap. 8.14).

Sekretariatet hadde mykje og jamleg kontakt både med desse og mange andre større institusjonar. Tre særleg viktige samarbeidspartnarar var Det Norske Teatret, Norsk Bibliotekforening og Nynorsk kultursentrum.

Det Norske Teatret

100-årsjubileet til Det Norske Teatret var ein del av fundamentet for Språkåret 2013. Det Norske Teatret var difor ein sentral samar-

beidspartner i planlegginga og ein sterk og synleg aktør i Språkåret. Dei tilsette eigen produsent for det samla jubileumsprogrammet sitt.

Språkåret samarbeidde nært med produsenten og resten av teatret om dei to basisarrangementa opning i Kristiansand 2.1.2013 og hundreårsfeiringa til Det Norske Teatret 6.10.2013. Hundreårshistoria *Trass alt* av Alfred Fidjestøl blei lansert til 100-årsfeiringa og nominert til Brageprisen 2013 (sjå side 60–61).

Norsk Bibliotekforening

Ein av ideane i prosjektplanen var Demokratisk vorspiel, ei debatttrekkje om språk, demokrati og ytringsfridom på norske folkebibliotek. Dette var det første sekretariatet gjekk i gang med sommaren 2012, for å få breidd og aktivitet over heile landet. For Norsk Bibliotekforening var det også ein bra måte å feire hundreårsjubileet sitt på. Språkåret 2013 gjekk inn i samarbeidsprosjektet med 100 000 kroner.

Demokratisk vorspiel var med og skapte stort engasjement i Språkåret, og samarbeidet var svært positivt. Dette var ein dørøpnar til resten av biblioteksektoren, ein sektor som har vore aktiv og sentral gjennom heile Språkåret.

Nynorsk kultursentrum

Som arbeidsgivar for sekretariatet i Språkåret 2013 hadde Nynorsk kultursentrum ei sentral rolle gjennom heile Språkåret 2013. To av sju basisarrangement var lagde til Ivar Aasentunet, som også var hovudarenaen for 200-årsdagen til Ivar Aasen 5.8.

Språkåret samarbeidde med Nynorsk kultursentrum om arrangement og tilbod på lik linje med andre aktørar og gav inga særbehandling. Med aktiviteten til Nynorsk kultursentrum var det likevel mange problemstillingar og oppgåver Sekretariatet ikkje trong bruke tid på. For Nynorsk kultursentrum blei 2013 eit rekordår på alle vis (sjå side 54–55).



Mål og målgrupper

Arrangement og tiltak gjennom året dekte alle dei språka som var prioriterte i prosjektplanen, og mange andre. Språkåret dekte alle dei fem måla som var sette opp for tiltaket. Det einaste større problemet har vore å utløyse like sterkt engasjement for bokmål som for nynorsk, urfolksspråk eller minoritetsspråk. Språkåret opna stengde dører mellom dei minoritetsspråklege miljøa og skapt ein ny språkpolitisk arena for desse gruppene.

6.1 Mål

Språkåret 2013 var eit allspråkjubileum på nynorsk grunn. Språkåret inviterte til ei raus feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald. Alle har eit språk, og Språkåret 2013 vendte seg til alle. Dette var spegla i dei fem måla som blei fastsette i prosjektplanen og som i all hovudsak var blitt forma fleire år tidlegare i idéfasen. Kulturdepartementet la dei same måla til grunn i tildelingsbrevet til Språkåret 2013:

1. Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte norske kulturen
2. Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen
3. Få fram meir kunnskap om, og skape større respekt for urfolksspråk, minoritetsspråk, innvandrarspråk og teiknspråk
4. Setje den norske språksituasjonen inn i internasjonale og samanliknande perspektiv.
5. Skape breiare kontakt mellom språkpolitiske aktørar med felles interesser på

tvers av språkgrenser og etnisitet

Desse måla er alle saman vanskelege å måle. I ein kommunikasjonsplan for Språkåret som styret vedtok 20.3.2012, blei det difor sett opp to mål til:

- Gjennomføre minst 2013 arrangement
 - Skape meiningsendringar om synet på Ivar Aasen, nynorsk og språkleg mangfald
- Summen av aktivitet, hovudlinjene i spørjeundersøkingane, tilbakemeldingane frå aktørar og publikum og det allmenne ordsiftet i og om Språkåret syner at måla i stor grad blei nådde.

6.2 Målgrupper

Målgruppene blei ikkje tydeleg fastsette i prosjektplanen, heller ikkje i den supplerande kommunikasjonsplanen frå våren 2012. Av dei mange måla for Språkåret følgjer at dette var eit prosjekt som ønskte å nå alle – bokmålsbrukarane, nynorskbrukarane, og dei som har urfolksspråk eller minoritetsspråk som sine morsmål.

Det var ein god tanke, men krevjande i



Mange arrangement i Språkåret blei tolka til norsk teiknspråk, som denne paneldebatten under Tromsø International Conference on Language Diversity 7.11.2013. Foto Sigrun Høgetveit Berg, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

praksis. For å nå måla var det på førehand lagt opp til eit mangfald av aktivitetar der språkbrukarar frå ulike språkmiljø var involverte, og gjennom året kom mange fleire med. Mange blei med, og samla nådde Språkåret breitt ut.

6.3 Konsentrasjon og spreining

Språkåret arbeidde overfor svært ulike miljø og skulle nå mange ulike målgrupper.

Aktiviteten var spreidd over 219 kommunar i alle fylka. I 64 av desse kommunane, kvar tredje, har vi registrert eitt arrangement (vedlegg 1). Det vil seie at det var meir enn eitt arrangement i sju av ti kommunar. Nokre stader blei det gjennomført særleg mange tiltak. I 12 kommunar blei det gjennomført 25 eller fleire arrangement (tabell 4). Til saman stod desse for 775 arrangement, eller nesten kvart fjerde tiltak i Språkåret.

Vi hadde et veldig fint arrangement på onsdag med gode diskusjoner fra et engasjert publikum i etterkant.



Rjukan bibliotek

Tabell 4
Kommunar med 25 eller fleire arrangement

Absolutte tal

	Tal
Oslo	200
Ørsta	126
Kåfjord	80
Bergen	59
Ålesund	64
Molde	57
Stavanger	48
Hamar	33
Trondheim	30
Sandnes	27
Kristiansund	26
Tromsø	25
I alt	775



Kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet blei konsentrert om få, store tiltak og sosiale medium. Den største satsinga var Språkmagasinet, spreidd i 345 000 eksemplar over heile landet i mars 2013. Dette gav eit samla, men framleis førebels program. Særleg vellykka var bruken av Facebook, der Språkåret til slutt hadde 3000 følgjarar. Særleg i lokale massemedia utløyste Språkåret mange debattinnlegg og meningsytringar.

7.1 Kommunikasjonsstrategi

Styret vedtok 20.3.2012 ein kommunikasjonsplan for Språkåret. Denne planen var ei vesentleg utviding av omtalen i prosjektplanen.

Språkåret 2013 ville gjere tilskodarar til deltakarar og skulle vende seg til alle språkbrukarar. Kommunikasjonen skulle nå ut til flest mogleg, den skulle haldast på eit nivå som ikkje kravde bakgrunnskunnskap, ein skulle bruke kanalar som opna for dialog, og kanalar med stort nedslagsfelt, som massemedia. I tillegg skulle kommunikasjonen byggje opp eit engasjement for språk som varer lenger enn 2013.

I det å gjere tilskodarar til deltakarar ligg både det å engasjere folk direkte ved å få dei til å kome på arrangement, men også å kunne engasjere folk indirekte gjennom dialog, debatt og kunnskapsformidling. Det gjaldt å skape mest muleg blest om innhaldet i Språkåret gjennom egne kanalar og gjennom media. Språkåret ville altså marknadsføre innhald uavhengig av arrangør, og utan å framheve Språkåret 2013 som merkevare.

Frå sommaren 2012 fram mot opninga var kommunikasjonsarbeidet todelt. Det blei arbeidd systematisk med direkte kontakt mot potensielle samarbeidspartnarar i offentleg sektor, kultursektoren, ulike språkmiljø og frivillig sektor med mål om å få til fleire arrangement og større breidd i Språkåret. Dette gav Språkåret 2013 på lengre sikt merksemd i media og gjorde Språkåret kjent blant folk. I tillegg arbeidde sekretariatet med å få media til å lage aktuelle saker om Språkåret, og dermed gjere Språkåret 2013 meir kjent ute blant arrangørar og vanlege språkbrukarar. Sekretariatet prøvde også å få media til å setje i gang større prosjekt i løpet av 2013 med språk som tema.

I etableringsfasen var det vanskeleg å finne måtar å kommunisere Språkåret 2013 på mot media, fordi «ei feiring av det norske språkmangfaldet» blei for lite konkret og fordi svært få arrangement var heilt sikre.

Den 1.12.2012 lanserte Språkåret nettstad og Twitter-konto med sin eigen grafiske profil. Facebook-sida blei lansert i slutten av de-



Språkåret frå fleire vinklar: Språkåret viste att i massemedia alt opningsdagen. NRK intervjuar statsråd Hadia Tajik før opningshøgtida i Kristiansand 2.1.2013. Foto Språkåret.

semer 2012. Fotodelingstenesta Instagram blei etablert i Noreg nettopp då Språkåret var under utvikling, og tenesta blei teken i bruk ved fleire høve i 2014. Språkåret 2013 var truleg det første kulturjubileet der sosial medium blei viktigare enn nettstader i kommunikasjonen med publikum og samarbeidspartnarane.

Prosjektplanen føresette at eit førebels program skulle lanserast 31.10.2012. Dette var det ikkje grunnlag for å gjere. I staden blei vekene fram mot opninga 2.1.2013 brukte til å lansere eit tiltak kvar dag på nettstaden. På denne måten kom breidda i tilbodet tydeleg fram, og fleire blei merksame på den viktige kalenderfunksjonen på nettstaden, der alle arrangørar kunne melde inn prosjekta sine. Det gjekk også ut pressemeldingar om nokon av aktivitetane til lokale og nasjonale media for å gjere Språkåret 2013 kjent i redaksjonane. På same tid arbeidde sekretariatet med enkelt-saker og enkelthistorier til utvalde media. Det gav effekt då det nærma seg jul og opningsdato.

Mediemessig var det heilt ideelt å opne Språkåret alt 2.1. Språkåret 2013 fekk mange oppslag i nasjonale, regionale og lokale media den dagen og i vekene som følgde. I denne perioden blei det lagt eit godt fundament for å gjere Språkåret og innhaldet i Språkåret kjent for eit breiare publikum og for arrangørar. Dette blei forsterka gjennom utgivinga av Språkmagasinet i 345 000 eksemplar i mars (sjå kap 7.8).

Problemet var å kommunisere Språkåret 2013 som noko meir enn eit Ivar Aasen-jubileum og eit nynorskår. Oppfatninga av Språkåret som eit nynorskår var etablert hos mange aktørar før sekretariatet tok kontakt med dei. Eit døme er biblioteka som hadde sentrert aktiviteten om nynorsktiltak etter at Fritt Ord våren 2012 lyste ut midlar til nynorske litteraturtiltak til 200-årsjubileet for Ivar Aasen. Mange hadde vanskar med å skilje mellom Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag. Straks nynorsk er ein del av namnet til avsendaren, tek mange det for gitt at dette handlar om nynorsk og ikkje noko anna. Dette måtte



Språkmagasinet med førebels program for Språkåret blei spreidd i 345 000 eksemplar i mars 2013. Formgeving: Tank Design.

sekretariatet oppklare i dei fleste intervju-situasjonar og i kontakt med nye aktørar.

Prosjektplanen la vekt på at Språkåret 2013 ikkje skulle kommunisere nynorsktiltaka i førstninga og dermed få fram at året skulle femne breitt. Då der nærma seg opninga, var mesteparten av sikre og innmelde arrangement nynorsktiltak. I tillegg viste Ivar Aasen seg å vere ein «medieyndling»; Ivar Aasen er godt kjend, nynorsk er kontroversielt for mange, og det er mykje temperament i debatten om Aasen og nynorsk.

Sekretariatet valde derfor å knagge kommunikasjonen på at det i 2013 var 200 år sidan Ivar Aasen blei fødd, og kva han har hatt å seie for det språklege mangfaldet i Noreg. Dei før-

ste resultatata frå spørjeundersøkinga i 2012 blei offentleggjorde i ei pressemelding 1.1.2013. Meldinga om at 96 % kjende til Ivar Aasen, blei ei NTB-sak som blei brukt i dei fleste media. Den første veka i 2014 kom det 76 medieklipp om Språkåret.

Prosjektplanen var like frå 1.2.2012 eit ope dokument, tilgjengeleg for alle, med seinare oppdatert versjon. Dokumentet blei sendt ut via nyheitsbrev og publisert på nettstaden aasantunet.no og språkåret.no med jamne mellomrom i etableringsfasen og til alle vi var i kontakt med. Dermed kunne sekretariatet kommunisere ambisjonsnivået og rammene for året heilt frå starten av, og gi ein solid bakgrunn for prosjektet. Ulempa med å offentliggjere planen så tidleg var at det var vanskeleg å finne nyheiter som kunne brukast til medieoppslag og medieutspel.

Kommunikasjonsarbeidet kunne vore meir målretta og betre følgd opp. Dei oppslaga Språkåret likevel fekk då 2013 var i gang, hadde stor verdi, både for å få blest om innhaldet og for å få i gang aktiviteten i Språkåret.

7.2 Bodskap

Ei raus feiring, det var dei tre første orda i samandraget i prosjektplanen: «Språk har vi felles, sjølv om vi ikkje har det same språket. Språkåret 2013 skal bli ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald. Alle har eit språk, og Språkåret vender seg til alle. Vi vil gjere tilskodarane til deltakarar.»

Denne bodskapen vann tillit og fann klangbotn hos svært mange. Det er lett å vere for eit prosjekt som er ope for alle og som inviterer kvar og ein til å bli med, utan å bli overprøvd av noko styrande organ. Dette var ein sjanse å ta fordi det ville vere vanskeleg å hindre misbruk. Ingen slike tilfelle dukka opp.

Bodskapen impliserte at språkleg mangfald er bra og av stor verdi. Få tok til motmæle, om nokon. Spørjeundersøkingane syner at eit fleirtal, men langt frå alle, er positive til språkleg mangfald. Der var altså mange som kunne

ha grunn til å motarbeide Språkåret, men det skjedde ikkje.

Bodskapen verka opnande, og det gjorde også ein del ordskifte opnare og meir konstruktive enn dei plar vere.

7.3 Logo og profilprogram

Tre byrå blei 13.7.2012 inviterte til ein lukka og betalt konkurranse om å utvikle visuell profil til Språkåret 2013. Desse tre byråa var Haltenbanken (Bergen), Tank Design (Tromsø) og Fantastiske Osberget (Ulsteinvik). Styret valde i møte 26.9.2012 framlegget frå Tank Design.

Ideelt sett skulle visuell profil og nettside vore på plass tidlegare, men det var ønskjeleg å vente til prosjektleiaren var på plass. Fristen for komplett profilhandbok var 15.10.

Tank Design utvikla logoen i eit formspråk med utgangspunkt i verdiane *tilgjengeleg*, *forståeleg* og *folkeleg*. Desse verdiane spegla noko av det Språkåret 2013 ønskte å vere, og Språkåret fekk dermed ein klar visuell identitet som kledde det tidsavgrensa prosjektet godt.

Med si stiliserte snakkeboble bygde logoen på ei velkjend form og blei dermed enkel å forstå for målgruppene. Ei snakkeboble skaper assosiasjonar til språk og kommunikasjon mellom menneske, og logoen forma difor ei god kopling til Språkåret 2013 og det Språkåret ville formidle.

Logoen blei stilt til rådvelde for fri bruk gjennom nedlasting frå språkåret.no. Sekretariatet stilte ingen særskilde krav til bruken av logoen, og arrangørar over heile landet nytta logoen i marknadsmateriell ved språkårsarrangement.

7.4 Nytt frå Språkåret

Alle registrerte aktørar fekk tilsendt digitalt nyheitsbrev frå Språkåret. Det første nummeret blei sendt ut 23.8.2012. I alt blei det sendt ut seks nummer til etter kvart om lag 225 mottakarar. Undervegs tok sosiale medium over som den viktigaste kontaktforma mellom sekretariat og samarbeidspartnarar.

7.5 Nettstad

Nettstaden språkåret.no blei opna 1.12.2012.

Målet med nettstaden var å ha ein lett tilgjengeleg informasjonskanal der ein samla all relevant informasjon om Språkåret 2013.

Nettstaden var utvikla i Wordpress, eit publiseringsverktøy som har enkle funksjonar og som er fin å jobbe i når det er fleire i organisasjonen med nettansvar. På språkåret.no kunne publikum mellom anna finne innmeldingsskjema for arrangement, informasjon og søknadsskjema for prosjektstøtte, programkalender og informasjon om arrangement. Alle viktige opplysningar om Språkåret 2013 blei publiserte på språkåret.no, og slik har publikum hatt lett tilgang til informasjon.

Nettstaden var tett integrert med dei sosiale media Språkåret nytta. På Facebook publiserte sekretariatet artiklar frå nettstaden for å nå endå breiare ut. I tillegg var både Instagram og Twitter integrert i løysinga.

Språkårets eigne prosjekt utgjorde eit fåtal av alle arrangementa. Difor la sekretariatet til rette for at nettstaden kunne vere marknadsføringskanal for arrangement organiserte av andre. Aktørar over heile landet sende inn informasjon om arrangement, og dermed fekk



Nettstaden Språkåret.no blei opna 1.12.2012, men utover i 2013 blei sosiale medium den viktigaste kontaktforma mellom aktørar og sekretariat.

sekretariatet presentert og løfta fram mange tilstellingar som elles ikkje hadde fått merksemd som språkårsprosjekt eller utanfor sitt eige nedslagsfelt. Dette var med og gjorde Språkåret 2013 til ein nasjonal dugnad for språkleg mangfald. Sekretariatet tok også sjølv kontakt med svært mange for å få arrangement melde inn, i tillegg til nyheitsbrev og informasjonsmøte med eksterne aktørar.

For å leggje best muleg til rette for arrangørar landet rundt som ønskte å lage språkårstilstellingar, hadde nettstaden ein ressursdatabase med arrangementstips. Den inneheldt generell informasjon om planlegging og gjennomføring, og språkårslogoen var tilgjengeleg for nedlasting. På den måten kunne logoen og Språkåret bli synleg i samband med arrangement over heile landet.

Det blei lagt ned ein del arbeid i å lage ressursdatabasen og hente inn informasjon frå andre aktørar som Norsk Forfattarsentrum og ulike artistar. Målet var å gi arrangørar gode idear til arrangement og leggje til rette for samhandling mellom artistar og arrangørar. Denne databasen fungerte ikkje optimalt. Sekretariatet fekk ikkje nok artistar og kunstnarar til å marknadsføre tilboda sine her, og utvalet blei noko snevert.

For ei meir heilskapleg marknadsføring av Språkåret 2013 på dei mange arrangementa rundt om i landet hadde det vore ein fordel om nettstaden hadde hatt eit informasjonsskriv om Språkåret 2013, flygeblad og plakatmal tilgjengeleg for nedlasting.

Frå 1.3. og ut året hadde nettstaden berre vel 8000 unike brukarar og vel 14 000 sidevisingar. Dette var færre enn venta. Sekretariatet kom ikkje i gang med registrering av unike brukarar og sidevisingar på heimesida i etableringsfasen, og det ligg såleis føre tal frå og med mars 2013. I praksis blei sosiale medium dei viktigaste digitale kanalane for Språkåret.

7.6 Sosiale medium

I Noreg er Facebook det mest brukte sosiale mediet, og sekretariatet valde å leggje størst

innsats inn i det mediet. Facebook fungerer godt til å dele oppdateringar frå andre og bli delt, til å ha dialog med brukarane og til å lage hendingar for ulike arrangement.

Sekretariatet laga også ein Twitter-konto for å spreie og skape blest om saker som blei publiserte på nettstaden, og for å dele ytringar frå samarbeidspartnarar. Mange medie- og kulturfolk bruker Twitter, som difor er ein viktig debattarena. Twitter er ein viktig stad å vere for å overvake kva som blir sagt om eigen aktivitet. Emneknaggen #SÅ2013 var ein del av profilprogrammet, og sekretariatet brukte denne aktivt og konsekvent.

Instagram blei også meir brukt utover i Språkåret. Språkåret hadde ikkje ein eigen Instagram-konto, men brukte også her emneknaggen #SÅ2013 og lenka biletstraumen opp til nettstaden.

Facebook

Språkåret opna eigen Facebook-konto 28.12.2012. Her la sekretariatet gjennom heile året ut informasjon og nyhende, både eigne saker og språkårsstoff frå andre. Det blei tidleg i året klart at Facebook var ein betre kommunikasjonskanal enn nettstaden for å nå breitt ut. Difor prioriterte sekretariatet å oppdatere Facebook-kontoen jamleg.

Sekretariatet prøvde å gjere Facebook-sida til ein informasjonsbase om ulike språksaker i media, om språkressursar på andre nettstader, og om eigne tiltak. Særleg i samband med basissarrangementa oppdaterte sekretariatet Facebook-sida hyppig.

Talet på følgjarar auka gjennom heile Språkåret og på slutten av 2013 hadde vi nesten 3000 følgjarar (tabell 5). Ein annonsekampanje for Facebook-sida i mars og april gav resultat, og då kom også Språkmagasinet ut med den auka merksemda det gav.

Twitter

Språkåret opna eigen Twitter-konto 1.12.2012 og brukte mediet til meldingar om nyhende og arrangement. Etter kvart følgde 1057 personar

Tabell 5
Følgjarar på Facebook per måned
2013

Absolutte tal

	Følgjarar
Januar	533
Februar	583
Mars	635
April	1665
Mai	2114
Juni	2171
Juli	2187
August	2414
September	2672
Oktober	2962
November	2978
Desember	2992

Språkåret og tvitra tilbake. Twitter-konoten var integrert på språkåret.no, slik at dei som ikkje sjølve var på Twitter, kunne lese tvitringane med emneknaggen #SÅ2013 der.

Instagram

På Instagram hadde Språkåret emneknaggen #SÅ2013, og på nettstaden var det ein biletestraum med instagrabilete merka #SÅ2013

Våren 2013 samarbeidde Språkåret 2013 med Sunnmørsposten om ein Instagram-konkurranse. Språkåret inviterte brukarar av Instagram til å ta bilete av kvardagspoesi, merke med #SÅ2013 og delta. Det inn mange fine bidrag, og sju av dei blei plukka ut til ei utstilling som blei opna under Dei nynorske festspela i juni.

7.7 Profilvarer

Sekretariatet vurderte tidleg å lage eigne profilvarer, men konkluderte med at det ville bli for kostnadskrevjande og innteninga for usikker. Butikken i Ivar Aasen-tunet tok i staden på seg dette og lanserte handlenett, iPhone-deksel, glasbrikkar og serveringsbrett med fleirspråksmotiv til Dei nynorske festspela 2013.

Språkåret 2013 produserte sjølv to produkt til bruk i marknadsføringa: Eit refleksband blei delt ut vinteren 2012/2013, og eit tøynett blei delt ut frå mars til november. Tøyettet var populært og blei delt ut på mange arrangement. Språkåret gav også ein del til Deichman hovudbibliotek 5.8. Det var viktig å lage produkt som folk hadde bruk for, og som gjorde at fleire enn dei som fekk produktet, kunne sjå att språkårslogoen.

Som gåve brukte Språkåret *Det fleirspråklege Noreg*. Denne fine boka om språkleg mangfald gav Skald forlag ut i samband med Språkåret (sjå kap. 8.3).

7.8 Språkmagasinet

Språkmagasinet kom ut i veke 11 i eit opplag på 344 950 og blei i dagane 12.–15.3. spreidd som vedlegg til 16 aviser over heile landet. Kvart bibliotek i landet fekk nokre eksemplar til utdeling. Bladet var på 24 sider.

Språkmagasinet var det enkeltprosjektet i Språkåret 2013 som nådde fram til flest, og det var også det enkeltprosjektet Språkåret brukte mest pengar på. I prosjektplanen var dette tenkt som ei utgiving i lag med Det Norske Samlaget. Ideen var at dette skulle vere første utgåve av eit permanent magasin, etter modell frå svenske Språktidningen, og at Språkåret skulle stå for distribusjon av førsteutgåva. Tid og økonomi gjorde at Språkåret gav ut magasinet åleine. Prosjektleiaren var redaktør, eksterne journalistar, fotografar og omsetjarar laga innhaldet, og Tank Design stod for utforminga.

Språkmagasinet skulle gi eit komplett oversyn over arrangement og tiltak i Språkåret som var sikre på utgivingstidspunktet. Bladet skulle fortelje historiene til vanlege språkbrukarar og nå fram til dei lesarane som ikkje hadde eit medvite forhold til språk. Sakene skulle vere så tidlause at magasinet kunne ha ei lang levetid. Redaksjonen fann fram til gode saker innafor dei ulike språkgruppene, og magasinet hadde saker om nynorsk, bokmål, dialekt, teiknspråk, samisk, kvensk, romani,

Tabell 6
Spreiing Språkmagasinet

Distributør	Område	Opplag
Avisa Nordland	Nordland	24 500
Avisa Sør Trøndelag	Sør-Trøndelag	7 800
Avvir	Noreg	1 150
Bergens Tidende	Hordaland, Sogn og Fjordane	86 000
Dag og Tid	Noreg	8 500
Firda	Sunnfjord	12 900
Gudbrandsdølen Dagningen	Oppland	20 300
Haugesunds Avis	Nord-Rogaland og Sunnhordland	29 500
Morgenbladet	Noreg	40 000
Namdalsavisa	Nord-Trøndelag	5 300
Nordlys	Troms	29 000
Sunnmørsposten	Sunnmøre og Nordfjord	33 500
Trønderavisa	Nord-Trøndelag	12 500
Varden	Telemark	28 000
Bibliotek	Noreg	6 000
Sum		344 950

romanes og nye innvandrarspråk. Sakene blei skrivne på nynorsk og bokmål, og enkelte var omsette til nordsamisk og kvensk.

Budsjettet i prosjektplanen føresette annonseinntekter, men Språkåret kom fram til at potensialet var for lite til at det ville løne seg. Også sidetalet sette ei grense av di magasinet måtte vege mindre enn 50 gram. Då ville distribusjonen blitt langt meir kostbar enn det vi hadde budsjettert med.

Språkmagasinet fekk god mottaking, særleg blant lærarar i den vidaregåande skulen. Fleire tok kontakt med Språkåret for å få klasesett av avisa, og sekretariatet sendte til og med aviser til ein norskklasser i Hannover. Hausten 2014 kjem teksten «Stovnersamen» frå magasinet på trykk på bokmål og samisk i ei tekstsamling til norskverket *Nye Kontekst 8-10* frå Gyldendal.

Språkmagasinet var først tenkt distribuert med dei store regionavisene Aftenposten, Bergens Tidende, Fædrelandsvennen, Stavanger Aftenblad og Adresseavisen, og sekretariatet

hadde bestilt plass der. På eit tidspunkt måtte sekretariatet ta eit val på om ein skulle bruke heile distribusjonsbudsjettet på desse fem avisene, eller om ein skulle spreie det meir utover geografisk.

Det enda med mindre aviser fordelt på fleire fylke, for å få best mogleg spreieing (tabell 6). Magasinet blei også sendt ut med riksavisene Dag og Tid og Morgenbladet. For å dekke heile landet, gjorde sekretariatet avtale med fylkesbiblioteka i kvart fylke, som distribuerte Språkmagasinet gratis til alle lokale folkebibliotek. På den måten blei avisa spreidd til lesarar i heile landet, noko sekretariatet er svært godt nøgde med.

Sekretariatet prøvde også å distribuere Språkmagasinet med den kvenske avisa Ruijan Kaiku, men dette let seg ikkje gjere.

7.9 Mediedekning

Språkåret 2013 fekk god mediedekning i både radio, fjernsyn og aviser, og lokale språkårsarrangement blei ofte dekte av distriktskonto-

Tabell 7
Medieklipp per måned 2012-2013

Søkjeord «språkår»

	Klipp
2012	
August	9
September	20
Oktober	63
November	29
Desember	52
Sum 2012	173
2013	
Januar	265
Februar	123
Mars	192
April	156
Mai	120
Juni	139
Juli	98
August	181
September	132
Oktober	202
November	135
Desember	92
Sum 2013	1835
I alt 2012–2013	2008

ra i NRK. Ved utgangen av 2013 var det registrert 2008 medieklipp (tabell 7).

Språkåret abonnerte på medieovervaking frå Retriever med søkjeordet *Språkår*. Om mange arrangement og hendingar blei ord som *Ivar Aasen, Aasen-året, nynorskåret* brukte, og ofte var dette språkårsarrangement. Innslag i radio og tv blei i all hovudsak ikkje registrerte. Det vil seie at den samla mediedekninga var vesentleg større enn tala tyder på.

Utanom nokre få helger var det nyhende, kronikkar, notisar eller lesarinnlegg om Språkåret i pressa kvar dag gjennom heile 2013. Kvar dag var det i gjennomsnitt 5,1 språkårsaker i media. Merksemda var

størst ved dei store basisarrangementa, medan lokale arrangement fekk mykje plass i lokalavisene. I sommarferien var det få arrangement, med unntak av 200-årsdagen 5.8., og det syner att i statistikken.

Vi har valgt ut teksten fordi vi syns at den viser noe annet enn de tradisjonelle tekstene om samer og samekulturen og er et godt innlegg i debatten om språk og identitet. Teksten utfordrer det tradisjonelle synet og gir et alternativt bilde av samer. Derfor valgte vi denne.



Redaktør Birgitte Larsen,
Gyldendal Undervisning



«Steike babadu», sa Knut Nærum då han fekk vite at han var tildelt den aller første Språkgledeprisen. Denne prisen blei delt ut under Oversatte dager i Oslo 2.3.2013 og var eit samarbeid mellom Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk oversetterforening, Språkrådet og Språkåret 2013.



Gjennomførte tiltak

Det blei gjennomført over 3300 arrangement med til saman 149 000 gjester. I gjennomsnitt var dermed 45 gjester med på kvart arrangement. Språkåret hadde aktivitet i fem land, i alle dei norske fylka, i halvparten av alle kommunane, og nesten kvar einaste dag gjennom året. Berebjelken for all aktivitet var sju basisarrangement på ulike stader i landet frå 2.1. til 6.12. Det blei arbeidd systematisk med å få inn informasjon om gjennomførte tiltak, men Språkåret inneheldt nok meir enn det som er registrert og dokumentert i denne rapporten.

8.1 Samla aktivitet

Det blei gjennomført 3320 arrangement i Språkåret 2013 (tabell 8). Då er ingen interne møte og arbeidsmøte med eksterne aktørar rekna med. Det var arrangement i 219 kommunar i alle fylka og i svært ulike språkmiljø (tabell 9). Denne store aktiviteten var det som ved sida av kommunikasjonsarbeidet forma inntrykket av Språkåret 2013 der målet var ei raus og inkluderande feiring av språkleg mangfald.

Den reviderte prosjektplanen frå 1.8.2012 var utgangspunktet for arbeidet i sekretariatet. Der var 108 større prosjekt identifiserte. 75 av desse blei gjennomførte, stort sett i tråd med det som var tenkt om desse tiltaka i prosjektplanen. Desse arrangementa blei i røynda berre ein liten del av den samla aktiviteten i Språkåret. Det var såleis dekning for spådomen då prosjektplanen første gongen blei offentleggjord om at Språkåret kom til å bli mykje meir enn det som stod i planen.

Språkåret endra seg undervegs først og fremst ved at svært mange arrangement kom til – og nokre gjekk ut. Håpet om engasjement og tilslutning blei ein realitet. Fellesnemnaren for dei arrangementa som gjekk ut, var at dei ville bli for dyre, det var for lite tid til oppfølging i etableringsfasen, eller at dei var for laust funderte i utgangspunktet. Likevel: Det Språkåret som blei gjennomført, hadde same karakter og grunntrekk som det prosjektplanen la opp til.

Ein del tidlegare kulturjubileum har gjort det stort i utlandet. Ibsen-jubileet i 2006 blei markert i 83 land, Hamsun-jubileet i 2009 i meir enn 30 land, og Bjørnson-markeringa i 2010 i 15 land. Språkåret hadde aktivitet i fem land og skil seg såleis ut frå dei andre. Det var berre ikkje noko mål for Språkåret å bruke tid og krefter på tiltak utanfor landegrensene. Språkåret skulle feire det norske språklege mangfaldet, og det skulle primært gjerast i Noreg. Med det budsjettet Språkåret hadde for

Tabell 8
Arrangement etter fylke og kommunar 2013

Absolutte tal

	Tal	Prosent
Østfold	37	2,3
Akershus	46	2,8
Oslo	200	12,2
Hedmark	49	3,0
Oppland	74	4,5
Buskerud	26	1,6
Vestfold	13	0,8
Telemark	98	6,0
Aust-Agder	17	1,0
Vest-Agder	54	3,3
Rogaland	157	9,6
Hordaland	156	9,5
Sogn og Fjordane	82	5,0
Møre og Romsdal	391	23,8
Sør-Trøndelag	40	2,4
Nord-Trøndelag	31	1,9
Nordland	32	1,9
Troms	116	7,1
Finnmark	17	1,0
Utlandet	6	0,4
I alt	1642	
Filmframsyningar	1637	
<i>Ernest og Celestine</i>		
Digitale prosjekt	8	
Anna	33	
Sum	3320	

arbeidet, gav den prioriteringa seg sjølv også økonomisk.

Nedanfor er eit utdrag av programmet presentert. Sekretariatet har laga eit komplett programoversyn med dato, stad og innhald som vil vere tilgjengeleg for ettertida.

Først presenterer vi dei sju basisarrangementa som sekretariatet i Språkåret 2013 har hatt overordna ansvar for, deretter følgjer eit utdrag av språkårsaktivitetar som har blitt gjennomført av aktørar landet rundt. Diverre har det vore mogleg å nemne berre eit fåtal av

Tabell 9
Kommunar med arrangement etter fylke 2013

Absolutte tal

	Tal	Prosent
Østfold	7	3,2
Akershus	12	5,5
Oslo	1	0,5
Hedmark	8	3,7
Oppland	15	6,8
Buskerud	6	2,7
Vestfold	6	2,7
Telemark	12	5,5
Aust-Agder	5	2,3
Vest-Agder	11	5,0
Rogaland	15	6,8
Hordaland	22	10,0
Sogn og Fjordane	21	9,6
Møre og Romsdal	28	12,8
Sør-Trøndelag	7	3,2
Nord-Trøndelag	11	5,0
Nordland	17	7,8
Troms	9	4,1
Finnmark	6	2,7
I alt	219	

alle dei meir enn 3300 arrangementa, direkte eller indirekte.

8.2 Basisarrangement

Sju basisarrangement danna grunnpilarane i Språkåret 2013. Desse arrangementa hadde stor breidd i innhald og var spreidde i tid og geografi. Med sine mange enkeltarrangement stod desse tiltaka for vel 100 arrangement i Språkåret. Det viktigaste var likevel det samla bidraget dei gav i kraft av fagleg tyngd, oppleving og profilering.



Alfred Fidjestøl fortel om hundreåringen Det Norske Teatret under opningshøgtida i Kristiansand 2.1.2013. I oktober gav han ut jubileumboka *Trass alt – på Det Norske Samlaget*. Foto Det Norske Teatret.

Opning i Kristiansand 2.1.

Onsdag 2.1. 2013 var det 100 år sidan Det Norske Teatret spelte si første framsyning, og det gjorde dei i Kristiansand. Den kombinerte hundreårsdagen til teatret og opninga av Språkåret 2013 blei derfor feira med ei festframsyning med 207 gjester og 33 utøvarar i Kilden teater- og konserthus i Kristiansand. Kulturminister Hadia Tajik stod for den offisielle opninga (vedlegg 7). Heile programmet blei tolka til norsk teiknspråk.

Med festframsyninga «Språket er huset til det som er» ville Språkåret og Det Norske Teatret syne fram det norske språkmangfaldet og historia til teatret. Både samisk, kvensk, teiknspråk, nynorsk skriftkultur, norske dialektar og nye innvandrarspråk var med i programmet. Ein nyskriven prolog av Jon Fosse

blei framført av Gjertrud Jynge (vedlegg 7). Leiar Stefan Oeter i Europarådets ekspertkomité for Den europeiske språkpakta helsa.

Språkåret 2013 samarbeidde godt med Det Norske Teatret om framsyninga, mottakinga i etterkant og marknadsføringa på førehand. Blant gjestene var både kulturministeren, sameingspresidenten, representantar for offentlig forvaltning og for mange sentrale språk- og kulturinstitusjonar. Praktisk sett var opningsdagen ein vanskeleg dato, men mediedekninga var svært god. Med opningshøgtida blei Språkåret 2013 synleg i norsk offentlegheit.

Mange gjester frå området sette stor pris på at eit slikt nasjonalt tiltak blei opna utanfor Oslo og nettopp i Kristiansand.

Språkhelg i Bergen 14.–16.3.

Eit basisarrangement i Bergen var ikkje ein del av prosjektplanen. Det var kjent at Universitetet i Bergen skulle arrangere den internasjonale språkkonferansen *Rom for språk* i mars 2013 (sjå kap. 8.20). Utan noko basisarrangement mellom opninga i januar og Dei nynorske festspela i juni ville det gå for lang tid mellom dei store tiltaka. Difor vedtok styret hausten 2012 at Språkåret 2013 skulle stø opp under språkkonferansen ved å lage eit basisarrangement i Bergen same helga.

Det blei ei språkhelg med fleire tilbod.

Alt 13.3. opna Universitetsbiblioteket i



Leo Ajkic møter born under arrangementet «Smaken av språk» i Bergen 16.3.2013. Foto Bergen off. bibliotek.

Berrgen utstillinga *Ivar Aasen og Bergen* (sjå kap. 8.14).

Språkåret inviterte til språkfest på Litteraturhuset i Bergen fredag 15.3. med kunstnarar frå tre land som formidla språkglede og språkleg identitet gjennom fleire kunstuttrykk og på fleire språk. Heile programmet på språkfesten blei tolka til norsk teiknspråk.

Bergen offentlige bibliotek utvikla arrangementet *Smaken av språk* etter initiativ frå sekretariatet i Språkåret i samarbeid med det kommunale kompetansesenteret for fleirkulturell opplæring. Her kom språkmangfaldet i Bergen og fordelane med å kunne fleire språk tydeleg fram. Om lag 180 elevar frå 5.-7. trinn var med. Premien var klassesett med åtte biletordbøker for åtte ulike språk, gitt av Kunnskapsforlaget og Språkåret 2013.

Laurdag 16.3. inviterte biblioteket, kompetansesenteret og Språkåret 2013 born og vaksne til *Smaken av språk* på hovudbiblioteket. Leo Ajkic og U-landslaget var med som språklærarar, til glede for mange av dei som deltok. Arrangementet var etter same mal som fredagens arrangement, også no med premiar frå Kunnskapsforlaget og Språkåret 2013. Arrangementet var vellykka og inspirerte til liknande tilbod fleire stader.

Dei nynorske festspela i Ørsta og Volda 27.–30.6.

I 2013 var temaet *Grenselaust*, og det opna for ei grenselaust feiring av språk og språkmangfald med feste i det nynorske. I sum formidla dei 48 arrangementa nye perspektiv på språk generelt, nynorsk og Ivar Aasen spesielt.

Festspela hadde for første gong tre festspeldiktarar. Dei tre unge festspeldiktarane Lars Petter Sveen, Guri Sørungård Botheim og Sigrid Sørungård Botehm var med på å markere den nynorske framtida i eit jubileumsår.

For Språkåret 2013 var fleire arrangement særleg relevante.

Komponist Magnar Åm utvikla ein lydsti i Gamlevegen opp i Ivar Aasen-tunet der koret

Volda Vokal song to korte utdrag frå eit dikt av Jan Erik Vold på 17 språk.


Professor Rolf Theil har sidan 2007 årlege festspelforedrag om all verdas språk. I 2013 var emnet «Det største språket i Noreg», og dette foredraget var eitt av svært få om bokmål i Språkåret.

Boka *Det fleispråklege Noreg* var utgangspunktet for ein samtale om tospråklegheit mellom språkforskar Øystein Vangnes frå Universitetet i Tromsø og leiar Åse Kari H Wagner ved Lesesenteret, Universitetet i Stavanger.


Temaet for Dei nynorske festspela – Grenselaust – var inspirert av Språkåret 2013. Eit slikt tema opna for nye programpostar, andre samarbeidspartnarar og gav rom for fornying av etablerte programpostar. Ein del av desse kan vi føre vidare etter 2013. I tillegg merka vi ei auka merksemd på grunn av Språkåret 2013.



Karine Munch,
programansvarleg Ivar Aasen-tunet



Motivet for Dei nynorske festspela 2013 var laga av Arielle Pirona, Barcelona/Venezia.



↑ Språkåret sende signert postkort til alle 295 husstandane i Ivar Aasens gate og veg, og til ti personar med namnet Ivar Aasen. Posten Noreg leverte ut korta på dagen 5.8. eller like før.

↑ Med orda frå tre strofer i «Mellom bakkar og berg» inviterte Språkåret til språkårspoesi i Bodø, Trondheim, Ålesund, Ørsta, Bergen, Stavanger, Fredrikstad og Oslo. Her kunne publikum skrive nye dikt eller andre tekstar. Der var eigen nettversjon som gjorde det lett å dele tekstane i sosiale medium. Foto Språkåret.

Språkårets egne tiltak 5. august

Sekretariatet fungerte som katalysator og koordinator fram mot 200-årsdagen 5.8. Det viktigaste var kva andre gjorde. I tillegg utvikla sekretariatet ei rekkje egne tiltak som kunne fylle hol og sikre ei brei markering landet rundt.

Dagane før 5.8. sende sekretariatet ut pressemeldingar til regionale og lokale medium med bakgrunnsinformasjon om kva Ivar Aasen gjorde på ulike stader i landet og kva han skreiv om språket der. Dette gav mange opp-

slag, og fleire utvikla egne saker på grunnlag av det dei hadde fått tilsendt. Blant desse var Tønsbergs Blad, Arbeidets Rett og iTromsø, likeins NRK Nordland og NRK Troms.

Sekretariatet arbeidde også med å få skrive kronikkar til ulike aviser i samband med 200-årsjubileet. Tiltaket kom seint i gang, og responsen kunne ha vore større, men initiativet utløyste fleire innlegg Ein av dei kronikkane som på trykk, var skriven av direktør Arnfinn Muruvik Vonen i Språkrådet.



↑ Musikkfilmen *Dei gamle fjelli* av regissør Mikal Hovland blei spelt inn her i Stryn og andre stader på Nordvestlandet sommaren 2013 og hadde premiere i Ivar Aasen-tunet 2.8.2013. Filmen var gáva frå Språkåret til det norske folk på fødselsdagen. Ved utgangen av 2013 var filmen vist 15 000 gonger på YouTube, mange lokalaviser hadde peikar i nettutgåvene sine, NRK Vestlandsrevyen viste filmen 5.8.2013, og den blei vist på ni kinoar og åtte flyplassar. Foto Språkåret.

↑ Saman med Det Norske Samlaget vitja sekretariatet Hvitveisen barnehage i Ivar Aasens vei på Vinderen i Oslo og gav ein bokpakke i fødselsdagsgåve. Forlagsredaktør Ragnfrid Trohaug viser ungane kva dei har fått. Foto Språkåret.

Tiltak i eigen regi strekte seg frå musikkfilm og språkårspoesi til fødselsdagsfest, barnehagebesøk og signerte postkort til fleire hundre husstandar med ei spesiell adresse. Sekretariatet fekk også ordna med seremoni ved Ivar Aasen-bysta i Moorhead, Minnesota, der det var eit liknande arrangement i 1996.

Fødselsdagsfesten var på Deichmanske bibliotek i Oslo, med kake, kaffi og saft, film, språkårspoesi og skrivekurs for unge ved Lars Mæhle. Talen for jubilarnten blei halden av Au-

dun Lysbakken.

I tillegg til YouTube, nettaviser og NRK blei musikkfilmen *Dei gamle fjelli* vist på flyplassane i Kristiansund, Molde, Ålesund, Ørsta/Volda, Sandane, Florø, Førde og Sogndal, og på kinoane i Trondheim, Ulstein, Ørsta, Volda, Stryn, Eid, Flora, Fjaler og Kristiansand.

Den 5. august er festdag kvart år i Ivar Aasen-tunet. Vi venta at 200-årsdagen skulle bli større, men så mykje større var meir enn vi hadde våga å håpe på. Det var ein jamn straum av folk i alle aldrar til tunet heile dagen. Dette var dagen då ein like naturleg tok ein diskusjon om framtida til nynorsken som ein leika seg med den litterære arven frå Ivar Aasen. Ein dag for å sjå seg tilbake, og sjå fram.



*Gaute Øvereng, dagleg leiar
Ivar Aasen-tunet*

Ivar Aasens fødselsdag 5.8.

Måndag 5.8.2013 var det 200 år sidan Ivar Aasen blei fødd. På sjølve fødselsdagen blei Aasen feira over heile landet, og i Ivar Aasen-tunet blei det arrangert ein fem dagar lang festival med til saman 35 arrangement 1.–5.8.

Dette var den dagen heile Språkåret hang på. Dette var omdreiingspunktet for prosjektet og grunnlaget for arbeidet med å feire alt språk i Noreg, og ein eineståande sjanse til å markere tyngd og fremje språkpolitiske perspektiv og saker.

Sekretariatet i Språkåret 2013 gjennomførte ei rekkje eigne tiltak. I tillegg til samarbeid med Nynorsk kultursentrum om profilering av arrangement i Ivar Aasen-tunet samordna sekretariatet eigne mediesaker med Det Norske Samlaget om biografien Historia om Ivar Aasen.

Ivar Aasens 200-årsdag blei spesielt markert i Ivar Aasen-tunet med eit program på 35 arrangement over fem dagar 1.–5.8. Publikum fekk oppleve fleire sider av Ivar Aasen – språkmannen, dikteren, teaterelskaren, botanikaren og privatpersonen. I tillegg til foredrag og monologar, konsertar og spesialomvisingar baud Aasen-tunet på eigne arrangement med tunkatten Lurivar, Ivar Aasen-tunets formidlingsfigur for born.

Måndag 5.8. var det fødselsdagsfest frå morgon til kveld, frå blomar ved bauta fleire stader til festkveld i Ivar Aasen-tunet. Heile ni parti tok del i ei særleg språkpolitisk markering med debatt og blomeseremoni ved Aasen-bauten. På festkvelden heldt kultur-

minister Hadia Tajik talen for jubilaranten (vedlegg 7), tekstar av Ivar Aasen blei framførte på fleire språk, og ein nyskriven fødselsdagssong for Ivar Aasen blei urframført av Lurivar før det heile slutta med 200 ballongar til vêrs.

Nær 2000 var med på arrangementa desse fem dagane i Aasen-tunet. Jubileet fekk brei mediedekning. Dei to dagane 5. og 6.8. var det 31 medieoppslag som nemnde Språkåret, og heile 208 om Ivar Aasen. Det stadfestar at mediedekninga av Språkåret ikkje blir fanga opp berre med søkjeordet «språkår» (sjå kap. 7.9).

Folkfest på Det Norske Teatret 6.10.

Søndag 6.10.2013 var det kilometerlang kø framom hovudinngangen til Det Norske Teatret av folk som ville ta del i hundreårsdagen til teatret.

I Oslo spelte Det Norske Teatret si første forestelling i Teatersalen til BUL 6.10.1913. Då blei teatret møtt med pipekonsertar og gateslagsmål. På dagen hundre år etter opna teatret dørene, stengde gatene og inviterte til folkfest for alle, både framom, bak og på scena. På dei tre scenene sine spelte teatret tre ulike halvtimelange framsyningar. Bondeungdomslaget i Oslo hadde framsyning i BUL-salen og regisserte gatekamp i Rosenkrantz gate, det var Bondens marked og mobil scene utanfor hovudinngangen, sal av bøker, brukskunst og kostyme inne samt omvisingar. Kong Harald 5 stod for den offisielle opninga, og kulturminister Hadia Tajik heldt helsingstale.

Om lag 10 000 menneske var med og feira teatret på jubileumsdagen.

Tromsø International Conference on Language Diversity 6.–8.11.

Verdskonferansen om språk ved Universitetet i Tromsø samla over 130 språkforskarar og språkinteresserte frå inn- og utland. Del-takarane møttest for å diskutere og utveksle kunnskap om korleis språkleg mangfald påverkar samfunnet i stort og smått. Sametings-president Aili Keskitalo opna konferansen som

inneheldt seks hovudinnleingar, sju verkstader, om lag 40 seksjonsforedrag og debattar. Programmet femnde frå språkrevitalisering og fleirspråklege klasserom til språkteknologi og kognitiv utvikling hos tospråklege og gav nye innfallsvinklar til ulike språkspørsmål.

Universitetet i Tromsø og Språkåret strøyma fleire av innleingane i hovudsalen, blant anna opningstalen til Keskitalo, dei seks hovudforedraga og ein paneldebatt om språkleg mangfald og utdanning. Fleire av innlegga blei også tolka til teiknspråk.

Om kvelden 6.11. heldt Tromsø kommune mottaking i rådhuset. Der spelte Kristina Juntilla frå Ferske Scener eit utdrag frå «Kven er finsk», ei framsyning som var støtta av Språkåret 2013. Kinoen Verdensteatret viste to språkfilmar – *The language of my heart* og *Språkfølelse*. Desse to filmane var del av ei visingsrekke av språkfilmar som forskingsgruppa Språk og samfunn ved Universitetet i Tromsø og Verdensteateret fekk støtte til frå Språkåret 2013.

Avslutning i Ørsta 6.12.

Fredag 6.12.2013 avslutta Språkåret 2013 i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Arrangementet var eit samarbeid med Ivar Aasen-tunet.

Avslutningsfesten «Året som aldri sluttar» viste fram og feira det språklege mangfaldet i Noreg – bokmål, nynorsk, samiske språk, minoritetsspråk. Det gjaldt å få fram kva Språkåret hadde blitt, korleis det hadde bobla landet rundt, kor samansett og variert aktiviteten hadde vore, og kor mange og ulike tilbod språkbrukarane hadde fått gjennom året. Dette blei vist gjennom ein biletkavalkade og gjennom ei rekkje ulike innslag på avslutningsfesten med utøvarar på fleire språk og frå fleire land. Symbolsk blei det språklege mangfaldet markert ved at 20 innbyggjarar i området var med i ein språkprosjesjon der alle brukte sine språk. Substansielt blei det vist ved at den første kvenske grammatikken blei presentert nettopp ved dette høvet.



I oktober 1913 var Oslo-gatene fulle av folk som protesterte mot at Det Norske Teatret hadde opna og spelte på nynorsk. Hundre år etter stod tusenvis gatelangs for å kome inn og høyre Det Norske Teatret spele og syngje på nynorsk. Foto Det Norske Teatret.

Alt i prosjektplanen var det ein tanke at dette arrangementet skulle markere ein overgang til Grunnlovsjubileet 2014. Det let seg ikkje gjere i praksis. I staden gjekk oppdraget avslutningstale til ein anonym representant for dei vanlege språkbrukarane i landet. Språkåret 2013 blei offisielt avslutta av journalist Thea Idsøe, praktikant ved det nyopna Nynorsk avissenter i Førde (vedlegg 7).

Språkåret på Deichman har vore eit år med stor aktivitet og med økonomisk støtte frå Fritt Ord og Den kulturelle spaserstokken. Publikum i alle aldrar fekk ta del i Språkåret gjennom både frukostseminar, teaterframsyning og Twitter-noveller. Om lag 500 unike brukarar skreiv 3000 nynorske Twitter-meldingar med emneknaggen #nynov. I juni og september var #nynov blant dei mest brukte emneknaggane på Twitter, og «Nynorsk i 140» er registrert i ELMCIP som ei unik hending i elektronisk litteratur, sjå <http://elmcip.net/event/nynorsk-i-140>.



Heidi Grytten,
Deichmanske bibliotek

8.3 Samarbeidsprosjekt

Det er vanskeleg å trekkje fram enkeltaktørar i eit år med over 3300 arrangement. Likevel, utan folkebiblioteka og Nynorskstafetten til Noregs Mållag ville ikkje Språkåret 2013 ha nådd ut til så mange lokalsamfunn som det gjorde. Dette er aktørar som stod for breidd i innhald og aktivitet, gjennomførte arrangement over heile landet og vekte eit engasjement som kan leve vidare etter 2013.

Sommaren 2012 løyvde Fritt Ord 2,2 millionar kroner til formidling av nynorsk litteratur i folkebiblioteka i samband med Ivar Aasen-jubileet. Midlane blei fordelt på 46 ulike bibliotek og andre aktørar knytte til biblioteka. Biblioteka var dermed tidleg ute med å leggje planar for Språkåret 2013, og dei nådde også breitt ut med det dei gjorde. Eit døme på dette var den populære novellekonkurransen Deichmanske bibliotek gjennomførte på Twitter, #nynov, med støtte frå Fritt Ord. Konkurransen fekk nesten 3000 bidrag frå om lag 500 deltakarar gjennom året.

Demokratisk vorspiel

Språkåret 2013 og Norsk Bibliotekforening avtalte sommaren 2012 å arrangere debatttrekkja Demokratisk vorspiel om språk og demokrati i norske folkebibliotek. Dette skulle vere ei opptakt til Grunnlovsjubileet 2014, og det var også det enkeltprosjektet som tydelegast drog parallellar mellom dei to jubileumsåra

Språkåret 2013 og Stemmerettsjubileet 2013. Stemmerettsjubileet løyvde 100 000 kroner i prosjektet.

28 bibliotek frå Mandal i sør til Meløy i nord gjennomførte slike arrangement hausten 2013. Tema for debattane varierte mykje. Mange bibliotek hadde ungdom som målgruppe og laga debattar med ungdomspolitikarar om skule- og utdanningspolitikk. Andre tema var kjønn, språk, ytringsfridom og integrering. Arrangementa gav mykje lokal pressedekning.

For nokre bibliotek var arrangement som dette upløgd mark og difor ei god erfaring å ta med vidare. Ein del bibliotek melde tilbake at Demokratisk vorspiel opna for nye samarbeid som dei ønskjer å føre vidare.

Biblioteka som fleispråkleg arena

Biblioteka står i ei særstilling med å nå ut til folk med andre morsmål enn norsk. Desse greidde ikkje Språkåret på eiga hand å nå godt nok fram til, men på alle arrangement Språkåret hadde i samarbeid med biblioteka var fleire unge og vaksne med innvandrarbakgrunn med.

Biblioteka er såleis viktige i arbeidet for språkleg mangfald, både som møteplass og læringsarena. For Språkåret har biblioteka vore svært verdifulle samarbeidspartnarar. Dei stilte velvillig opp til å huse arrangement og tok initiativ til å få til fleire prosjekt igjennom året. Tilbakemeldingane viser at Språkåret gav dei nye idear til faste språkprosjekt også etter 2013.

Det fleispråklege Noreg

Sommaren 2012 tok Skald forlag kontakt med Språkåret 2013 om å lage boka *Det fleispråklege Noreg*. Boka skulle vere eit portrett i tekst og bilete av den fleispråklege kvardagen i Noreg, med bidrag frå skribentar i heile Noreg, og med Oddleiv Apneseth som fotograf.

Tiltaket svara til målet om å bruke året til å feire språkleg mangfald. Språkåret løyvde i 2012 100 000 kroner i utviklingsstøtte og kjøpte i 2013 400 bøker til gåve og vidaresal til samarbeidspartnarar.



Skald Forlag gav i juni 2013 ut reportasje- og intervjuboka *Det fleispråklege Noreg* med 30 portrett av dei mange ulike språkbrukarane i landet, skrivne av 15 røynde skribentar og fotograferte av Oddleiv Apneseth.

Boka blei lansert 6.6.2013 på Litteraturhuset i Oslo i samarbeid med Språkåret. Salet blei diverre ikkje så godt som venta, men boka blir ståande som eit unikt tidsbilete og med ny innfallsvinkel til Noreg som eit fleispråkleg samfunn. Språkåret 2013 gav i februar 2014 sin del av restopplaget i gåve til fylkesbiblioteka for vidare fordeling til utvalde folkebibliotek.

Nynorskstafetten

I heile 22 år reiste Ivar Aasen rundt omkring i Noreg og samla inn språkprøver. Lenge før utviklingsprosjektet låg ideen føre om å få til ein språkstafett eller ei språkvandring gjennom landet i 2013, inspirert av Aasen-reisene. Noregs Mållag tok på seg denne oppgåva, og Nynorskstafetten frå 28.1. til 19.10.blei eit av dei fremste og mest interessevekkjande tiltaka i Språkåret.

Med ein spesialdekorert bil full av informasjonsmateriell køyrde tilsette og frivillige kvar sine veker, laga til arrangement i barnehagar og på skular, møtte ei mengd ordførarar, arrangerte mange folkemøte og skapte stor lokal merksemd kvar dei kom. Publikum kunne følgje turen gjennom ein eigen blogg som Noregs Mållag oppdaterte dagleg, og ei analog dagbok følgde turen – den er arkivert i Ivar Aasen-tunet.

Startskotet for Nynorskstafetten gjekk 28.1. i Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Då stafetten

blei avslutta med folkefest i Bygland 19.10., hadde bilen vore på over 140 stadar og køyrt over 30 000 kilometer. Undervegs gjekk stafetten innom om lag 200 barnehagar og skular. Lokale mållag stod for planlegginga av arrangementa på sine stader. Nynorskstafetten var ein stor dugnad der Noregs Mållag, Norsk Målungdom og lokale mållag landet rundt gjorde ein stor innsats for å feire Ivar Aasen og styrkje språkengasjementet hos folk. Gjennom Nynorskstafetten har det blitt organisert stands, barnehage- og skulebesøk, møte med ulike kommunar, kulturkveldar og årsmøte. Til saman var vel 26 500 personar med på eit av dei 377 arrangementa.

Nynorskstafetten var eit viktig prosjekt i Språkåret, særleg for å styrkje språkengasjement lokalt. Dette var det prosjektet i Språk-

Noregs Mållag driv med språkår heile tida, men Nynorskstafetten auka aktiviteten og av gav oss ei vitamininnsprøytning. Det gav oss eit høve til å banke på nye dører. Hovudbodskapen til både nynorsk-kommunar, bokmålskommunar og språkdelte kommunar var at dei er svært viktig språkprodusentar og viktige for framtida til nynorsken. Den bodskapen tok dei med seg vidare. Noregs Mållag har lyst til å forsetje med nye nynorskstafettar, gjerne i ei eller tre veker der me reiser rundt i ein del av landet.



Hege Lothe, informasjon- og organisasjonskonsulent
Noregs Mållag

året som hadde størst rekkjevidd geografisk og i tid. Nynorskstafetten hadde mykje å seie for Språkåret som nasjonalt jubileumsår og for å gjere prosjektet og ideane kjende i heile landet. Prosjektet hadde stor verdi for organisasjonen Noregs Mållag og lokallaga deira, og har verdi for språkleg engasjement i ulike lokalmiljø også etter 2013.

8.4 Internasjonale arrangement

Eit av måla for Språkåret 2013 var å setje den norske språksituasjonen inn i eit internasjonalt perspektiv. Den norske språksituasjonen har mange parallellar i andre språksamfunn. Dette blei stadfesta gjennom fleire arrangement i Språkåret, blant anna på språkkonferansen *Tromsø International Conference on Language Diversity*. Også konferansen *Rom for språk* og basisarrangementet i Bergen hadde eit internasjonalt perspektiv (sjå kap. 8.2 og 8.20).

Nordisk ungdomskonferanse

Norsk målungdom arrangerte 4.–6.10. ein nordisk ungdomskonferanse om språkmangfaldet i Norden på Lysebu i Oslo. Om lag 40 personar var med på konferansen, som blei opna av kulturminister Hadia Tajik. Konfe-



I 1913 avduka Hulda Garborg og Anders Hovden ein Ivar Aasen-byste i Moorhead, Minnesota, USA. Språkåret samarbeidde med Sons of Norway om arrangement 5.8.2013. Kringen Lodge la ned krans ved bysta, og eit kor song «Nordmannen» - på norsk.

ransen femnde om mange tema, som Den nordiske språkfellesskapen. Ein paneldebatt om Språklover i Norden. Lynkurs i samisk. Danske dialektar – i fare? Norsk romani, Framtida for nordiske teiknspråk.

5. august i Moorhead, Minnesota, USA

Etter initiativ frå Språkåret blei 200-årsdagen til Ivar Aasen også feira i USA. Fargo Sons of Norway Kringen Lodge la ned krans ved bysta av Ivar Aasen ved Concordia College i Moorhead, Minnesota. Denne bysta er den einaste som finst av Ivar Aasen utanfor Noreg, og ho blei avduka til hundreårsjubileet i 1913. Kringen Lodge var svært entusiastiske over førespurnaden i frå Språkåret, og det var både talar og korsong – «Mellom bakkar og berg» på norsk.

Minoritetsspråk på reise i Europa

Prosjektet *Minoritetsspråk på reise i Europa* blei utvikla ved Universitetet i Groningen for å få fram meir kunnskap om norske urfolks- og minoritetsspråk. Difor fekk dei støtte frå Språkåret. Hausten 2013 arrangerte dei ein vitenskapleg konferanse i Frisland i Groningen i Nederland, med mellom anna ein språkverkstad om samisk og kvensk språk.

8.5 Samiske tiltak

Dei samiske språka er urfolksspråk, Sametinget har det operative ansvaret for desse språka, medan den norske staten har eit overordna ansvar. I Språkåret 2013 sette Sametinget i gang to prosjekt – eit språkseminar og ein språkkampanje. Det kom også mange andre initiativ frå samiske språksenter, bibliotek, festivalar og privatpersonar, og Språkåret løyvde 70 000 kroner til tre samiske prosjekt.

Til prosjektplanen hadde Sametinget lagt fram planar for fleire store prosjekt. Dåverande sametingspresident Egil Olli la også vekt på det høge ambisjonsnivået Sametinget hadde for Språkåret, då han helsa Språkåret 2013 under opninga i januar. Sametinget løyvde ikkje midlar til alt administrasjonen i Sametinget



Jakkemerke til kampanjen «Snakk samisk te mæ», som blei lansert under Samisk språkkonferanse i Tromsø 13.11.2013.

hadde planlagt, og i praksis blei dei samiske prosjekta i Språkåret i hovudsak sette i gang av andre aktørar.

Snakk samisk te mæ

Eit av dei prosjekta Sametinget sette i verk, var haldningskampanjen «Snakk samisk te mæ». Kampanjen blei lansert 13.11.2013 under Samisk språkkonferanse i Tromsø. Målet er å motivere unge samar til å bruke samisk meir enn dei gjer i dag, auke bruken av samisk på fleire og nye arenaer og synleggjere samisk språk generelt.

Kampanjen blir i stor grad gjennomført i sosiale medium, og Sametinget har engasjert 24 unge samar som språkkambassadørar. Desse har fått eit spesielt ansvar for å vere aktive brukarar og pådrivarar for å få fleire til å delta.

Tjæleme

Fleire arrangørar som arbeidde med samisk i Språkåret, var opptekne av å setje i gang tiltak som kunne auke forståinga og bruken av samisk. Dette var også tilfelle med Tjæleme, ein månadleg skrivekonkurrans for ungdom, arrangert av Senter for samisk i opplæringa i Kautokeino. Målet var å fremje lesing og skrivning på samisk blant samisk ungdom.

Samisk litteraturfestival

I Varanger og Nesseby blei det i Språkåret 2013



Festival er lange dagar og gode pausar: frå Samisk litteraturfestival i Neiden i mai.

for første gong arrangert ein *Samisk litteraturfestival*. Denne festivalen var eit samarbeid mellom Isak Saba-senteret i Nesseby, Nesseby bibliotek, Bokbussen i Tana, og Nesseby og Varanger Samiske Museum. Målet med festivalen var å auke merksemda for samisk litteratur i alle former. Prosjektleiaren i Språkåret 2013 stod for den offisielle opninga av festivalen.

8.6 Kvenske tiltak

Kvensk har vore offisielt minoritetsspråk i Noreg sidan 2005, og eit viktig tiltak i Språkåret var å få ferdig den første kvenske grammatikken.

Dei to institusjonane Kvensk institutt i Børselv og Halti kvenkultursenter i Nord-Troms arbeider særskilt for å styrkje kvensk språk. I tillegg arbeider den frivillige ungdomsorganisasjonen Kveeninuoret / Kvensk ungdomsnettverk med ulike språktiltak for ungdom. Også organisasjonar som Norske Kveners Forbund / Ruijan Kveeniliitto arbeider målretta for å styrkje kvensk språk og kultur, og Universitetet i Tromsø underviser i kvensk.

Det kvenske språkmiljøet var aktive og nytta Språkåret 2013 godt til å utvikle fleire prosjekt. I utviklingsprosjektet var det oppretta god kontakt med dette miljøet, som dermed var godt førebudde. I tillegg kom det fleire søknader frå det kvenske språkmiljøet då Språkåret lyste ut prosjektstøttemidlar, og

Språkåret har bidratt til å forsterke søkelyset på norsk tegnspråk – noe vi håper fortsetter i 2014.



*Bjørn A. Kristiansen, generalsekretær
Norges Døveforbund*

det blei løyvt 80 000 kroner til tre prosjekt.

Fornyings- administrasjons- og kyrkje- departementet løyvde i alt vel 2,3 millionar kroner til kvenske språk- og kulturtiltak i Språkåret. Det gav det kvenske miljøet eit ekstra påskot til å vere aktive i 2013 (sjå kap. 10.5).

Kvensk grammatikk

Eit av dei viktigaste tiltaka frå det kvenske språkmiljøet i 2013 var å gjere ferdig den første grammatikken for kvensk språk. Kvensk institutt samarbeidde med Eira Söderholm, førsteamanuensis i finsk og kvensk ved Universitetet i Tromsø om utviklinga av grammatikken. Kvensk har overlevd som eit munnleg språk, og basert på ulike kvenske dialektar utvikla Söderholm eit grammatisk system. Manuskriftet blei ferdig i 2013, og Söderholm presenterte prosjektet ved avslutningsarrangementet i Ivar Aasen-tunet 6.12.

Når den kvenske grammatikken er utgitt, har kvener og andre fått eit viktig verktøy i re-



Alf Nilsen-Børsskog blei den første vinnaren av Kvensk litteraturpris, delt ut i Børselv 29.5.2013. Det blei også den siste heideren han fekk; han døydde i januar 2014. Foto Wigdis Farstad.

vitaliseringa av kvensk som munnleg og skriftleg språk.

Kvensk litteraturpris

Den eller første kvenske litteraturprisen blei delt ut i Språkåret 2013. Initiativtakar og prisutdelar var Kvensk institutt, og prisen var på 50 000 kroner. Prisen gjekk til Alf Nilsen-Børsskog (1928–2014), som gav ut tre romanar og fire diktsamlingar på kvensk. Børsskog fekk prisen for synleggjering av kvensk språk, kultur og historie.

Muisto ja toivo - Minne og håp

Halti kvenkultursenter produserte fram- syninga Muisto ja toivo med prosjektstøtte frå Språkåret 2013. Målet var å fortelje historia om utviklinga til det kvenske språket gjennom forteljing, song og musikk. Aktørane var born og unge i Nord-Troms saman med Kvensk songgruppe, ihana! og musikarane Jan Johansson og Evgeny Kabesjov.

8.7 Tiltak for norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk blei integrert på fleire måtar i gjennomføringa av Språkåret 2013. For å møte målet om å få fram meir kunnskap om og skape større respekt for teiknspråk tok sekretariatet tidleg kontakt med Norges Døveforbund, Språkrådet og Teater Manu. Desse institusjonane er med sin språkfaglege, språkpolitiske og teaterfaglege kompetanse tre viktige organisasjonar som kvar dag arbeider for å skape større respekt for teiknspråk.

For at brukarane av teiknspråk skal få ein betre situasjon må det arbeidast språkpolitisk, heve status for språket, gjere teiknspråk meir synleg, knuse myter om teiknspråk og auke kunnskapen om teiknspråk generelt.

Språkåret arbeidde særskilt med synleggjering av teiknspråk. På basisarrangementa blei programinnslaga tolka til norsk teiknspråk, artiklar og stoff om teiknspråk blei publiserte på Facebook og nettstaden, og Teater Manu hadde eit innslag på opninga av Språkåret. Frå teiknspråkmiljø rundt om i landet



Det fleirspråklege Noreg i gamle grendi: språktapas på Volda ungdomsskule 23.5.2013. Foto Språkåret.

kom det spreidde initiativ. Teiknspråk-studentane i Bergen må nemnast særskilt. Inspirert av Språkåret 2013 og Ylvis-brørne framførte dei YouTube-slageren «The Fox» på norsk teiknspråk under eit arrangement på Torvalmenningen i Bergen.

8.8 Andre minoritetsspråkstiltak

I praksis har Noreg tre nasjonale minoritetsspråk: kvensk, romani og romanes.

Norsk romani er språket til romanifolket, og har eksistert som språk i Noreg sidan 1500-talet. Det finst ikkje tal på kor mange som kan språket, men oppslagsverket Ethnologue nemner om lag 6000. *Romanes* er språket til romfolket og blir snakka av om lag 500 menneske i Noreg, men av nærmare 1,5 millionar menneske i heile verda (Allkunne.no).

I utviklingsprosjektet var det berre oppretta avgrensa kontakt med romani- og romanes-miljøa, og kontaktnettet var tynt då etableringsfasen tok til. Sekretariatet sette difor i gang ei kartlegging våren 2013 og kontakta Romanifolkets riksforbund, Taternes Lands-

forening, Landsorganisasjonen for romanifolket, Romanifolkets kystkultur og Glomdalsmuseet. Det kom tydeleg fram at det skilde seg mykje i desse miljøa kor godt kjende dei var med at det var eit nasjonalt språkår i 2013. Ein informasjons-e-post med oppmoding om å nytte Språkåret 2013 til å skape merksemd om eige språk gav mange positive tilbakemeldingar. Responsen var også god frå minoritetsspråkmiljøa då Språkåret inviterte dei med på arrangement som Språkårsforum og minoritetsdag.

Minoritetsspråkdag

I språkårsforum i mai 2013 kom det fram eit sterkt ønske frå minoritetsspråkmiljøa om eit eige samarbeidsforum for minoritetsspråk. Dette tok sekretariatet som ei positiv tilbakemelding frå miljøa om at dei ønskte å bruke Språkåret aktivt.

Sekretariatet kontakta difor Språkrådet og utvikla saman med dei program for minoritetsspråkdag hos Språkrådet i Oslo 16.10.2013. Målet var å leggje til rette for samarbeid og

Takk for et fint kurs. Synes det var veldig givende og fint. Takk for samarbeidet så langt og håper vi kan fortsette videre i 2014.



Bjørn Godin Nikolaysen, leiar
Landsorganisasjonen for Romani-
folket Oslo og Akershus

erfaringsutveksling mellom dei nasjonale minoritetsmiljøa. Arrangementet samla deltakarar frå fleire minoritetsspråkmiljø: Kvenlandsforbundet, Norske kveners forbund, Kvensk ungdomsnettverk, Romanifolkets riksforbund, Landsorganisasjonen for romani-folket, Taternes Landsforening, Skullerud voksenopplæring og Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring.

Det blei ein innhaldsrik dag med sterkt engasjement, og behovet for ei slik samling blei stadfesta. Miljøet sa klart frå om at mykje må gjerast for å styrkje minoritetsspråka i Noreg. Dei framheva språkopplæring som det viktigaste, og at denne bør ta til så tidleg som mogleg – helst i barnehagen (sjå kap. 3.3).



Dagfinn Worren gav ut Ivar Aasen-almanakken første gongen i Ivar Aasen-året 1996. Til Språkåret 2013 var tida inne for mobil-app. Formgivar: Thomas Portilla.

8.9 Digitale tenester

Det var sjølv sagt at Språkåret 2013 skulle tilby og fremje digitale tenester til publikum, og om lag 15 ulike forslag til digitale tenester låg føre i prosjektplanen. Mangel på tid og ressursar gjorde at dei største prosjekta ikkje blei prioriterte, men fleire initiativ oppstod ute i språkmiljøa, og Språkåret var sjølv med og fekk fram nokre av prosjekta.

Tre interessante prosjekt som blei realiserte, var *Dagens Aasen-ord*, *Språksansen* og *Språkkalender*.

Dagens Aasen-ord

Dette var ein app med daglege Ivar Aasen-ordtak for smarttelefonar, både iPhone og Android. Dagfinn Worren var redaktør for tekstane i *Dagens Aasen-ord*, der han førte vidare den Ivar Aasen-almanakken som var blitt utgitt på papir av *Dag og Tid* 1996–2011. Til liks med redaktøren var også programutviklar og formgivar knytte til Universitetet i Oslo.

Appen blei lasta ned 6572 gonger i 2012 og 2013. Det var vesentleg meir enn opplaget av den trykte almanakken dei siste åra.

Språksansen

Gjennom heile 2013 publiserte språkåret.no kvar dag ein ny tekst om språk. *Språksansen* var store og små forteljingar om all verdas språk, tidsspennet strekker seg over 5000 år, og nærmare 300 språk blei omtalte eller nemnde. Forteljingane var skriva av Ottar Grepstad, som tok til å arbeide med dette manuskriptet hausten 2011. Det Norske Samlaget gav ut *Språksansen* med utvida stoff hausten 2013.

Språkkalender 2013

Institutt for språk og litteratur ved NTNU laga *Språkkalender 2013. Om språk – hver dag i Språkåret 2013* Med 365 tekstar blogga dei seg gjennom året med raus formidling av store mengder fagstoff. *Språksansen* og *Språkkalenderen* blei utvikla utan at prosjektmakarane visste om kvarandre. I alt var 35 720 brukarar innom *Språkkalender* i 2013.



Den 27.10.2013 sende NRK det første av seks program i serien *Dialektriket* med Yasmin Syed som programleiar. Til det siste programmet 8.12.2013 kåra sjåarane «smøyestol» til det beste dialektordet. Foto NRK.

8.10 Radio, tv, film

I Språkåret 2013 låg det til rette for gode debattar om dialektbruk, sidemål, minoritetsspråk, nynorsk, riksmål, teiknspråk, språkpolitikk og språklege rettar. Det var difor rikeleg materiale for tv- produksjonar. Tre initiativ skilde seg ut: *Dialektriket* (NRK1), musikkfilmen *Dei gamle fjelli* (Rollo Tomasi og Språkåret 2103), og *Språkteigen* (NRK P2)

Dialektriket

NRK1 produserte serien *Dialektriket*, ein serie om norske dialektar, med Yasmin Syed som programleiar. Serien blei send på NRK1 på søndagskveldane hausten 2013, og gjennom seks episodar blei dialektmangfaldet i Noreg presentert journalistisk originalt og fagleg påliteleg.

Dialektriket blei ein populær serie med gode sjåartal. I gjennomsnitt hadde programmet 607 000 sjåarar og ein marknadsdel på 31,4 %.

Dialektaksjonen

I tida før første episode av *Dialektriket* var nettsatsinga Dialektaksjonen ein del av promoteringa. Dialektaksjonen gjekk ut på at publikum via nettstaden og Facebook-sida til Dialektriket kunne nominere sitt beste dialektord. Dialektskya for nominering av favorittdialektord låg også på språkåret.no.

Dialektaksjonen blei eit populært tiltak, publikum nominerte heile 9385 dialektord, og i desember blei «smøyestol» kåra til vinnaren.

Dette er dei ti mest populære orda:

1. Smøyestol
2. Fælom
3. Pikkespråtte
4. Løye
5. Tåsje
6. Migertrøyng
7. Læmster
8. Bomsinn
9. Jysla
10. Nyglo

I en tid da det generelle ordskiftet omkring papiravisen ikke akkurat er preget av fremtidsoptimisme, laget Fredriksstad Blad en avis som fikk stående applaus. Årsaken var like enkel som den var genial: Hele avisen var skrevet på Fredrikstad-dialekt. Førsteopplaget var ekstra stort, men ble likevel revet bort. Vi trykket opp avisen i luksusutgave i hele tre nye opplag, og solgte dem land og strand rundt for 99 kroner per stykk. Selv etter ni måneder ble dialektsavisa solgt i stort monn, da som julegave.



René Svendsen, ansvarleg redaktør
Fredriksstad Blad

Musikkfilmen *Dei gamle fjelli*

Språkåret si gåve til det norske folk på 200-årsdagen til Ivar Aasen var musikkfilmen *Dei gamle fjelli*.

Filmen blei spelt inn i landskapet Aasen voks opp i, med lokale aktørar og songarar i alle aldrar. Opptaka blei gjorde i juni 2013 i Dale i Sunnfjord, Ørsta, Volda og Stryn. Filmen blei produsert av produksjonsselskapet Rollo Tomasi med Mikal Hovland som regissør.

Musikkfilmen blei mykje delt i sosiale media i tida etter lanseringa, og ved utgangen av 2013 hadde filmen vore vist om lag 14 800 gonger på YouTube.

Språkteigen

Redaksjonen i Språkteigen og sekretariatet i Språkåret hadde mykje kontakt om programmet gjennom året, og Språkteigen knagga jamleg innhaldet på aktuelle prosjekt i Språkåret. I tillegg hadde mange distriktskontor og profilerte sendeflater i NRK Språkåret på sendeplanen, særleg i samband med 200-årsdagen.

8.11 Aviser

Den store mengda medieklipp viser at Språkåret blei mykje omtalt i media gjennom 2013 (sjå kap. 7.9). Tre aviser markerte Språkåret 2013 på ein meir spesiell måte, og det gav dei merksemd langt utover dekningsområda deira. Dette var Fredriksstad Blad, Jærbladet og Bergens Tidende.

Fredriksstad Blad gav 6.3.2013 ut heile

nummeret på østfolddialekt. Dette var ein del av dialektfestivalen Prekæs på Litteraturhuset i Fredrikstad. Dialektutgåva blei godt motteken hos lesarane og fekk merksemd langt utanfor Østfold. NRK Dagsrevyen laga innslag, og statsminister Jens Stoltenberg sende ut ei melding på østfolddialekt same kvelden. Fredriksstad Blad hadde i 2013 eit opplag på nær 20 000 eksemplar. Denne dagen måtte avisa først prente eit ekstra opplag på 1500 eksemplar, seinare også ei spesialutgåve på fint papir som dei selde for kr 99,00 prenta i tre opplag på til saman 3000 eksemplar.

Inspirert av Fredriksstad Blad gav *Jærbladet* ut eit magasinvedlegg 2.10.2013 der alt var skrive på jærdialekt. Også dette var eit vellykka stunt som både heidra jærdialekten og markerte Språkåret 2013

På 200-årsdagen 5.8.2013 markerte *Bergens Tidende* jubileet med å gi ut heile nummeret på nynorsk. Til vanleg er om lag 10 % av stoffet i avisa på nynorsk. «Vi skuldar han stor takk. Utan Aasen ville vi ha skrive halvdansk heile gjengen», skreiv sjefredaktør Gard Steiro i ein kommentar med tittelen «Lenge leve spynorsken». Avisa blei denne dagen i ferietida trykt i 72 847 eksemplar – det er rekord for ei avis på nynorsk.

Møre-Nytt i Ørsta var den einaste avisa som hadde ei fast språkspalte spesielt knytt til Språkåret 2013. Frå og med 5.1. skreiv Jostein O. Mo 58 spalter i 2013 under vignetten «Ivar Aasen i samtid og ettertid», der han dokumenterte og fortalde særleg om biletkunst og bruksgrafikk knytt til Ivar Aasen. Spalte heldt fram i 2014, og prosjektet var om lag halvvegs ved utgangen av februar 2014.

Hællæ, grattulere til Fredriksstad Blad for at dere viser fram østfolddialektæ. Og takk til @joinnyg som hjælpte mæ med å skrive detta.



Statsminister Jens Stoltenberg
på Twitter 6.3.2013

8.12 Bøker og tidsskrift

I alt kom det ut 14 bøker og skrifter i 2012 og 2013 som var med og markerte Språk året 2013, 200-årsjubileet til Ivar Aasen eller 100-årsjubileet til Det Norske Teatret. Heile sju av bøkene kom ut på Det Norske Samlaget, medan fem ulike forlag stod for dei andre fem bøkene. Så godt som alle bøkene kom ut hausten 2013.

Bokklubben tok i 2012 eit eige initiativ til å bruke Språkåret som tema i den årlege utgivinga *Årets dager*, som kom ut i november 2012. I tillegg til det vanlege kalenderstoffet hadde boka fleire tekstar om språk, og i samarbeid med Norsk Oversetterforening var eit Aasen-ordtak omsett til ulike språk.

Med sju utgivingar mellom februar og oktober 2013 hadde Samlaget ei sterkare liste av bøker om språk enn forlaget har hatt på svært lang tid. To av bøkene blei trykte i nye opplag.

Vigmostad & Bjørke følgde opp suksessen *Den nynorske songskatten* med den påkosta utgivinga *Symra*, som nok blir ståande som referanseverket om diktsamlinga Ivar Aasen gav ut i tre utgåver 1863–1875.

Skald forlag stod for ei anna storsatsing med boka *Det fleirspråklege Noreg* (sjå kap. 8.3). Tromsø Mållag gav ut eit hefte med nordnorske barnesongar, og det utsette språket sørsamisk fekk viktig tilvekst med boka *Lengselen er et følehorn*.

- *Årets dager 2013*. Bokklubben, oktober 2012
- Janne Nygård og Vebjørn Sture: *Kva skal vi med sidemålet? Argument og fakta..* Det Norske Samlaget, februar (to opplag)
- *Nordnorsk barnesonghefte*. Tromsø Mållag, mai
- *Det fleirspråklege Noreg*. Skald forlag, juni
- Ottar Grepstad: *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*. Nynorsk kultursentrum, juni
- Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017*. Nynorsk kultursentrum, juli
- Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*. Det Norske Samlaget, august (tre opplag)
- Anne-Grethe Leine Bientie og Aina Bye: *Lengselen er et følehorn. Sørsamiske dikt og bilder*. Eige forlag, september
- *Norsk ordbok*. Band 11. Det Norske Samlaget, september
- Alfred Fidjestøl: *Trass alt –. Det Norske Teatret 1913–2013*. Det Norske Samlaget, oktober
- Kristin Fridtun: *Nynorsk for dumskallar*. Det Norske Samlaget, oktober
- Ottar Grepstad: *Språksansen. Kalender om all verdas språk*. Det Norske Samlaget, oktober
- Øystein Vangsnes: *Språkleg toleranse i Noreg – Norge, for faen!* Det Norske Samlaget, oktober
- Ivar Aasen: *Symra*. Redigert av Terje Aarset. Vigmostad & Bjørke, oktober



↑ Måndag kveld 5.8.2013 stig 200 ballongar til vørs og avsluttar ein fem dagar lang fest for Ivar Aasen i Ivar Aasen-tunet. Foto Ivar Aasen-tunet.

↑ Det Norske Samlaget lanserte *Historia om Ivar Aasen* av Ottar Grepstad på utescena i Ivar Aasen-tunet 1.8.2013. Foto Språkåret.

Nynorsk kultursentrum i Språkåret

Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993 og har no 22 stiftarar frå heile landet. Stiftinga eig og driv to museum, ein festival, fem nettstader og det digitale oppslagsverket Allkunne. Nynorsk kultursentrum la til grunn at alt vi gjorde i 2013, var å rekne som tiltak i Språkåret.

I 2013 blei det meir av nesten alt – fleire faglege publikasjonar, fleire gjester, fleire avslutta prosjekt, ambisiøse politiske initiativ, større inntekter, aktivitet fleire stader i landet, og endå betre resultat. Éin viktig skilnad frå Ivar Aasen-året 1996 var at no var Ivar Aasen-tunet i full drift. Det gav 200-årsjubileet ei eiga tyngd og førte til arrangement om språk gjennom heile året.

Fornya basisutstilling og ny temautstilling. Med *Språksamlaren Ivar Aasen* opna Ivar Aasen-tunet temautstilling nr. 29 i mars. Dette var ei utstilling om Ivar Aasens liv og verk, laga

for å kunne brukast også som vandreutstilling seinare. Ivar Aasen-tunet fornya basisutstillinga *Viljen til språk* for 1,2 millionar kroner med fleire nye installasjonar om språk frå heile verda, dialektar i Noreg og Norden. Utstillinga blei opna under Dei nynorske festspela i juni.

Seks nettstader i ny form. I 2012 tok vi til på arbeidet med å fornye alle nettstadene til Språkåret, og dette arbeidet var fullført i juni 2013.

Dei nynorske festspela. Denne årlege feiringa av den nynorske skriftkulturen med alle sine dialektar var eit av basisarrangementa i Språkåret (sjå kap. 8.2).

200-årsdagen. Fire veker etter Dei nynorske festspela gjennomførte vi ein ny festival, denne gongen med 35 arrangement på fem dagar for nær 2000 gjester. Dette var meir enn eitt av fleire basisarrangementa i Språkåret.



↑ I Ivar Aasen-1996 planta representantar for sju parti denne bjørka i Ivar Aasen-tunet på fødselsdagen. Den 5.8.2013 var representantar for ni parti med og feira jubilaranten og diskuterte norsk språkpolitikk. Foto Ivar Aasen-tunet.



↑ Tunkatten Lurivar hadde eigen fødselsdagssong for 200-årsjubilaranten, skriven av Hilde Myklebust og tonesett av Anna Elise Vadset. Foto Ivar Aasen-tunet.

Den 5.8. var dagen alt handla om, dagen då vi i det minste vona at nasjonal merksemd blei retta mot Aasen-tunet og vi ville bli prøvd i full skala. Berre dagane 5. og 6.8. fekk vi 695 medieklipp på ulike søkjeord.

Hundreårserklæring. Til 200-årsdagen 5.8. la Noregs Mållag og Nynorsk kultursentrum fram felleserklæringa «Nynorskpolitikk for det 21. hundreåret». Denne blei straks eit debattgrunnlag og markerer retninga for det vidare språkpolitiske arbeidet vårt.


Ny kunnskap i mange format. Gjennom utstillingar, arrangement, bøker, skrifter og foredrag formidla Nynorsk kultursentrum eit moderne bilete av språk i Noreg, det Ivar Aasen utretta, og den rike arven Noreg har etter han. Medarbeidarar publiserte fem bøker og større skrifter på nær 1100 sider. Ei av dei, *Historia om Ivar Aasen*, blei i 2014 nomi-

nert til Kriticarprisen for beste sakprosa bok. På Aasentunet.no publiserte vi 150 brev til Ivar Aasen som med få unntak ikkje har vore offentleggjorde før. Frå januar til desember heldt medarbeidarar til saman 61 foredrag om språk generelt og Ivar Aasen spesielt.

Turnear i Den kulturelle skulesekken. Ivar Aasen-tunet gjennomførte 265 framsyningar for vel 9500 elevar og lærarar i fleire fylke.

Allkunne med Språkåret spesial. Det digitale oppslagsverket auka aktiviteten og bruken mykje og publiserte mykje stoff med særleg tilknytning til Språkåret.

Kjennskap til Ivar Aasen-tunet. I desember 2012 svara 43 % at dei kjende til Ivar Aasen-tunet. Eit år seinare svara 49 % det same. Kjennskapen auka mest blant dei under 25 og dei over 60.



Posten Noreg lanserte to frimerke til Språkåret 4.9.2013. Både frimerke og førstedagskonvolutt er formgitt av Stian Hole.

I tillegg laga tidsskrifta *Apollo* (Universitetet i Oslo) og *Språknytt* (Språkrådet) temanummer om språk og Språkåret 2013. Språkrådet gav også ut to temanummer av *Statsspråk* om Språkåret og emne knytte til Språkåret.

8.13 Frimerke

Etter eit initiativ i utviklingsprosjektet hausten 2012 lanserte Posten to nye frimerke i høve Språkåret 2013 til A-post inntil 20 gram – eitt med motiv av 200-årsjubilanten Ivar Aasen, eitt med motiv frå 100-årsjubilanten Det Norske Teatret. Begge var skapte av illustratør Stian Hole

Posten Noreg lanserte frimerka på Det Norske Teatret 4.9.2013. Frimerket av Ivar Aasen blei avduka av Gaute Øvereng, dagleg leiar i Ivar Aasen-tunet. Frimerket om teatret hadde eit bilete av Lasse Kolstad i den store rolla hans, *Tevje i Spelemann på taket*. Sonen Lars Kolstad avduka frimerket.

Frimerka blei utgitt i ruller à 100 frimerke – 50 av kvar, og kvart av dei blei trykt i 5 095 000 eksemplar.

8.14 Utstillingar

Mange institusjonar markerte Språkåret 2013 med utstillingar der utgangspunktet var språk og Språkåret, Ivar Aasen eller hundreårsjubileet til Det Norske Teatret. Tre av utstillingane blei laga og viste i Oslo, Ørsta og Tromsø.

Leve språket!

Nasjonalbiblioteket opna utstillinga *Leve språket!* på Den europeiske språkdagen 26.9. 2013, og utstillinga blei vist ut året. I tillegg til ein brei presentasjon av språk i Noreg og norsk språkutvikling blei vinnarbidraga frå språkkonkurransen *Språk i ditt liv* viste fram i utstillinga (sjå kap. 8.18). Elevar frå 9. steg ved Fyrstikkalleen skole i Oslo var med i ei referansegruppe for utstillinga. I tillegg til

denne temporære fysiske utstillinga utvikla Nasjonalbiblioteket ei nettutstilling og ei plakatutstilling til gratis nedlasting frå nb.no.

I am language

Dette var ei utstilling i Universitetsbiblioteket i Tromsø under Tromsø International Conference on Language Diversity. Utstillinga viste språkleg mangfald gjennom lyd, bilete og tekst. Både Ivar Aasen, norske dialektar, språkmangfaldet i Tromsø og eit utval av truga urfolksspråk blei viste fram.

Ivar Aasen og Bergen

Til basisarrangementet i Bergen opna Universitetsbiblioteket i Bergen utstillinga *Ivar Aasen og Bergen* 13.3. I utstillingskatalogen gav biblioteket ei fylldig innføring i emnet, medrekna tida hans på strilelandet 1843–44. Utstillinga blei vist til 15.4.

8.15 Musikk

Svært mange av dei 1600 ordinære arrangementa brukte musikk som ein del av programmet. Døme på dette er «Vindar frå Vest», «Rem & Rem», «Dialog for blåser», «Sjanti på nynorsk og «Ivar Aasen i ord og tonar».

Samstundes inspirerte Språkåret fleire artistar til nye prosjekt, konserttilbod og plateutgivingar. I dette låg også ein motivasjon til å syngje meir på norsk. Den godt etablerte artisten Moddi gav såleis for første gong ut ei plate med songar på norsk. Desse verka vil leve lenge etter 2013.

Tre slike prosjekt prega mange arrangement i Språkåret.

Aasmund Nordstoga

Våren 2013 gav Aasmund Nordstoga ut sitt fjerde album. *Guten* var ei samling av dei beste A.O. Vinje-songane med eit par med Griegs melodiar, men dei fleste nyskrivne av Odd Nordstoga, som også hadde arrangert det heile. «Min intensjon er å pakke dikta inn i viseformatet, slik at teksten kjem tydelegare



Ein av vinnarane i konkurransen «Språk i ditt liv» som Nasjonalbiblioteket arrangerte i Språkåret, og som blei ein del av utstillinga *Leve språket!* på Nasjonalbiblioteket frå 26.9.2013 Foto Nasjonalbiblioteket.

fram enn i romansetradisjonen, og slik at Vinjes tekster på mange måtar framstår meir moderne. Edvard Grieg tok Aasmund Olavsson Vinje ut til all verdas operahus. Min intensjon er å ta han heim att til Plassen», sa Aasmund Nordstoga.

To av songane blei framførte ved opningshøgtida i Kristiansand, plata blei lansert 5.4., og utover året blei det mange konsertar med heile albumet.

Baker Hansen

Dette er historia om fem norske jazzutøvarar som tok Chet Baker med på ei norsk språkreise til eit møte mellom amerikansk cooljazz og norsk fjellluft, tidlege jazzstandardar og morsmålet norsk. Musikk frå Chet Bakers repertoar fekk fornya kraft gjennom nyskrivne, nynorske gjendiktingar av vokalist Sigurd

Rotvik Tunestveit frå Ål i Hallingdal. Dermed blei stykke som «There will never be another you» og «My funny valentine» til «Aldri finn eg ei nett slik som deg» og «Min fine hjarteven».

Hausten 2013 var kvintetten Baker Hansen ute på ein noregturné med 16 stoppestader, og i 2014 var det klart for cd-utgiving.

Ord

DRM Klikk er ei hip-hop-gruppe frå Drammen



Knut Nærum legg dei første brikkene i Scrabble-konkurransen Forfatter møter fjortis under Norsk litteraturfestival på Lillehammer i mai 2013. Foto Språkåret.

som i Språkåret lanserte plata *Ord* i Oslo 11.4.

Denne plata er DRM frå a til å. I produksjonen var ei rekkje aktørar med, som Tommy Tee, Adonis og Rhino Hansen.

Grappa hadde ein miniturne til blant anna Trondheim og Drammen.

8.16 Scenekunst

I utviklingsprosjektet og tidleg i etableringsfasen var det kontakt med mange teater landet rundt om repertoaret i 2013. Den lange planleggingstida i moderne teater gjorde det vanskeleg å få til alt som var tenkt, men fleire teater skapte produksjonar som sette spor etter seg og som blei sett av mange. Kabareten *Ein god dag kjem aldri for tidleg* og *Barn av Babel* var to slike produksjonar. Språkåret ytte for sin del støtte til tre kvenske teateroppsetjingar.

Barn av Babel

Albatross ved Marie Ulsrud utvikla saman med forteljaren Torgrim M. Stene den fleirspråklege framsyninga *Barn av Babel*. Denne blei vist på Rumifestivalen i Oslo hausten 2013. Her handla det om språk som både barriere og bru, og undervegs blei det på scena veksla mellom ulike språk. Når ulike språk blir likestilte på ei scene, blir skilnadene viska ut og kommunikasjonen løfta til eit anna nivå.

På scena var det fire utøvarar: Torgrim M. Stene (norsk forteljar) Sara Ramin Osmundsen (norsk/martiniquesk poet og skodespelar) Chirine El- Ansary (egyptisk scenekunstnar) Morten Minothi Kristiansen (norsk musikar).

8.17 Samtalar, debatt og foredrag

I Språkåret 2013 blei det gjennomført ei rekkje debattar, foredrag, konferansar, samtalar om språk, paneldebattar og meir til. Både litteraturfestivalar og biblioteka var populære debattarenaer i Språkåret.

Inspirert av at det var språkår arrangerte ei rekkje festivalar debattar og foredrag om ulike språktema, og Språkåret samarbeidde med fleire av desse: Samisk Litteraturfestival i Tana og Nesseby, Norsk Litteraturfestival på

Lillehammer, Bjørnsonfestivalen i Molde, Dei nynorske festspela i Ørsta og Volda, Falturiltu på Stord og Kapittelfestivalen i Stavanger.

Forfattar møter fjortis

Språkåret 2013 samarbeidde med Norsk Litteraturfestival på Lillehammer om ein programpost for ungdom og organiserte Scrabble-turneringa Forfatter møter fjortis for ungdomskular i området. Med eit stort Scrabble-spel fekk kreative ungdomsskuleelevar utfordre profilerte forfattarar til Scrabble-kamp. Dommar var Helene Uri, og vinnarane blei til slutt forfattarane.

Minoritetsspråk-bonanza

Programposten *Minoritetsspråk-bonanza* og *Helene Uri* var eit samarbeid mellom Kapittelfestivalen i Stavanger og Språkåret 2013. Etter ein samtale mellom Liv Gulbrandsen og forfattere om romanen *Rydde ut* som Uri gav ut sommaren 2013, blei scena fleirspråkleg med litterære innslag på fire språk. Walisiske Jon Gower las frå novellesamlinga *Too Cold for Snow*, katalanske Carlos Torner framførte katalansk poesi, og samiske Rawdna Carita Eira las frå *Ruohta muzetbeallji ruohta / Løp svartøre løp*. Ein avsluttande paneldebatt om situasjonen for minoritetsspråka i Europa blei leidd av den italienske forfattere Diego Marani.

Hamar dialekt- og mållag

Hamar dialekt- og mållag hadde eit aktivt år med om lag 40 arrangement frå nynorsk-kafear (språkkafear) og foredrag til konsertar og debattar. I tillegg til nynorsk blei dermed mellom anna fransk, islandsk, kinesisk og engelsk feira på Hamar i Språkåret 2013. Leiar Jens Haugan i Hamar dialekt- og mållag hadde over 70 kronikkar og avisartiklar om språk på trykk i ulike aviser dette året.

«Ivar Aasens sans for språk»

I samarbeid med Det Norske Samlaget og litteraturhus, historielag, bokhandlar, mållag og

ungdomslag over heile Sør-Noreg gjennomførte Nynorsk kultursentrum bokturneen *Ivar Aasens sans for språk* i haustmånadene. Etter 5700 kilometer og 33 arrangement hadde Ottar Grepstad snakka om bøkene *Historia om Ivar Aasen* og/eller *Språksansen* for om lag 2000 gjester.

8.18 Konkurransar

Språkåret 2013 var mykje brukt som tema i konkurransar. Eitt døme er Noregs Ungdomslag, som gjorde språk til tema for den årlege tevlinga *Kven veit?* våren 2013. Der var 548 deltakarar med på til saman 95 lag – medrekna ein del skular. Tre ulike konkurransar blir nærmare omtalte nedanfor.

Språk i ditt liv

Ein populær konkurranse for skuleelvar over heile landet var Nasjonalbibliotekets konkurranse *Språk i ditt liv*. Alle elevar på 5.-10. trinn og i vidaregåande skule var inviterte til å vere med, og det var opp til elevane sjølve å definere språk. Konkurransen var utvikla saman med dei nasjonale sentra for fleirkulturell opplæring, framandspråk, matematikk, nynorsk og samisk.

Det kom inn 19 bidrag frå mellomsteget (5.-7. trinn), 21 frå ungdomsskulen (8.-10. trinn) og 37 bidrag frå vidaregåande skular, til saman 77 bidrag. Vinnarane blei kåra av ein jury med sju medlemmer der direktør Arnfinn Muruvik Vonen i Språkrådet var leiar og prosjektleiaren i Språkåret var ein av medlemene.

Vinnarbidraga frå dei ulike klassetrinna fekk bokpremiar og blei viste i utstillinga *Leve språket!* (sjå kap. 8.14).

Det ble en meget vellykket foredragskveld. Bra foredragsholder, et engasjert publikum og god stemning. Fullt hus på Hønse-Lovisas hus i Oslo.



Anne Mette Hegdahl,
Hønse-Lovisas hus



↑ Kong Harald 5 var til stades ved opninga av hundreårsjubileet til Det Norske Teatret 6.10. saman med statsråd Hadia Tajik, varaordførar Lise Rieber Mohn, styreleiar Ina Refseth og teatersjef Erik Ulfsby. Alle foto: Det Norske Teatret.



↑ I jubileumssesongen sette Det Norske Teatret opp att Bikubesong etter romanen av Frode Grytten, dramatisert av Lasse Kolsrud ti år tidlegare. I hovudrolla: Hans Rønningen.

Det Norske Teatret i Språkåret

Det Norske Teatret er eit av våre mest folkekjære teater og har i fleire år vore det mest besøkte teateret i landet. Frå den spede starten i 1913 har teateret vakse til å bli ein sentral aktør i norsk kulturliv som har vore med på å syne fram nynorsken og det norske dialektmangfaldet til millionar av nordmenn. Som eitt av to likestilte nasjonalteater i landet har Det Norske Teatret fått den statusen Hulda og Arne Garborg drøymde om, men knappast våga tru på.

I jubileumsåret utvikla teatret eit breitt og ambisiøst program. For Det Norske Teatret var Språkåret og eige 100-årsjubileum to sider av same sak. Utan tvil sette jubileumsarrangementa våre både farge og preg på Språkåret.

Språket er huset til det som er. Offisiell opning av Det Norske Teatret sitt 100 års jubileum og Språkåret 2013 i Kristiansand. Språkåret vart opna av statsråd Hadja Tajik (sjå kap. 8.2).

Ein god dag kjem aldri for tidleg. Saman med Hordaland Teatr og Sogn og Fjordane Teater laga me ein kabaret som feira nynorsken og den nynorske diktinga både i høg- og lågstil på ein uhøgtidleg, men treffande måte. Kabareten var bygd opp om rollefigurane Sjefen og Arbeidaren som er travelt opptekne med å rydde og halde orden på Nynorsken. Det er ikkje enkelt, for Nynorsken viser seg å vere eit uregjerleg språk. Ingrid Weme Nilsen hadde regi og konsept. Kabareten hadde premiere i Bergen 7.9. og turnerte i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Oslo.

Historiske laurdagar. Forfattaren av teaterhistoria vår, Alfred Fidjestøl, og dramaturg Ola E. Bø gjekk gjennom viktige hendingar og tema i teaterhistoria. Seks laurdagar utover året samla dei eit interessert publikum på foajescenen Bikuben.



↑ Aktørar frå Den mangfaldige scenen og Bondeungdomslaget i Oslo rekonstruerte gateslaget hundre år seinare, med kong Harald 5 midt blant publikum (utanfor biletet).



↑ «Ein god dag kjem aldri for tidleg», er eit av ordtaka etter Ivar Aasen. «Ein god dag kjem aldri for tidleg» blei tittelen på den kabareten Det Norske Teater, Hordaland Teatret og Sogn og Fjordane Teater spela i Språkåret 2013.

Sesongopning med blautkake. På Ivar Aasens fødselsdag ønskte teatersjef Erik Ulfsby velkommen til ny sesong, og dei tilsette fortærte Aasens kontrafei på eit digert marsipanlok. Sjølve kaka var heller ikkje verst.

Jubileumsdagen 6.10. Denne søndagen vart ein dundrande suksess takka vere heilhjarta dugnadsinnsats frå alle tilsette ved teatret. Minst 10 000 menneske pressa på for å koma inn gratis til eit variert program på alle scener i huset – barneteater på Scene 2 sett i scene av Mari Moen, moderne drama på Scene 3 sett saman av Carl Morten Amundsen, og musikkteater på Hovudscenen lagt til rette av Erik Ulfsby og Sven Erik Kristoffersen. Frå ei utescene på Sehesteds plass heldt Charlotte Frogner og Are Kalvø i gang eit variert program med gjester frå fjern og nær, i gatene rundt teatret var det marknad, og inne i Bikuben

summa det heile dagen. På kvelden feira vi oss sjølve (sjå kap. 8.2).

Jubileumssoga Trass alt. Boka vart lansert i eit eige, svært godt besøkt arrangement i Bikuben med stor deltaking frå presse og fjernsyn. Boka vart seinare nominert til Brageprisen og har fått svært god mottaking.

Nynorsk på mange arenaer. Dette var eit språkpolitisk jubileumsseminar som Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum arrangerte i Teatersalen til BUL i Oslo med om lag 70 deltakarar. Ei rekkje innleiarar tok opp den språklege situasjonen i det samfunnet som omgir teatret. Særleg stor merksemd fekk eit foredrag av Kjartan Fløgstad om språktvang i bokbransje og presse. Foredraget utløyste ein svært interessant debatt som kan peika framover mot friare tilhøve for skrivande journalistar.

Omsetjarkonkurranse om Beatles-tekst

I samarbeid med Norsk Oversetterforening, Dagbladet og Norsk Litteraturfestival lyste Språkåret 2013 ut ein omsetjarkonkurranse i april. Oppgåva var å omsetje Beatles-teksten «I will» av Paul McCartney til norsk, og det kom inn 146 bidrag. Sigurd Brørs vann konkurransen, og vinnarbidraget blei framført på Norsk Litteraturfestival i juni.

Vil du, vil eg

Du blunka over borda:
Vil du bli kjent med meg?
Og eg smilte stilt og tenkte
i retur: Vil du, vil eg.

Eg leita etter orda
og du var like treg
Men vi fann dei få vi trengte
og dei var: Vil du, vil eg.

Kjærleik er ikkje tomme frasar
Kjærleik er stille brus
Kjærleik er ikkje tvil som rasar
Kjærleik er viljerus.

Vi kom oss ut i sola
Her går vi kvar vår veg
Ingenting er som å vandre
rundt og vite om den andre
Alt det gode som vi vil kvarandre
Vil du, vil eg Vil eg.

Sigurd Brørs

Det er veldig gøy å få en slik dusj av anerkjennelse i det jeg liker å kalle Språkårets kuleste arrangement. Det aller morsomste har rett og slett vært å delta i denne langvarige kreative aktiviteten. Jeg har hatt stor glede av de andre deltakernes bidrag, mange fine tekster og spennende å følge med. Og siden jeg er en «bokmålar», har #nynov vært en strålende utfordring og mulighet til å jobbe med nynorsk..



Jens Petter Kollhoj,
alias @jepeko

Twittertevlinga #nynov i 140

Gjennom heile Språkåret arrangerte Deichmanske bibliotek i Oslo skrivetevlinga #Nynov, delt opp i seks tevlingar med seks ulike tema. Alle bidrag måtte innehalde eller vere knytt til temaordet for månaden, emneknaggen #nynov og vere skrivne på nynorsk. Tekstane kunne vere forma som dikt eller prosa, avgrensa til 140 teikn. Om lag 500 deltakarar sende inn om lag 3000 tekstar.

*Vinden bles friskt på havet den dagen han
forsvann. Likevel finn ho trøyst i vinden.
I den er pusten hans gøymd, kjærteikna òg.*

8.19 Grunnskule og vidaregåande skule

Tiltak retta mot skuler er tid- og ressurskrevjande, og ein må vere ute i svært god tid for å kunne få inn program i Den kulturelle skulesekken. Sekretariatet prioriterte difor vekk dette, og forsøkte å finne gode samarbeidspartnarar til andre prosjekt retta mot målgruppa. Sjå meir under

Ordlaboratorium

Hamsunsenteret på Hamarøy har tidlegare utvikla programmet *Ordlaboratorium*, og hatt stor suksess med dette når elevar i småskulen har besøkt senteret. Her møter ungane professorane Æ og Å og blir med på jakta etter ord i alfabetet som enno ikkje er oppdaga. Gjennom leik, samtale og forteljingar skriv elevane klesnor-ord, bokstavkjeksord og dikt til eit dikttre. Professor Æ og Å turnerte med programmet i regi av Den kulturelle skulesekken i Nordland hausten 2013, støtta av Språkåret 2013.

Bok- og litteraturveke på Ulstein barneskule

Ulstein barneskule arrangerte i veke 16 bok- og litteraturveke for heile skulen med forfattarane Ingunn Røyset og Atle Hansen, og forteljararen Guri Aasen – som heldt forteljarverkstad. Elevane fekk velje mellom mange aktivitetar,

mellom anna produsere eigne bøker som dei viste fram for heile skulen. Lærarane melde tilbake at elevane i denne veka las mykje meir enn dei gjorde til vanleg.

Ekstremspråkdag på Greåker vidaregåande skole

Greåker vidaregåande skole i Sarpsborg arrangerte *Den store ekstremspråkdagen* i høve Språkåret 2013. Elevane hadde på førehand arbeidd med utvikle ei rekkje aktivitetar som ein på sjølv ekstremspråkdagen kunne bli med på: filmskaping, musikk, konkurransar, stuntdramatisering, veggaviser, diktning, reklamer, avis, radiosendingar, kåringar av dialektord, svelesteiking og mykje meir

Norsklæraren Tore Bjørnemyr skreiv ein hyllestsong til Ivar Aasen som musikklassen hans framførte, og heile skulen blei med i allsong.

Hyllest til Ivar Aasen (utdrag)

Melodi: «We are the world»

(Michael Jackson og Lionel Richie)

For kva er norsk? Jo, norsk er mykje
Ja, norsk er hundretusen dialektar,
kan ein tykkje
Men om du kjæm fra Toten
eller e frå Kristiansand
kan alle skrive same språk,
det skjønte han

Aasen han var sta,
traska rundt i mange år
så skjegget hans blei grått,
og fotsolen hans blei sår
Men han gav 'kje opp,
og Aasens livsverk står:
Det blei den nye norsken vår!

8.20 Universitet og høgskular

I academia var Språkåret 2013 eit mykje nytta fundament for foredrag, konferansar, seminar, konsertar og debattar. Blant basisarrangementa var både ein internasjonal språkkonferanse



Hamsunsenteret reiste Nordland rundt med elevprogrammet «Ordlaboratorium» i Språkåret. Foto Øyvind Olsen, Hamsunsenteret.

i Bergen i mars og ein verdskonferanse om språk i Tromsø i november (sjå kap. 8.2).

Det kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondheim hadde ei spesiell interesse i Språkåret all den tid det var dette selskapet som stimulerte og finansierte arbeidet til Ivar Aasen dei første åtte åra. Kontakt blei etablert tidleg, og Vitskapselskapet markerte jubileet på sin årlege høgtidsdag 8.3.

Forskingsdagane

Språkåret prøvde i lag med fleire forskarmiljø å få språk som hovudtema for Forskingsdagane 2013 (sjå kap. 9.1). Det endelege temaet blei diverre eit anna, men mange av forskingsinstitusjonane knytte likevel ein del av programmet til språk og Språkåret 2013.

Døme på dette er *Ibsen i italiensk språkdrakt* av førsteamanuensis Guiliano d'Amico ved Høgskulen i Volda, *Babels tårn og språkmirakelet* i Bergen og *Frå smilefjes til #imagebygging* i Trondheim. I arrangementet Hav og

vann på pøbben samtalte Arne Torp og Ken Runar Hanssen ved Universitetet i Nordland om kva ein kan lese ut av språket om samhandling på kryss og tvers av havstrekningar i gamal tid.

Nynorsk i sosiale medium

Allkunne var initiativtakar, vert og medarrangør for seminaret «Nynorsk i sosiale medium» i Ivar Aasen-tunet 4.4. Dette var eit akademisk seminar i samarbeid med Språkåret, Høgskulen i Volda og Nynorsk kultursentrum.

Rom for språk

Universitetet i Bergen arrangerte 14.-16.3. konferansen *Rom for språk* på Litteraturhuset i Bergen. Konferansen markerte språkleg mangfald og sette nynorsken inn i eit internasjonalt mangfaldsperspektiv ved hjelp av foredragshaldarar frå inn- og utland. Dag 1 «Ut med språket» spegla det språklege mangfaldet i Noreg og andre land og drøfta korleis samfunnet møter, eller bør møte, den fleirspråklege språkbrukaren. Dag 2 «Inn i språk

et» handla blant anna om tospråklege opplæringsmodellar i skulen og effekten det har på språkutviklinga hos enkeltmenneske. Dag 3 «Med og utan språk» kopla saman individ- og samfunnsperspektiv på språkkompetanse og tospråklegheit.

8.21 Offentleg forvaltning

Nynorsk kultursentrum engasjerte våren 2012 ein ekstern rådgivar til å konkretisere og utvikle vidare ideane i prosjektplanen om lokalt engasjement og korleis fylkeskommunane kunne involverast i praksis. I september 2012 sende Språkåret 2013 ut brev til alle fylkeskommunane med presentasjon av prosjektet, invitasjon til samarbeid og med ønske om møte. Etter om lag ein månad tok sekretariatet ei ringjerunde til alle fylkeskommunane, og frå hausten 2012 til mars 2013 blei det møte med ni fylkeskommunar. Fleire inviterte representantar for det lokale kulturlivet til informasjons- og idéutvekslingsmøte.

- Akershus fylkeskommune: fylkesdirektør for kultur og fylkesbiblioteksjef
- Oslo kommune: Deichmanske bibliotek
- Telemark fylkeskommune: rådgjevar for kunst- og kulturformidling, representantar for ulike kulturinstitusjonar og organisasjonar
- Vest-Agder fylkeskommune: fylkeskultursjef, representantar for ulike kulturinstitusjonar og organisasjonar
- Rogaland fylkeskommune: fylkeskultursjef, representantar for ulike kulturinstitusjonar og organisasjonar
- Hordaland fylkeskommune: fylkeskultursjef og staben hennar
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: prosjektleiar for fylkesjubileet, fylkesdirektør for kultur, og spesialbibliotekar
- Møre og Romsdal fylkeskommune: fylkesordførar og fylkeskultursjef
- Sør-Trøndelag fylkeskommune: fylkesbiblioteksjef, representantar for ulike kulturinstitusjonar og organisasjonar

Møta var svært positive, og særleg i dei fylka som hadde invitert med eksterne deltakarar, kom det inn fleire gode idear og initiativ. Språkåret innleidde ulike samarbeidsprosjekt med kontaktar frå desse møta. Møre og Romsdal fylkeskommune valde etter sitt møte med sekretariatet å løyve 100 000 kroner i særlege midlar til prosjekt i Språkåret (sjå kap. 10.4).

Grunnideen i prosjektplanen var at fylkeskommunane skulle vere sentrale i feiringa 5. august og gjere dette til ein nasjonal festdag. Ingen av fylkeskommunane tente på den ideen, mest fordi ferieavvikling gjorde det til ein vanskeleg dato. I staden oppretta difor Språkåret ei støtteordning for lokale tiltak (sjå kap. 10.4).

Møta var svært positive, og særleg i dei fylka som hadde invitert med eksterne deltakarar, kom det inn fleire gode idear og initiativ. Språkåret innleidde ulike samarbeidsprosjekt med kontaktar frå desse møta. Møre og Romsdal fylkeskommune valde etter sitt møte med sekretariatet å løyve 100 000 kroner i særlege midlar til prosjekt i Språkåret (sjå kap. 10.4).

Grunnideen i prosjektplanen var at fylkeskommunane skulle vere sentrale i feiringa 5. august og gjere dette til ein nasjonal festdag. Ingen av fylkeskommunane tente på den ideen, mest fordi ferieavvikling gjorde det til ein vanskeleg dato. I staden oppretta difor Språkåret ei støtteordning for lokale tiltak (sjå kap. 10.4).

Det kom ein del ut av kontakten med dei fylkeskommunane sekretariatet hadde møte med, og det hadde vore ønskjeleg med møte med fleire fylkeskommunar. Dei initiativa kom for seint, og det var vanskeleg å finne fram til dei riktige kontaktpersonane i kvart fylke innan Språkåret 2013 opna. Stemmerettsjubileet hadde gjort eit godt arbeid opp mot fylkeskommunane på eit tidleg tidspunkt, og mange hadde oppretta eigne fylkeskommunale prosjektorganisasjonar for dette jubileet. Difor blei heller ikkje Språkåret 2013 prioritert så høgt i desse fylka.

Det var språkårsarrangement 219 kommu-

nar over heile landet, men kommunane sjølve var sjeldan aktørar i arbeidet. Mange stader var det folkebiblioteket som tok seg av den kommunale innsatsen i Språkåret, og det med godt resultat (sjå kap. 8.3).

Det blei eit svært vellukka arrangement! Med tre innleiarar og to arrangørar var vi 50 til stades. Møtet gjekk over to timar med kaffi og kringle i ein pause midt i. Leiaren av Nissedal mållag takka meg i handa for initiativet, og fleire kom med hyggjelege kommentarar då vi var ferdige. Språkåret sin logo blei nytta i marknadsføringa, og prosjektet blei godt omtalt i møtet. Takk for den draghjelpa det har gitt, både til arrangementet og anna satsing i kommunen i år!



Nissedal kommune

8.22 Offentlege og private jubileum

I tillegg til dei jubilea som alt er nemnde, Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014, var det fleire jubileum både av offentlig og privat karakter i 2013.

Språkåret gav prosjektstøtte til ei markering av 200-årsjubileet for Jørgen Moe i Kristiansand domkirke 21.4.2013. Arrangementet var ein del av Agder og Telemark bispedømme si feiring av jubilaranten. Festframsyninga inneheldt både skodespel av Det dramatiske selskab og eventyrmusikk framført av Kristiansand symfoniorkester.

Hotell Bondeheimen i Oslo fylte 100 år i juni 2013. Kaffistova, hotellet, Heimen Husflid og Teatersalen til BUL har vore samlingsstad for folk frå bygd og by i hundre år. Den 8.6. feira Hotell Bondeheimen 100-årsjubileet med ein stor gatefest utanfor hotellet. Dei baud på underhaldning av Valkyrien Allstars, Aasmund Nordstoga og Kattene på Grønland. BUL hadde aktivitetar for store og små, og det var marknad.



Kritiske punkt

Språkåret prioriterte stort sett det som skulle prioriterast, og det vil alltid vere slik at noko av det ein prøver å få til, ikkje går som ein har tenkt. Svært mykje gjekk bra, men på nokre punkt burde oppgåver ha vore løyste på anna vis. Nokre viktige initiativ førte ikkje fram – slik vil det alltid vere. Dei røynslene Språkåret gjorde, høver for utdjupande analysar gjennom forskning.

9.1 Organisering

Det går att i rapportane frå ulike kulturjubileum at *arbeidspresset* blei stort og at det i periodar var for liten kapasitet til å følgje opp alle tiltaka så godt som ein ønskte. Slik blei det også i Språkåret 2013. Til tider blei presset for stort.

Prosjekttenkinga kom i gang vel så tidleg som for andre jubileum, men skilnadene jubilea mellom har vore store. Ivar Aasen-året 1996 blei først skipa i april 1995 etter eit forprosjekt som utgjorde eitt månadsverk, medan Ibsen-jubileet i 2006 hadde ein nasjonal komité like frå 1997. Initiativet til Wergeland-jubileet i 2008 kom fire år før, Hamsun- og Bjørnson-jubilea blei organiserte to år før dei opna, og Stortinget vedtok i 2009 å opprette ein hovudkomité for Grunnlovsjubileet 2014. Arbeidet med Språkåret strekte seg over lengre tid enn dette, men den formelle organiseringa var først på plass frå våren 2011. Det forsterka det tidspresset som følgjer med slike tidsavgrensa prosjekt der knapt noko kan utsetjast.

I prosjektplanen la Nynorsk kultursentrum opp til å oppnemne ei vidare *referansegruppe* i gjennomføringsfasen med representantar for

dei viktigaste samarbeidspartnarane. Dette kunne sikre både fleire enkeltarrangement og det mangfaldet av perspektiv som låg til grunn for Språkåret. Styret i Nynorsk kultursentrum følgde opp dette våren 2012 og vedtok mandat og rammer for referansegruppa i møte 5.6.2012. Ein viktig premiss var då at eit slikt organ kunne bli ei viktig rådgivande gruppe for styret. Det blei for lite tid til å følgje opp dette i den hektiske tida fram mot opninga i januar. I staden fylte Språkårsforum noko av den same funksjonen. Ei riktig samansett gruppe kunne nok vore med på å definere tydelegare samarbeidspartnarar og målgrupper for bokmålsarrangement, og gitt fleire eigarskap til året.

Stillinga som *prosjektlei*ar blei lyst ut straks prosjektplanen låg føre. Først då var der eit formelt grunnlag for å gjere dette, sjølv om finansieringa ikkje var avklara. Med tidlegare utlysing ville prosjektleiaren ha kome tidlegare i arbeid. I staden forvalta administrasjonen i Nynorsk kultursentrum oppfølgingsarbeidet i dei fem månadene februar–juni. Nokre gode idear kunne ikkje gjennomførast av di Språkåret ikkje hadde folk til å følgje dei opp i



Det populære radio programmet Språkteigen i NRK P1 laga sending frå Kristiansand 15.11.2013.

overgangsfasen mellom utvikling og gjennomføring.

Arbeidsmengda for prosjektleiaren blei svært stor hausten 2012. Sekretariatet skulle kartleggje nye samarbeidspartnarar, følgje opp tiltak som alt var i gang og setje i verk idear frå prosjektplanen. Hadde *produsenten* vore tilsett tidlegare, ville det vore lettare å fordele arbeidet med innhaldsproduksjon, og det kan hende at sekretariatet då hadde hatt kapasitet til å gjennomføre endå fleire av ideane frå prosjektplanen.

Etter kvart var det ikkje oppgåver nok til ein *prosjektsekretær* i 100 %-stilling. Frå mars 2013 arbeidde difor prosjektsekretæren på timebasis for Allkunne AS, og frå september 2013 i 20 %-stilling i Ivar Aasen-tunet. Dette reduserte driftskostnadene for Språkåret.

Undervegs melde det seg eit behov for meir *informasjonsfagleg* kompetanse i den vesle prosjektorganisasjonen, då det ikkje alltid blei tid nok til å gjere så mykje mediarbeid som ønskjeleg for dei største arrangementa. Ein informasjonsmedarbeidar kunne ha gjort meir ut av det materialet som kom frå lokale arrangørar, følgd opp lokalpresse over heile landet, fått til meir av debattinnlegg og kronikkar før basisarrangementa, og gjort meir ut av nyheitsbrev.

9.2 Initiativ som ikkje førte fram

Alt då prosjektplanen blei offentleggjort vinteren 2012, blei det framheva at Språkåret kom til å bli noko anna og noko meir enn det som var skissert i planen. Nye idear ville dukke opp, andre aktørar kome med, og somme idear ville bli verande idear.

Det var i prosjektplanen mange gode idear til samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar og ulike festivalar. Det viste seg at ein del av desse ideane var ganske laust funderte. For å få til eit godt samarbeid måtte både kontakt og tiltak bli sette i gang tidlegare enn det Språkåret makta. I tillegg var det krevjande å få opp språkengasjement i miljø der dette er lite eller heilt fråverande. Etter kvart som Språkåret blei forma, kom det få initiativ frå næringslivet, og av kapasitetsgrunnar prioriterte sekretariatet difor i liten grad å arbeide inn mot desse miljøa.

Vi arbeidde for å gjere språk til tema for *Forskningsdagane* i september 2013. Rådet i Nynorsk kultursentrum, der åtte av 22 medlemmer representerer forskings- og utdanningsinstitusjonar, vedtok i møter 27.9.2012 eit brev til Noregs forskingsråd om saka. Verken dette eller nokon av dei andre framstøytane gav resultat.

I prosjektplanen var tanken at *Språkmaga-*



Sametingspresident Aili Keskitalo opna Tromsø International Conference on Language Diversity 6.11.2013. Ho var også med i styringsgruppa for utviklingsprosjektet for Språkåret 2011–2012. Foto Sigrun Høgetveit Berg, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

sinet skulle bli ein fast publikasjon. Det Norske Samlaget blei invitert til å gå inn i prosjektet. Forlaget melde hausten 2012 at dei ikkje makta å gå inn i eit så stort prosjekt for tida.

Det nordiske viste mindre att i Språkåret enn prosjektplanen la opp til. Fleire viktige seminar blei haldne, men det var vanskeleg å utvikle idear som kunne gjennomførast med andre verkemiddel enn nettopp seminar og konferansar.

Språkåret søkte 15.12.2011 Noregs Bank om *sirkulasjonsmynt* til 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret. Banken bad i 2006 ei ekspertgruppe lage ei liste over hendingar i tida fram til 2018 som fyller dei kriterier som er etablerte. Gruppa la fram ei slik tilråding i 2008. Der var dette jubileet ikkje med, og banken melde i brev 5.3.2012 at dei ikkje kom til å lage sirkulasjonsmynt til 200-årsjubileet.

C&C Records tok initiativ til eit samarbeid med Språkåret om ei *cd-utgiving* der norske artistar som til vanleg syng på engelsk, spela inn dei mest populære songane sine på nynorsk. Tanken var at songane skulle sleppast utover hausten frå og med 200-årsjubileet. Prosjektet stoppa opp fordi det ikkje kunne finansierast.

Ein av fleire gode utstillingsidear i pro-

sjektplanen var ei *utstilling om norsk rock* på Rockheim. Den ideen var nok ikkje godt nok forankra i den aktuelle institusjonen, og sekretariatet kom inn for seint til at Rockheim kunne prioritere dette.

Nokre *digitale* idear måtte også skrinleggjast. Norsk Målungdom hadde røynsle med omsetjing av m.as. Facebook, og planen var at dei skulle verke som ein mentor i eit tilsvarande arbeid med å omsetje Twitter til nynorsk og samisk eller kvensk sommaren 2013. Det stranda på den samiske og kvenske sida.

Sekretariatet var fleire gonger i kontakt med Google Norge om å få banner med Ivar Aasen 5.8. Dei var positive til initiativet, men valde å la vere.

I prosjektplanen var det lite eller ingen ting om språkårstiltak i *nærings- og arbeidsliv*. Moglege inngangar for tiltak var interesseorganisasjonar, enkeltverksemder eller miljø av næringsføretak. Dette var det ikkje kapasitet til å få gjort noko med.

9.3 Bokmål

Det blei gjennomført ein del tiltak for bokmål, og mange tiltak i område der bokmål er det mest brukte språket. Språkåret såleis gav støtte til 200-årsjubileet for Jørgen Moe og til utgivinga av boka *Det fleirspråklege Noreg*, der bokmål blir presentert på linje med andre språk i Noreg. Riksmålsforbundet arrangerte seminar om språket i barnebøker, og Dei nynorske festspela baud på foredrag om bokmål. Mange bokmålsbrukarar var også med og fekk til arrangement som på ulike måtar retta merksemda mot språk i ei eller anna form, ikkje minst dialektar. Den auka merksemda om språk som følgde med Språkåret, kom tvil-laust også bokmålsbrukarane til gode.

Som det mest brukte språket i Noreg representerer bokmål eit reelt hegemoni. Røynsler frå mange land syner at det ikkje er det dominerande språket i eit samfunn som blir feira eller løfta fram, men språk som er under press eller som er truga. Som det mest brukte språket blir bokmål teke for gitt av mange, og

spørsmål om bokmål blir drøfta på ein annan måte enn saker som gjeld nynorsk. Det er også vanskeleg å definere eit bokmålmiljø i Noreg, og der er få interesseorganisasjonar med bokmål eller riksmål som kampsak. Kva dette gjer med språkbrukarane og språksituasjonen, er ei av fleire oppgåver for seinare forskning.

Då prosjektplanen blei offentleggjort vinteren 2012, blei det framheva at no skulle alt språk i Noreg feirast, og at bokmål for første gong skulle feirast. I 2012 blei rett nok 200-årsjubileet for Knud Knudsen feira, men feiringa blei konsentrert om personen, ikkje språket.

I styringsgruppa for utviklingsprosjektet var bokmålsbrukarane i fleirtal nettopp for å sikre gode inngangar til ulike bokmålmiljø, men i prosjektplanen var det ikkje noko eige underkapittel med tiltak for bokmålsbrukarane. På alle styremøta i 2012 og 2013 drøfta difor styret strategiske grep og initiativ som kunne involvere store miljø av bokmålsbrukarar. Nynorsk kultursentrum hadde teke på seg det samla ansvaret for Språkåret og ønskte å oppfylle mål og planar. Såleis konkluderte styret

alt i juni 2012 at Språkåret sjølv måtte ta initiativ til gode bokmålsprosjekt.

Alt dagen etter opninga av Språkåret kom den første kritikken av mangelen på bokmåls-tiltak i Språkåret 2013. Riksmålsforbundet hevda at Språkåret var blitt eit skjult nynorskår. Denne kritikken kunne ha inspirert og engasjert bokmålmiljøa til større aktivitet og eigne initiativ, men slike kom det få av. Ein fann ikkje dei beste grepa, og det var ikkje ønskjeleg å halde igjen engasjementet i nynorskårsrsla.

Eit allspråkjubileum for språk i Noreg på nynorsk grunn, og med ein nynorskinstitusjon som ansvarleg for heile prosjektet på oppdrag frå Kulturdepartementet, var ingen opplagd kombinasjon for alle. Somme blei provoserte av at eit nynorskmiljø på denne måten gjorde krav på å fremje også bokmål som norsk språk, same kor sjølvsagt det burde vere. Verken i utviklings- eller første del av etableringsfasen var det likevel nokon som stilte spørsmål om denne sida av saka.

Språkåret 2013 har bidratt til økt oppmerksomhet omkring språk og ikke minst språklig mangfold i Norge. Dette engasjementet må føres videre, på en mest mulig inkluderende måte. Langt de fleste i Norge skriver bokmål/riksmål, men bokmålsbrukerne har ingen samlende interesseorganisasjon. Nynorskbevegelsen hadde en klar strategi for Språkåret, med forankring i tiltakets målsetning, mens arrangementene knyttet til bokmål og riksmål ble mindre synlige og mer tilfeldige. Språkåret kom til å inkludere både et seminar om bokmålets og riksmålets historie, og 60-årsfeiringen til Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. I Språkåret ble også ordbøkenes rolle og vilkår generelt i det norske språksamfunnet satt på den politiske dagsordenen.



Øystein Eek, seniorredaktør
Kunnskapsforlaget

10 Budsjett og rekneskap

Driftsbudsjettet blei vesentleg lågare enn føresett i prosjektplanen 1.2.2012. Aktiviteten blei derimot mykje større enn den same prosjektplanen la opp til. Språkåret hadde samla inntekter på nær 8,7 millionar kroner i åra 2011–2014. Det aller meste av desse inntektene var prosjekttilskot frå Kulturdepartementet. I alt fordelte Språkåret over 1,9 millionar kroner til om lag 40 store og små prosjekt over heile landet.

10.1 Plan og resultat

Målet i prosjektplanen var å finansiere kostnader på til saman 19 millionar kroner i åra 2011–2014. Budsjettet per 1.2.2012 føresette at Norsk kulturråd ville forvalte ei støtteordning for eksterne arrangørar på 7 millionar kroner, Kulturdepartementet skulle løyve 11 millionar kroner, medan mindre summar skulle kome frå fylkeskommunar, kommunar og sponsorar.

Det endelege budsjettet for Språkåret blei mindre enn halvparten av målet i prosjektplanen. Difor måtte ambisjonar og aktivitetsnivå reduserast. Med ein mangfaldig prosjektplan blei det mange harde prioriteringar. Mest hadde det å seie at Norsk kulturråd ikkje kunne ta på seg å få til den planlagde støtteordninga.

10.2 Finansiering

I møte med Kulturdepartementet våren 2012 streka politisk leiing under at Språkåret var eit stort, flott og ambisiøst tenkt prosjekt. Departementet delte ambisjonane for prosjektet, men kunne ut frå sine budsjetttrammer på

langt nær løyve så mykje som Språkåret søkte om. Politisk leiing kunne garantere ei løyving på 5 millionar kroner i 2013 og bad om eit revidert budsjett i juni 2012.

Styret vedtok i juni 2012 eit revidert budsjett. Sluttsummane var dei same som i januar, men budsjettet var skilt i eit basisbudsjett på 6 millionar kroner med eit utvida tilleggsbudsjett på 10,5 millionar kroner. I oppdatert søknad til Kulturdepartementet 2.7.2012 framheva Nynorsk kultursentrum at «eit inkluderande og fornyande språkår treng vesentleg meir midlar frå staten enn det basisbudsjettet gir rom for» og at «det utvida prosjektbudsjettet er nødvendig for å gjere Språkåret så inkluderande som både Kulturdepartementet og vi ønskjer det skal vere». Kulturdepartementet tok omsyn til dette og løyvde 1,5 millionar kroner meir enn føresett i basisbudsjettet.

Styret drøfta ved fleire høve korleis ein kunne få ein eller fleire hovudsponsorar til Språkåret 2013. Finansiering utanom statlege midlar blei den kritiske faktoren i prosjekt-

økonomien. Vi la lista høgt fordi Språkåret representerte ein høg profileringsverdi, og målet var å få til to sponsoravtalar. Dette arbeidet enda i tidsnaud og gav diverre ikkje resultat.

Språkåret søkte ikkje sjølv om støtte frå andre potensielle finansieringskjelder, som private stiftingar og legat, men stimulerte mange aktørar som sjølve søkte slike midlar. I samarbeid med Foreningen les! blei det utvikla eit større prosjekt der føresetnaden var støtte frå ei av dei store sparebankstiftingane. Dette gav diverre ikkje resultat. Totalt sett hadde difor Språkåret låge eigeninntekter.

10.3 Budsjett og rekneskap

Driftsbudsjetta for utviklingsprosjektet i 2011 og etableringsfasen i 2012 blei som føresett. I desember 2012 vedtok styret eit endeleg drifts-

budsjett for 2013 på 6,7 millionar kroner, og eit budsjett for avviklingsfasen i 2014 på 450 000 kroner. Den økonomiske strategien var heile tida at midlar som ikkje fanst, heller ikkje skulle bindast opp eller brukast på førehand.

Prosjektet Språkåret 2013 hadde i åra 2011–2014 samla inntekter på 8,7 millionar kroner (tabell 10).

Medrekna utviklingsprosjektet løyvde Kulturdepartementet i alt 8,5 millionar kroner til Språkåret 2013. I tillegg fekk Nynorsk kultursentrum i 2011 578 000 kroner i frie midlar som dels skulle brukast til tiltak i Språkåret, dels kunne brukast til slike tiltak ut frå eiga vurdering. Nynorsk kultursentrum gjer greie for desse midlane i årsmeldingane for åra 2011–2013.

Dei fleste kulturjubilea har fått til dels

Tabell 10
Rekneskap 2011–2014

1000 kr

	2011	2012	2013	2014	Sum
Inntekter					
Tilskot Kulturdepartementet	511	1351	5604	1042	8508
Andre tilskot og gåver		78			78
Varesal			60		60
Andre eigeninntekter			17		17
Sum inntekter	511	1429	5681	1042	8663
Kostnader					
Løn, pensjon og sosiale kostnader	342	674	1693	266	2975
Drift	141	363	591	153	1248
Varekjøp			45		45
Tilskot basisarrangement			1096		1096
Prosjekttilskot andre arrangement		120	1096		1216
Kommunikasjon	28	272	1107	82	1489
Anna			61	3	64
Sum kostnader	511	1429	5689	504	8133
Resultat	0	0	-8	538	
Finansinntekter	0	0	8	0	
Til vidareføring prioriterte prosjekt				538	538

store summar og mykje anna støtte frå kommunar som har vore særleg viktige i kvart tilfelle. Det einaste bidraget i Språkåret kom frå Møre og Romsdal fylkeskommune og blei forvalta særskilt av Nynorsk kultursentrum (sjå kap. 10.4). Vel var grunnlaget for Språkåret 200-årsjubileet for Ivar Aasen, men prosjektet var meir tematisk enn geografisk og personleg fundert, og difor var koplinga ikkje så direkte sjølv for dei kommunane som er mest knytt til Aasens liv og verk. Dessutan førte nok Stemmerettsjubileet 2013 med si meir offisielle organisering til at mange kommunar prioriterte den politisk-administrative innsatsen sin der.

Bruken av midlar blei stramt prioriterte og konsentrerte. Vel halvparten gjekk til drift og utvikling av programinnhald, og av dette stod lønskostnader til sekretariatet for 36 %. 25 % av midlane blei løyvde til prosjekt og arrangement i Språkåret, medrekna aktivitetar i regi av sekretariatet. Kommunikasjonskostnadene blei konsentrerte om utgåva av Språkmagasinet våren 2013 og utgjorde 18 % av samla kostnader.

Organisasjonen Språkåret blei driven billig. Det blei heile tida lagt vekt på å bruke effektive og smidige løysingar. Med sekretariat plassert nær ein godt etablert institusjon, kunne mangt løysast gjennom etablerte system i staden for å byrje på eit nullpunkt

med dei meirkostnadene det ville innebære.

Rekneskapa for avviklingsperioden i 2014 er gjord opp med kostnader på 504 000 kroner. Dette svarar godt til budsjettet i prosjektplanen 1.2.2012. Drifta blei også i 2014 dekt av dei midlane som var stilte til rådvelde.

Då sekretariatet blei avvikla 28.2.2014, hadde Språkåret att 538 027 kroner i ubrukte midlar. I brev 4.3.2014 bad Nynorsk kultursentrum Kulturdepartementet om løyve til å forvalte desse midlane til relevante prosjekt som kunne føre Språkåret vidare etter 2013. Kulturdepartementet slutta seg til framlegget i brev 14.3.2014, og i samråd med departementet fastsette styret i Nynorsk kultursentrum kriterium for bruken av midlane i møte 27.3.2014 (sjå kap. 11.3).

Rekneskap og revisjonsmelding er vedlegg 4 og 5 til denne rapporten.

10.4 Prosjektstøtte

Språkåret hadde vesentleg mindre pengar til rådvelde enn prosjektplanen føresette, men prioriterte likevel midlar til å støtte eksterne prosjekt. I åra 2012 og 2013 løyvde Språkåret såleis nær 2 200 000 kroner til slike føremål.

Av dette gjekk halvparten til dei sju basisarrangementa (tabell 11). Desse løyvingane var stort sett i samsvar med prosjektplanen. Unntaket var 200-årsdagen, hovuddagen i Språkåret. I prosjektplanen var det sett av 1,2

Tabell 11
Støtte til basisarrangement 2013

Mottakar	Kommune	Prosjekt	Sum
Det Norske Teatret	Kristiansand	Opningsframsyning 2.1.	150000
Fleire mottakarar	Bergen	Seminar og folkefest 14.-16.1.	150000
Dei nynorske festspela	Volda og Ørsta	Dei nynorske festspela 27.-30.6.	100000
Ivar Aasen-tunet	Ørsta	200-årsdagen 5.8.	30000
Andre aktørar		200-årsdagen 5.8.	256000
Det Norske Teatret	Oslo	Folkefest 6.10.	150000
Universitetet i Tromsø	Tromsø	Internasjonal konferanse 6.-8.11.	130000
Språkåret	Ørsta	Avslutningsarrangement 6.12.	
Sum			1096000

Tabell 12
Prosjektstøtte frå Språkåret 2012–2013

Mottakar	Kommune	Prosjekt	Sum
Agder og Telemark bispedømme	Kristiansand	Jørgen Moe 200 år	10000
Albatrass	Oslo	Barn av Babel	60000
Bientie og Bye	Levanger	Med foten på stein og mose	30000
Cecilie Bjørgås Jordheim	Oslo	Dialogfilosofi for blåsere	10000
Dagfinn Worren	Oslo	Dagens Aasen-ord (app)	20000
Deichman Majorstuen og Røa	Oslo	Stas med språk	10000
Det norske akademi	Oslo	Jubileumsmøte	20000
Fabula	Oslo	Små øyeBlix	30000
Ferske Scener	Tromsø	Kven er finsk	30000
Flora kommune	Flora	Sjanti på nynorsk	15000
Halti kvenkursenter	Nordreisa	Minne og Håp /Muisto ja tolvo	30000
Hamar Dialekt- og Mållag	Hamar	Markeringar i Språkåret 2013	15000
Hamsunsenteret	Hamarøy	Ordlaboratorium 01	30000
Høyanger kommune	Høyanger	Språk i smeltegryta	10000
Isak Saba-senteret	Nesseby	Samisk litteraturfestival	20000
Litteraturhuset i Fredrikstad	Fredrikstad	Dialektfesten	50000
Lørenskog bibliotek	Lørenskog	Lørenskogmålet	15000
Mårkomeannu	Evenes	Markemeanu	20000
Molde Mållag	Molde	Barnehageframsyningar	20000
Moss bibliotek	Moss	Språk i Moss	20000
Nord-Aurdal Mållag	Nord-Aurdal	Målet i Nord-Aurdal	15000
Noregs Mållag	Oslo	Nynorskstafetten	150000
Nord Varanger kvenforening	Vadsø	Kvensk teaterprosjekt	20000
Noregs Ungdomslag	Oslo	Språkaktivitetar sommarleir	10000
Norsk Bibliotekforrening	Heile landet	Demokratisk vorspiel	100000
Ordkalotten	Tromsø	Det glemte språket	12000
Riksmålsforbundet	Oslo	Barnebokene og språket	20000
Skald forlag	Leikanger	Det fleirspråklege Noreg	100000
Sogn og Fjordane fylkesbibliotek	Leikanger	Nynorske barnebokdagar	20000
Songkoret Bygdaklang	Voss	Vindar frå vest	10000
Sør-Trøndelag fylkesbibliotek	Trondheim	Det er jo bare SÅ 2013, da!	20000
Tromsø Barnefilmfestival	Tromsø	Verdens beste dubb	100000
Tromsø internasjonale filmfestival	Tromsø	Språk og film	20000
Trondheim folkebibliotek	Trondheim	Tusen og en opplevelser	13000
Tunsberg bispedømmeråd	Tønsberg	ARTikulasjon	15000
Universitetet i Groningen	Nederland	Minoritetsspråk på reise i Europa	30000
Vest-Telemark-biblioteka	Seljord	Bokskrepper	20000
Vestmannalaget	Bergen	Seminar	15000
Sum			1155000
Løyvde midlar, men betalte tilbake			
Lørenskog bibliotek	Lørenskog	Lørenskogmålet	15000
Nord Varanger kvenforening	Vadsø	Kvensk teaterprosjekt	20000
Norsk Bibliotekforening	Heile landet	Demokratisk vorspiel (restsum)	23688
Sum			58688
I alt			1096312

millionar kroner til markeringar denne dagen. I driftsbudsjettet blei summen redusert til 350 000 kroner, og Språkåret brukte til slutt berre 286 000 kroner på hovuddagen i 2013.

Møte med ei rekkje fylkeskommunar viste at strategien for regional offentleg deltaking i Språkåret måtte leggjast om (sjå kap. 8.21). Mange venta at Språkåret disponerte ein pott med frie midlar. Difor oppretta styret ei støtteordning for lokale språkårstiltak med ei øvre ramme på 600 000 kroner. Saman med andre disponible midlar gjorde dette språkårsaktiviteten rundt om i landet både sterkare og meir variert.

Støtteordninga blei kunngjord 15.1.2013 med søknadsskjema, informasjon og rettleiing på språkåret.no. I tråd med kunngjeringa hand-sama vi søknadene etter kvart som dei kom inn, med ein siste frist 15.4.2013. På den måten kunne vi oppnå at tiltak blei sette i verk tidleg og ikkje blei utsette fordi arrangørane måtte vente på svar.

I alt kom det inn 87 søknader frå heile landet på til saman 3,7 millionar. Alle søknadene blei behandla på to nivå der prosjektleiaren i Språkåret tok endeleg avgjerd. Språkåret løyvde 595 000 kroner til 32 lokale tiltak og 560 000 kroner til andre tiltak (tabell 12). To prosjekt blei ikkje gjennomførte, og dei løyvde midlane blei betalte attende, medan eitt prosjekt brukte noko mindre enn føresett og betale tilbake resten.

10.5 Ekstern prosjektøkonomi

For kvart arrangement Språkåret har registrert, brukte lokale eller nasjonale aktørar både tid og eigne pengar til planlegging og gjennomføring. Nokre av tiltaka gjekk nok med overskot. Dei samla økonomiske ringverknadene av Språkåret 2013 er det umogleg å dokumentere, men samla sett blei det brukt mykje meir pengar enn det som går fram av prosjektrekneskapan for Språkåret.

Ein institusjon som satsa særleg mykje, var *Nynorsk kultursentrum*. Styret vedtok alt i 2011 at alle tiltak institusjonen gjennomførte i 2013, var å rekne som innslag i Språkåret 2013. Kva dette utgjer i kroner og årsverk, er vanskeleg å seie, men det er ikkje urimeleg å rekne med fem årsverk til ein verdi av 3,8 millionar kroner og like mykje i direkte kostnader. For eigne midlar bygde Nynorsk kultursentrum sommaren og hausten 2012 om til kontorlokale for sekretariatet den bygningen som var Ivar Aasen-museet 1946–2000.

Til saman brukte Nynorsk kultursentrum 700 000 kroner av eigne midlar i 2012 til utvikling av organisasjonen Språkåret 2013. Institusjonen fekk i 2012 578 000 kroner frå Kulturdepartementet til fri bruk i Språkåret. Av dette blei 78 000 kroner brukt same året i etableringsfasen for Språkåret, medan resten blei brukt til eigne tiltak i 2013.

Innanfor offentleg forvaltning løyvde Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedeparte-

Tabell 13
Støtte til prosjekt i Møre og Romsdal 2013

Mottakar	Kommune	Prosjekt	Sum
Herøy Mållag	Herøy	I Ivar Aasen sine fotspor	18000
Anne Hungnes	Molde	Møte mellom menneske	7500
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	Molde	Ein god kranglefant	20000
Romsdal Mållag		Eventyr og segner i barnehage	12000
Terje Aarset	Volda	Støtte til standarverk om Symra	25000
Ulstein barneskule	Ulstein	Barnebokveke	15000
Administrasjon			2500
Sum			100000



Måndag 5.8. var det to markeringar ved grava til Ivar Aasen på Vår Frelzers gravlund i Oslo. Om morgonen la direktør Arnfinn Muruvik Vonen i Språkåret blommar ved bauta på vegner av Språkåret 2013. Om ettermiddagen markerte målfolk i Oslo-området dagen.

mentet vinteren 2013 nær 2,1 millionar kroner til ulike tiltak for *kvensk språk og kultur* i høve Språkåret. Gjennom revidert nasjonalbudsjett nokre månader seinare løyvde departementet 250 000 kroner ekstra: «Kvensk språk og kultur er i dag i en utsatt posisjon. Jeg er derfor glad for at vi akkurat i år kan sette av ytterligere 250.000 kroner til gode tiltak for det kvenske språket», sa statsråd Rigmor Aasrud om satsinga.

I privat sektor skil Fritt Ord seg ut. Institusjonen løyvde i 2012 2,2 millionar kroner til

formidling av nynorsk litteratur i samband med Ivar Aasen-jubileet. Midlane blei fordelte på 46 bibliotek og andre aktørar knytte til biblioteka i vel 40 kommunar, frå Svalbard i nord til Kristiansand i sør. Så godt som alle fekk 50 000 kroner til rådvelde.

I januar 2014 var det ikkje kjent om alle tiltaka var gjennomførte som planlagt. Det er likevel ingen tvil om at dette tiltaket var svært vellykka.



Året som aldri sluttar

I Språkåret kom det fram mykje ny kunnskap som vil vere til nytte i lang tid framover. Kanskje var det Østfold som hadde mest nytte av Språkåret gjennom dei mange og uventa tiltaka som fremje stolt dialektbruk og tok til motmæle mot vanlege oppfatningar av språkleg status. Meir enn 25 prosjekt blir førte vidare etter 2013, og Nynorsk kultursentrum tek på seg ansvaret for den første oppfølginga. Språkåret *blei* året som ikkje slutta.

11.1 Jubileum som strategi

Dei siste tjuve åra er det blitt gjennomført ei rekkje kulturjubileum og -markeringar til minne om namngitte personar. Som ein del av førebuinga til Språkåret rådførte Nynorsk kultursentrum seg med medarbeidarar frå andre kulturjubileum og kulturforskarar som hadde studert emnet med kritisk avstand. Randi Thorsen, tidlegare dagleg leiar i Ibsen-året, delte raust sine røynsler på eit råds-møte i september 2007, og på eit styreseminar i juni 2010 innleidde kulturforskaren Olaf Aagedal om «Kunsten å jubilere. Råd og åtvaringar basert på erfaringar frå nasjonale jubileum». Nynorsk kultursentrum hadde dessutan medarbeidarar med innsidekunnskap frå Ivar Aasen-året 1996. Alt dette kom arbeidet med Språkåret til gode.

Olaf Aagedal har i seinare år utvikla viktige analysar av kultur- og nasjonsjubileum og vist at slike tiltak både er minnepolitikk for å definere fortida og identitetspolitikk for å pre-

ge samtida og framtida. Dette fell godt saman med den tenkinga som låg til grunn for Språk-året. Vi iscenesette eit jubileum med få innslag av offisiell representasjon – kultturministeren opna Språkåret og heldt festtale på 200-årsdagen, og kong Harald 5 var til stades ved opninga av hundreårsjubileet til Det Norske Teatret 6.10. Derimot var det ein representant for folk flest som fekk siste ordet ved avslutningshøgtida i Ivar Aasen-tunet 6.12. Språk-året 2013 var så tufta på dei lokale initiativa at det i seg sjølv avgrensa den offisielle representasjonen.

Langt på veg følgde vi dei sju råda Aagedal gav for kulturjubileum:

1. *Diskuter og forklar grunngeving og bodskap.* Dette brukte vi mykje tid på, frå ulike synsvinklar, i mange forum og miljø, men vi inviterte aldri heile breidda av språkmiljø til ein felles debatt på eitt seminar før prosjektplanen var vedteken.

2. *Reflekter over forholdet mellom fakta og*

mytar. Vi la stor vekt på å vere pålitelege og drive kunnskapsbasert, utvikle ny innsikt, formidle ei oppdatert forståing av språkleg mangfald til flest mogleg. Underhaldningsinnsлага kom alltid i tillegg til, ikkje i staden for.

3. *Ver varsam med å slå saman fleire jubileum til eitt.* Vi tok sjansen på å slå saman 20-årsjubileet og hundreårsjubileet for Det Norske Teatret av dei to jubilea heng svært tett saman og var to sider av same sak.

4. *Krev ei tematisk og historisk forankring.* Språkåret skulle vere ope og inkluderrande, og ingen sentral instans hadde mynde til å hindre eller stoppe innslag på enkeltarrangement. Alt tyder på at programinnhaldet var relevant på arrangement etter arrangement, utan umotiverte koplingar eller søkte påfunn.

5. *La folk og elite feire saman.* Folkefesten på hundreårsdagen til Det Norske Teatret var det meir enn noko anna arrangement i Språkåret, men elles la vi vekt på å nå breitt ut og at det var billetter tilgjengelege til alle basisarrangementa. Først og fremst skulle gjestene ha noko att for å vere med på eit arrangement i Språkåret. Høgdepunktet var 200-årsdagen

5.8., og dette var lett å formidle og lett å oppfatte.

6. *Skap feiring med etnisk mangfald.* Dei fleirkulturelle var bygd inn i grunnlaget for Språkåret. Flest mogleg arrangement skulle krysse språk- og kulturgrenser slik at til dømes kvensk ikkje blei avgrensa til kvenske arrangement.

7. *Kombiner det lokale og det nasjonale.* Språkåret la til tider så stor vekt på det lokale at vi til tider nok var mindre til stades på ein del nasjonale arenaer enn det som var ønskjeleg, som ved at lokale og regionale media omtalte Språkåret meir enn riksmidia gjorde. Mang ein aktør uttrykte glede over at dei sjølve kunne avgjere kva dei skulle gjere.

Det gjeld å skape den overtydande overraskinga, meiner Olaf Aagedal. Det dominerande lokale grepet som innebar at Språkåret langt på veg blei skapt lokalt, gjer at ulike hendingar og tiltak vil ha ein slik funksjon for ulike menneske og aktørar. For Språkåret var det viktigare å gjere tilskodarar til deltakarar enn å skape den eine store hendinga. Slik Ivar Aasen-året er blitt ståande som ei hending i seg sjølv, vonar vi Språkåret blir eit liknan-

Tabell 14
Nøkkeltal for kulturmarkeringar 1996–2013

Absolutte tal

	Inntekter	2013-kr	Arrangement i Noreg	Medie- klipp
Ivar Aasen-året 1996	6,2	8,8	1015	4000
Garborg-året 2001	5,7	7,1	444	-
Noreg 2005	134,0	156,0	10 000	-
Ibsen-året 2006	68,5	78,1	2747	3093
Grieg 07	13,9	15,8	-	1484
Rasmus Løland-markeringa 2007-2011	10,9	11,4	277	-
Wergelands-jubileet 2008	9,1	9,9	1000	2748
Hauge-Tveitt-jubileet 2008	7,4	8,0	-	-
Hamsun 2009	7,5	8,0	1200	-
Ole Bull 2010	5,5	5,7	-	-
Bjørnson for vår tid 2010	7,0	7,3	1400	-
Språkåret 2013	8,7	8,7	3320	2008



Avslutningsdagen 6.12.2013 gjekk nesten alt gale. Dårleg vår sette fly på bakken og gjorde artistar landtroll. Eit fly med nokre av artistane kom seg til slutt av stad, men fekk teknisk feil og måtte snu. Berginga blei Skype, men under lydprøva braut Internett saman. Via lydmannens smarttelefon kunne programleiar Ida Habbestad i Oslo ønskje publikum i Ivar Aasen-tunet velkomne, til oppsett tid. Foto Kjell Arne Steinsvik, Ivar Aasen-tunet.

de referansepunkt i framtida. I ettertid er det tydeleg at det som skjedde i 1996, var med og endra biletet av Ivar Aasen. Alt før Språkåret var omme, visste vi at det hadde verka.

Dei fleste kulturjubilea det siste tiåret har hatt samla inntekter mellom 6 og 10 millionar kroner (tabell 14). Då er eigeninnsatsen til sentrale samarbeidspartnarar ikkje rekna med. Målt i arrangement har Språkåret gjennomført fleire enn noko anna jubileumstiltak. Rett nok har berre halvparten av jubilea rapportert arrangementstal, og det er ikkje sikkert at alle har rekna arrangementstal på same måten. Det ser likevel ut til at Språkåret ikkje hadde større budsjett til rådvelde enn dei fleste jubilea, men utløyste større aktivitet enn det som har vore vanleg.

11.2 Historia om Språkåret 2013

Fysisk og digitalt arkiv for Språkåret 2013 blir plassert i Ivar Aasen-tunet med tilhøyrande arkivnøkkel. Dei viktigaste elementa er:

- Styredokument
- Utgreiingsarbeid 2003–2010
- Prosjektplan 1.2.2012
- Årsrapport for Språkåret
- Liste over alle arrangement i Språkåret 2013
- Korrespondanse
- Rekneskapar
- Profilprogram
- Medieklipp i utskrift

Truleg inneheld dette arkivmaterialet ingen personsensitiv informasjon, men det vil bli kontrollert.

Domena Sprakaret.no, Sprakaret2013.no, Sprakaret2013.no blir forvalta

vidare av Nynorsk kultursentrum. Innhald på nettstaden Språkåret.no som ikkje er forelda, blir halde ved like på Aasentunet.no.

11.3 Prosjekt som blir førte vidare

Språkåret 2013 hadde som motto å vere «året som aldri sluttar». Sekretariatet hadde sin siste arbeidsdag 28.2.2014, men målet var at ideane og engasjementet skulle leverare vidare også etter 2013. Dersom engasjementet har oppstått lausrive frå merkevara Språkåret 2013, er det også meir sannsynleg at det blir vidareført i år som ikkje har noka nasjonal ramme. Vona er at det går slik, sjølv om det ikkje vil la seg måle før det har gått nokre år.

Det ser ut til at ein del av dei prosjekta som blei sette i gang i Språkåret 2013, blir førte vidare i 2014, vonleg i fleire år framover. Ønsket om å gjere dette til året som aldri sluttar, heng saman med at mange av prosjekta og debattane om språk, språkmangfald og språkpolitikk står seg like godt i 2014 og utetter. Sjølv om Språkåret var datostempla 2013, er ikkje det språklege engasjementet i befolkninga det.

Dei mange språkårstiltaka som er presenterte i denne rapporten, syner at språk engasjerer. Språk er eit tema som gjeld oss alle. Språket vårt er ein del av oss og ein del av kven vi er. Språk er med å definere identiteten vår.

Språkåret 2013 verka som ein katalysator for mange gode språkprosjekt. Mange og like miljø sette språk på dagsordenen i 2013. Som forvaltar av Språkåret 2013 har Nynorsk kultursentrum eit særleg ansvar for den vidare oppfølginga. Institusjonen arbeider særleg med dialektar og nynorsk skriftkultur, men styre og administrasjon vil gjere det som trengst for å sikre vidare oppfølging av språkårsprosjekt ved at namngitte institusjonar eller personar har eller tek på seg ansvaret for desse. Her vil tilsvarande røynsler frå etterarbeidet med Ivar Aasen-året 1996 kome til stor nytte.

Dette handlar også om å ta vare på gode erfaringar og bruke dei i arbeidet med ulike typar nye prosjekt. Eit døme på slike verdfulle

Nynorsk er ein viktig del av identiteten på Vestlandet, og derfor også viktig for Bergens Tidende. På 200-årsdagen til Ivar Aasen tenkte vi det ville vere ei fin markering å gje ut heile avisa på nynorsk. Dei fleste lesarane våre set pris på språkleg mangfald, men mange blir også provosert av artiklar på nynorsk. Vi hadde derfor venta å få ein del kjæft. Det fekk vi ikkje. Rosen var overveldande.



*Gard Steiro, sjefredaktør
Bergens Tidende*

erfaringar er dei Det Norske Samlaget gjorde med dei mange bokutgivingane sine i Språkåret 2013. Både desse og andre utgivingar viste at der er ein interessant marknad for publikasjonar om språk, analogt eller digitalt.

Kulturjubleum legg gjerne vekt på etterbruken, med god grunn. Prosessar som blir sette i verk og kontaktar som blir skapte, må først vidare der det gir meining. Dette vil gi best resultat dersom ansvar for vidareføring blir identifisert og konkretisert. Ei langtidssjukmelding i sekretariatet hausten 2013 gjorde at ein del idear ikkje kunne realiserast. Det gjer oppfølgingsarbeidet etter 2013 ekstra viktig og relevant.

Med atterhald om økonomiske og andre rammevilkår har fleire aktørar meldt at dei vil arbeide vidare med språkprosjekt frå 2013 i åra som kjem:

- *Albatross*: Vidareutvikle den fleirspråklege framsyninga Barn av Babel
- *Dagfinn Worren*: Appen «Dagens Aasenord»
- *Deichmanske bibliotek*: #Nynov i 140
- *Greåker videregående skole*: Ekstremspråk-dagen
- *Hamsunsenteret*: Ordlaboratorium
- *Moss bibliotek*: Språkkafé
- *Møre-Nytt*: Artikkelserien «Ivar Aasen i samtid og ettertid»
- *Sametinget*: Snakk samisk til mæ!

Nynorsk kultursentrum har teke på seg ansvaret for å følgje opp både desse og andre språkårsprosjekt etter 2013. Dette gjeld mellom anna desse prosjekta:

- *Allkunne*: Digital publisering av Språksansen dag for dag
- *Allkunne*: Fleire artiklar om all verdas språk og om språk allment
- *Bibliotek landet rundt*: Arrangement og formidling om språk
- *Det Norske Samlaget*: Billigutgåve av *Historia om Ivar Aasen*
- *Firda Media*: Nynorsk avissenter
- *Isak Saba-senteret*: Samisk litteraturfestival
- *Noregs Mållag*: Organisatorisk vidareutvikling
- *Språkrådet*: Arena for minoritetsspråk
- *Universitetet i Tromsø*: Kvensk grammatikk
- *Vinje kommune*: 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018

Sjølv har Nynorsk kultursentrum ei rekkje tiltak som blir førte vidare eller utvikla vidare etter 2013. Dette gjeld mellom anna:

- *Språksammlaren Ivar Aasen*: vandreutstilling frå 2014
- Skrivekonkurranse i regi av Dei nynorske festspela i samarbeid med Sunnmørspossten
- Fleire utanlandske programpostar om språk på Dei nynorske festspela
- Fleire bokturnear eller andre formidlingsturnear etter behov og etter-spurnad
- Oppdatere *Språksansen* etter behov
- Gi ut *Språkfakta 2014* med samandrag på engelsk
- Gi ut *A world of languages and written culture* i 2014 med informasjon om mellom anna 50 språkmuseum
- Gi ut *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*
- Følgje opp denne utgivinga med å etablere eit globalt e-postnettverk for språkmuseum
- Tidlaust stoff frå nettstaden språkåret.no
Dette inneber at meir enn 25 prosjekt blir førte vidare eller utvikla vidare etter Språkåret 2013. Talet kan auke når arbeidet med

oppfølging held fram. Ivar Aasen-året 1996 la stor vekt på etterarbeidet. Dei fleste seinare kulturjubilea har i liten grad gått over i andre former når dei siste scenelysa var sløkte. Difor vil det vere ein styrke for prosjektet Språkåret at der er ein institusjon som tek det vidare i høvelege former.

11.4 Norsk språkpolitikk etter 2013

Språkåret var eit språkpolitisk prosjekt for å endre meiningar.

Språkåret var ein konsekvens av den språkpolitikken som har vore ført i seinare tid, skapte nokre viktige nye språkpolitiske arenaer som kan vise att i framtida, og mange endra meining om viktige språkspørsmål i 2013. Språkåret endra ikkje norsk språkpolitikk, men fekk fram mykje ny kunnskap om språk og fornya på viktige punkt det språkpolitiske ordskiftet. Til skilnad frå dei fleste stortingsvala blei språkpolitikk ein del av valkampen i 2013.

Den ambisiøse språkmeldinga *Mål og meining* om ein heilskapleg norsk språkpolitikk frå 2008 var alt mange år gamal då Språkåret blei opna. Etter planen skulle regjeringa i 2013 ha lagt fram ei statusmelding om norsk språkpolitikk etter språkmeldinga. Språkåret var klar til å følgje opp ei slik melding, men meldinga kom diverre ikkje. Då Språkåret slutta, var eit nytt Storting valt og ei ny regjering hadde teke over. Nye debattar vil kome, men verdiane Språkåret bygde på og forsterka, må bli verande viktige.

Saman med Noregs Mållag la Nynorsk kultursentrum fram hundreårserklæringa *Språkpolitikk for det 21. hundreåret* til 200-årsjubileet 5.8.2013.

Utgangspunktet i erklæringa er visjonen for Nynorsk kultursentrum: «Nynorsk, sjølv-sagt, når som helst og kor som helst. Vi vil eit samfunn der det er sjølv-sagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar i skule, arbeidsliv og fritid. Som andre språk verda rundt treng

nynorsk skriftkultur også i framtida målretta, offentlege tiltak som gjer språkleg valfridom reell.»

Vidare tok erklæringa særleg opp språkpolitikk for nynorsk, språkleg mangfald i Noreg og for samanhengen mellom språk og demokrati. Dette er tre sentrale element i den språkpolitikken som skal formast og førast i åra som kjem. Også ein språkpolitikk for bokmål må ta omsyn til desse faktorane. Presset frå engelsk har til no hatt meir å seie for bruken av bokmål enn for nynorsk. Dominerande miljø av meiningsdannande bokmålsbrukarar vil difor ha mykje å hente av erfaringar, motivasjon og idear frå den språkpolitiske mobiliseringa både nynorskbrukarar og miljø av urfolksspråk og minoritetsspråk har stått for.

Gjennom Språkåret møtte miljøa av minoritetsspråk og urfolksspråk kvarandre på fleire måtar enn før. Tillit blei skapt, kontakt tok form. Det bør vise att i norsk språkpolitikk overfor desse gruppene av språkbrukarar. Sambandet mellom miljøa av minoritetsspråk og urfolksspråk på den eine sida og miljøa av nynorskbrukarar på den andre sida har i lang tid vore avgrensa. Mange innlegg og samtalar gjennom 2013 viste at dette var i endring. Det lovar godt for utvikling av vidare språkpolitiske strategiar. Det norske miljøet av teiknspråkbrukarar er ein del av dette.

Den norske røynsla er at gjennom språkstrid og andre motsetnader utvikla nordmenn på 1900-talet ein tradisjon for å dempe eller løyse kulturelle konflikhtar utan bruk av vald. Denne norske røynsla er verdifull i dagens internasjonale samfunn og noko vi ønskjer å formidle til andre samfunn og statar.

«La Språkåret 2013 vere året som aldri sluttar», heitte det til slutt i hundreårserklæringa frå 5.8.2013: «Etter eit års feiring av det fleirspråklege Noreg ved 200-årsjubileet for Ivar Aasen bruker vi tiåra som følgjer til å utvide bruksområdet for nynorsk. Heile tida skal vi vere på høgd med den språkfaglege tenkinga i samtida og følgje ein moderne argumentasjon for verdien av nynorsk som vi vil utvikle

i samspel med mange og ulike miljø i inn- og utland.»

Dei same tankegangane kan og bør brukast for fleire språkgrupper i Noreg, lenge.



«Med dette erklærer eg at Språkåret 2013 er offisielt gjennomført og at vi aldri må slutte å bry oss om verdien av nynorsk, verdien av bokmål, verdien av det språklege mangfaldet i Norge», sa journalistpraktikant Thea Idsøe i Ivar Aasen-tunet 6.12.2013 og fekk sisten ordet i Språkåret 2013. Foto Kjell Arne Steinsvik, Ivar Aasen-tunet.

Vedlegg



Utrykt vedlegg: Ballongar på veg opp og ut og bort frå fødselsdagsfesten for Ivar Aasen måndag kveld 5.8.2013. Foto Ivar Aasen-tunet.

Vedlegg 1 Kommunar med arrangement og tiltak 2013

Med kjend arrangementsstad

	Tal		Tal
Østfold	37	Lillehammer	6
Askim	1	Lom	15
Eidsberg	3	Nord-Aurdal	18
Fredrikstad	17	Nord-Fron	6
Halden	1	Sør-Aurdal	4
Moss	9	Vang	3
Råde	1	Vestre Toten	2
Sarpsborg	5	Vågå	1
		Østre Toten	2
		Øystre Slidre	2
Akershus	46	Buskerud	26
Asker	1	Drammen	9
Bærum	24	Gol	2
Drammen	1	Hemsedal	2
Eidsvoll	2	Hole	1
Follo	1	Øvre Eiker	1
Hurum	1	Ål	11
Lillestrøm	5		
Lørenskog	5	Vestfold	13
Oppegård	1	Holmestrand	1
Skedsmo	1	Horten	1
Ullensaker	1	Larvik	1
Ås	3	Sandefjord	5
		Tønsberg	3
Oslo	200	Nøtterøy	2
Hedmark	49	Telemark	98
Elverum	1	Bø	5
Folldal	4	Drangedal	1
Hamar	33	Hjartdal	8
Nord-Odal	1	Kviteseid	18
Os	1	Nissedal	7
Ringsaker	5	Notodden	8
Stange	2	Sauherad	3
Tynset	2	Seljord	20
		Skien	6
Oppland	74	Tinn	1
Dovre	1	Tokke	8
Etnedal	3	Vinje	13
Gausdal	4		
Gjøvik	3		
Gran	4		

	Tal
Aust Agder	17
Arendal	5
Bygland	5
Bykle	1
Grimstad	5
Vegårshei	1
Vest Agder	54
Audnedal	4
Evje	4
Farsund	6
Iveland	3
Kristiansand	16
Kvinesdal	6
Lyngdal	4
Mandal	2
Marnardal	3
Valle	2
Åseral	4
Rogaland	157
Forsand	1
Gjesdal	3
Haugesund	24
Hjelmeland	5
Hå	8
Karmøy	5
Klepp	4
Randaberg	4
Sandnes	27
Stavanger	48
Strand	4
Suldal	2
Time	13
Tysvær	6
Vindafjord	3
Hordaland	156
Askøy	2
Austevoll	4
Bergen	59
Etne	5
Fjell	5
Fusa	1
Kvam	5

	Tal
Kvinnherad	2
Lindås	7
Masfjorden	1
Meland	1
Modalen	1
Odda	5
Os	5
Osterøy	6
Radøy	1
Stord	11
Sveio	3
Ullensvang	3
Ulvik	13
Voss	9
Øygarden	7
Sogn og Fjordane	82
Askvoll	2
Aurland	2
Balestrand	1
Bremanger	2
Eid	3
Fjaler	2
Flora	5
Førde	16
Gloppen	11
Gulen	1
Hyllestad	1
Høyanger	1
Jølster	6
Luster	7
Lærdal	3
Naustdal	1
Sogndal	12
Solund	1
Stryn	1
Vik	2
Årdal	2
Møre og Romsdal	391
Averøy	2
Fræna	4
Gjemnes	3
Haram	7
Hareid	3

	Tal
Harøy	1
Herøy	11
Kristiansund	26
Midsund	2
Molde	57
Nordal	1
Rauma	8
Rinddal	2
Sande	5
Sandøy	1
Skodje	6
Stordal	1
Stranda	3
Sunnal	7
Surnadal	4
Sykkylven	20
Tingvoll	1
Ulstein	2
Vannylven	6
Vestnes	2
Volda	16
Ørsta	126
Ålesund	64
Sør-Trøndelag	40
Agdenes	2
Klæbu	2
Oppdal	1
Orkanger	1
Rissa	3
Snillfjord	1
Trondheim	30
Nord Trøndelag	31
Inderøy	3
Levanger	1
Midtre Gauldal	1
Namsos	1
Nærøy	2
Overhalla	1
Skaun	2
Snåsa	1
Steinkjer	15
Stjørdal	3
Verdal	1

	Tal
Nordland	32
Alstahaug	4
Bindal	1
Bodø	1
Brønnøy	2
Bø	1
Harstad	3
Meløy	2
Mosjøen	2
Rørвик	1
Røst	2
Sortland	1
Sømna	2
Tysfjord	2
Vega	2
Værøy	2
Vevelstad	2
Vågan	2
Troms	116
Balsfjord	3
Evenes	1
Kvænangen	1
Kåfjord	80
Måselv	3
Nordreisa	1
Skjervøy	1
Storfjord	1
Tromsø	25
Finnmark	17
Alta	3
Karasjok	1
Kautokeino	1
Nesseby	1
Sør-Varanger	8
Vadsø	3
Utlandet	6
Finland	2
Nederland	2
Sverige	1
USA	1

Vedlegg 2

Samandrag prosjektplan 1.2.2012

Raus feiring: Språk har vi felles, sjølv om vi ikkje har det same språket. Språkåret 2013 skal bli ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleg mangfald. Alle har eit språk, og Språkåret vender seg til alle. Vi vil gjere tilskodarane til deltakarar.

Allspråkjubileum for Ivar Aasen: Språkåret 2013 skal vere eit allspråkjubileum på nynorsk grunn. Utgangspunktet er 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret. Med Språkåret 2013 blir for første gong også bokmålet feira nasjonalt, saman med samiske språk, historiske minoritetsspråk og nye innvandrarspråk. Planen er forma på grunnlag av kontakt med om lag 70 aktuelle aktørar.

200 språk: Eit språk treng brukarar. Berre det siste tiåret har om lag 200 språk vore i bruk i den norske kvardagen. Toleransen for nynorsk har auka i seinare tiår, men på fleire område har bruken av nynorsk minka.

Fem mål: Språkåret 2013 bør arbeide ut frå fem mål:

1. Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte norske kulturen
2. Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen
3. Få fram meir kunnskap om, og skape større respekt for urfolkspråk, minoritetsspråk, innvandararspråk og teiknspråk
4. Setje den norske språksituasjonen inn i internasjonale og samanliknande perspektiv
5. Skape breiare kontakt mellom språkpolitiske aktørar med felles interesser på tvers av språkgrenser og etnisitet

Sjølvstendig og effektivt: Språkåret blir organisert som eit sjølvstendig prosjekt, administrert av Nynorsk kultursentrum, men klart skilt frå den ordinære verksemda. Språkåret får sekretariat med tre stillingar i Ivar

Aasen-tunet. Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane. Ei strategisk samansett referansegruppe og eit Språkårsforum sikrar breidda og gir råd om etterbruken.

Hundrevis av arrangement: Prosjektplanen inneheld nærmare 100 planlagde, moglege og tenkte tiltak i Språkåret. Språkåret 2013 bør ha seks basisarrangement frå opning i Kristiansand i januar via verdskonferanse i Tromsø til avslutning i Ørsta i desember markerer både breidda i språkmangfaldet i landet og ytterpunkta for Ivar Aasens reiser. Enno er mange idear utenkte, og mange aktørar og miljø kjem til etter kvart. Språkåret blir difor endå mykje større enn det prosjektplanen syner no.

19 millionar: Mange nordmenn tenkjer annleis om språk i dag enn for 25 eller 50 år sidan. Verdien av dette kan ikkje målast i kroner, men treng kroner for å feirast. Budsjettet for Språkåret er på 19 millionar kroner. Det meste av dette blir brukt til innhaldsproduksjon. For 2013 trengst 16,5 millionar kroner i statlege driftsmidlar. For åra 2011 og 2012 disponerer Nynorsk kultursentrum alt 2,1 millionar kroner frå Kulturdepartementet.

Tek aldri slutt: Språkåret 2013 er året som aldri sluttar – det går berre over i ei anna form. Med sitt perspektiv på samspelet mellom språk og demokrati vil Språkåret gå saum-laust over i Grunnlovsjubileet 2014. Eit sentralt kriterium for prioritering er nettopp kva tiltak som kan vare lenge etter 31. desember 2013. Språkåret skal gi eit løft for språk-mangfaldet i Noreg, vere ein handfast reiskap for å følgje opp språkmeldinga og bygge opp nye møteplassar for ulike grupper av språkbrukarar.

Vedlegg 3 Spørjeundersøkingar 2012 og 2013

Telefonintervju med 1003 personar (2012) og
1010 personar (2013)

Ipsos MMI telefonundersøking 11.-14.12.2012
og 19.-21.11.2013

Hele tal i prosent

Svara frå undersøkinga er presenterte i fire
tabellar:

- 3.1 Haldning til Noreg som eit meir
fleispråkleg samfunn
- 3.2 Meinig om vidare jamstilling mellom
nynorsk og bokmål
- 3.3 Kjennskap til Ivar Aasen
- 3.4 Oppfatning om Ivar Aasen

Spørsmåla står under kvar tabell.

3.1 Haldning til Noreg som eit meir fleirspråkleg samfunn

	2012					2013						
	Svært godt	Ganske godt	Verken godt eller dårleg	Litt dårleg	Svært dårleg	Veit ikkje	Svært godt	Ganske godt	Verken godt eller dårleg	Litt dårleg	Svært dårleg	Veit ikkje
Totalt	10	21	31	19	18	1	11	23	32	16	16	2
Kjønn												
Menn	9	19	30	21	21	1	9	22	30	18	20	1
Kvinner	11	24	31	17	14	2	12	25	33	15	11	3
Alder												
15-24 år	12	30	33	14	11	0	17	24	37	15	6	0
25-39 år	18	19	28	17	16	1	13	25	41	10	11	1
40-59 år	7	22	31	22	17	1	10	24	31	18	15	3
60 år eller meir	6	16	31	20	25	3	7	20	22	21	27	3
Utdanning												
Grunnskule	9	21	33	17	18	1	12	15	25	19	25	3
Vidaregåande	5	21	28	23	21	1	8	21	34	22	13	2
Høgare utdanning, lågare grad	11	21	30	17	19	2	13	25	33	13	14	2
Høgare utdanning, høgare grad	16	22	33	16	12	1	13	29	31	12	15	1
Husstandsinnitekt												
Under 400 000	8	22	29	18	21	3	12	16	33	15	21	3
400 000 – 799 000	7	20	27	23	21	1	11	25	31	16	15	2
800 000 eller meir	12	22	34	18	12	1	10	26	34	16	13	1
Landsdel												
Oslo	15	22	36	13	13	1	16	28	29	14	10	4
Austlandet elles	8	20	29	20	22	1	9	25	28	19	17	2
Vestlandet	10	20	32	23	14	2	12	21	34	14	16	2
Møre og Romsdal og Trøndelag	12	27	24	16	17	4	11	21	39	11	16	2
Nord-Noreg	9	22	34	16	18	1	10	19	32	22	16	0

Spørsmål: «Norge har vært et fleirspråklig samfunn i mer enn tusen år. I tillegg til bokmål, nynorsk, tegnspråk, urfolkspråk og historiske minoritetspråk brukes nå mange nye innvandrerspråk i landet. Hvor godt eller dårlig liker du at Norge blir et enda mer fleirspråklig samfunn? Liker du det ...»

Merknad: I 2013 blei inntekt delt inn med eit skilje ved 500 000 kr staden for 400 000 kr som i 2012.

3.2 Meinig om vidare jamstilling mellom nynorsk og bokmål

	2012				2013					
	Heilt samd	Dels samd	Verken samd eller usamd	Heilt usamd	Veit ikkje	Heilt samd	Dels samd	Verken samd eller usamd	Heilt usamd	Veit ikkje
Totalt	30	16	9	28	1	31	17	5	28	1
Kjønn										
Menn	29	14	9	32	1	27	16	5	32	2
Kvinner	31	18	8	25	2	35	17	6	25	1
Alder										
15-24 år	25	14	9	27	0	29	18	5	29	0
25-39 år	31	13	11	28	1	31	16	6	28	1
40-59 år	27	18	7	32	2	29	15	7	30	2
60 år eller meir	36	17	8	25	1	36	19	3	27	1
Utdanning										
Grunnskule	28	14	8	28	1	22	23	5	33	1
Vidaregåande	27	14	12	29	1	28	18	5	33	3
Høgare utdanning, lågare grad	30	17	7	28	2	33	17	5	23	2
Høgare utdanning, høgare grad	35	18	7	27	1	39	13	6	25	1
Husstandsinnitekt										
Under 400 000	33	11	7	32	1	31	22	4	26	2
400 000–799 000	34	14	11	24	0	35	17	3	27	2
800 000 eller meir	26	17	7	32	1	29	15	8	28	1
Landsdel										
Oslo	29	22	3	23	3	29	14	9	26	2
Austlandet elles	23	17	9	33	0	25	19	5	31	1
Vestlandet	39	15	13	20	2	44	18	6	21	2
Møre og Romsdal og Trøndelag	40	9	4	31	1	39	14	3	26	0
Nord-Noreg	23	15	10	35	2	14	13	5	41	3

Spørsmål: «I 1885 vedtok Stortinget at nynorsk og bokmål skal være likestilte språk i Norge. Er du helt enig, delvis enig, hverken enig eller uenig, delvis uenig eller helt uenig i at bokmål og nynorsk fremdeles skal være likestilte språk?»

3.3 Kjennskap til Ivar Aasen

	2012		2013	
	Ja	Nei	Ja	Nei
Totalt	96	4	98	2
Kjønn				
Menn	97	3	97	3
Kvinner	95	5	98	2
Alder				
15-24 år	91	9	94	6
25-39 år	95	5	99	1
40-59 år	97	3	98	2
60 år eller meir	99	1	98	2
Utdanning				
Grunnskule	92	8	93	7
Vidaregåande	95	5	97	3
Høgare utdanning, lågare grad	98	2	99	1
Høgare utdanning, høgare grad	98	2	99	1
Husstandsinntekt				
Under 400 000	95	5	97	3
400 000–799 000	97	3	98	2
800 000 eller meir	97	3	99	1
Landsdel				
Oslo	99	1	96	4
Austlandet elles	94	6	98	2
Vestlandet	97	3	98	2
Møre og Romsdal og Trøndelag	99	1	98	2
Nord-Noreg	97	3	97	3

Spørsmål: «Har du hørt om Ivar Aasen?»

3.4 Oppfatning om Ivar Aasen

	2012					2013						
	Svært godt	Ganske godt	Verken godt eller dårlig	Litt dårlig	Svært dårlig	Veit ikkje	Svært godt	Ganske godt	Verken godt eller dårlig	Litt dårlig	Svært dårlig	Veit ikkje
Totalt	10	21	31	19	18	1	26	33	32	3	2	4
Kjønn												
Menn	9	19	30	21	21	1	25	32	26	5	5	1
Kvinner	11	24	31	17	14	2	28	34	33	2	0	3
Alder												
15-24 år	12	30	33	14	11	0	20	33	26	5	5	1
25-39 år	18	19	28	17	16	1	22	32	40	4	1	2
40-59 år	7	22	31	22	17	1	22	30	38	2	2	6
60 år eller meir	6	16	31	20	25	3	34	38	21	3	1	4
Utdanning												
Grunnskule	9	21	33	17	18	1	24	36	29	4	3	4
Vidaregåande	5	21	28	23	21	1	18	31	26	3	3	6
Høgare utdanning, lågare grad	11	21	30	17	19	2	28	33	32	3	1	2
Høgare utdanning, høgare grad	16	22	33	16	12	1	35	34	23	3	3	3
Husstandsinntekt												
Under 400 000	8	22	29	18	21	3	35	31	26	3	1	3
400 000–799 000	7	20	27	23	21	1	27	32	32	2	1	6
800 000 eller meir	12	22	34	18	12	1	26	33	32	4	2	3
Landsdel												
Oslo	15	22	36	13	13	1	25	36	30	5	0	4
Austlandet elles	8	20	29	20	22	1	26	31	35	2	2	4
Vestlandet	10	20	32	23	14	2	30	33	28	3	2	4
Møre og Romsdal og Trøndelag	12	27	24	16	17	4	28	36	27	3	3	4
Nord-Noreg	9	22	34	16	18	1	16	33	40	4	3	3

Spørsmål: «Har du et meget godt inntrykk, ganske godt inntrykk, hverken godt eller dårlig inntrykk, et litt dårlig inntrykk, eller et meget dårlig inntrykk av språkforskeren og dikteren Ivar Aasen?»

Spørsmålet blei stilt til dei som svarte ja på spørsmålet i tabell 3.3. Utvalet utgjorde difor 972 personar i 2012 og 985 personar i 2013.

Vedlegg 4
Rekneskaper 2013 og 2014

SPRÅKÅRET 2013

RESULTATREKNESKAP

DRIFTSINNTEKTER	Notar	2013	1.1-28.2.2014	Totalt
Sal av varer og tenester		60 127,40	0,00	60 127,40
Tilskot frå Kulturdep.	1	5 603 829,30	903 170,70	6 507 000,00
Tilskot frå Kulturdep.	1		138 712,29	138 712,29
Andre inntekter		17 092,40	0,00	17 092,40
Sum driftsinntekter		5 681 049,10	1 041 882,99	6 722 932,09
DRIFTSKOSTNADER				
Varekostnad		44 660,50	0,00	44 660,50
Løn og sosiale kostnader		1 693 078,54	266 298,57	1 959 377,11
Leigekostnader		249 004,00	40 734,00	289 738,00
Utstyr og driftsmateriell		46 792,17	4 420,00	51 212,17
Reise- og opphaldskostnader		248 755,18	24 141,64	272 896,82
Honorar		2 217 450,27	81 893,00	2 299 343,27
Marknadsføring		1 107 157,40	82 446,00	1 189 603,40
Kontorkostnader		20 193,54	1 243,99	21 437,53
Andre driftskostnader		61 194,50	2 678,00	63 872,50
Sum driftskostnader		5 688 286,10	503 855,20	6 192 141,30
Driftsresultat		-7 237,00	538 027,79	530 790,79
FINANSPOSTAR				
Finansinntekter		8 579,00	0,00	8 579,00
Finanskostnader		-1 342,00	0,00	-1 342,00
Netto finanspostar		7 237,00	0,00	7 237,00
Resultat		0,00	538 027,79	538 027,79
Sum overføringar		0,00	538 027,79	538 027,79

SPRÅKÅRET 2013

BALANSE

EIGE	Notar	31.12.2013	28.2.2014
OMLØPSMIDDEL			
Bankinnskott		<u>1 505 051,17</u>	<u>1 492 784,04</u>
SUM EIGEDELAR		<u><u>1 505 051,17</u></u>	<u><u>1 492 784,04</u></u>
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Periodisert tilskot	1	903 171,30	0,00
Prosjektmidlar	2		538 027,79
Sum innskoten eigenkapital		<u>903 171,30</u>	<u>538 027,79</u>
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
STI Nynorsk Kultursentrum	3	601 879,87	841 310,25
Andre leverandørar		0,00	113 446,00
Sum kortsiktig gjeld		<u>601 879,87</u>	<u>954 756,25</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u><u>1 505 051,17</u></u>	<u><u>1 492 784,04</u></u>

Ørsta, 28.2.2014 / 27.3.2014


Lodve Solholm, leiar



Ottar Grønstad, direktør


Grete Riise, nestleiar


Georg Arnestad
styremedlem


Brit Bildøen
styremedlem


Sigrun Høgetveit Berg
styremedlem


Jon Østbø
styremedlem


Stina Aasen Lødemel
styremedlem

SPRÅKÅRET 2013

Notar til prosjektrekneskapen per 28.2.2014

Note 0 *Rekneskapsprinsipp*

Prosjektrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Prosjektet nytter særreglane for små foretak. Det vert gjort greie for rekneskapsprinsippa nedanfor.

Inntekter/Kostnader.

Inntekter vert resultatført etter oppteningsprinsippet, i takt med utføring av arbeid og medgåtte kostnader.

Tilskot til prosjekt vert bruttoført og resultatført etter same prinsipp som andre inntekter. Andre generelle tilskot vert inntektsført jamt gjennom året.

Kostnader vert resultatført i same periode som tilhøyrande inntekt etter samanstillingsprinsippet.

Finansinntekter vert bokført etterkvart som dei vert opptente.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eige og gjeld

Eige bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Anna eige er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Samanlikningstal i resultat og balanse

Prosjektrekneskapen er splitta både i resultat og balanse slik at ein kolonne viser rekneskapsåret 2013 og neste kolonne resultat- og balanse fram til avviklingstidspunktet i 2014. Resultatrekneskapen viser også samla resultat for heile prosjektperioden.

Prosjektrekneskapen for rekneskapsåret 2013 har ikkje vore lagt fram for godkjenning av det tidlegare styret for Språkåret 2013, slik at behandling og vedtak no skjer samla for heile prosjektperioden.

Note 1 *Periodisering av tilskot*

Tilskot frå Kulturdepartementet vert periodisert og samanstilte med påkomne kostnader i same periode. Språkåret 2013 er avslutta i 2014.

Tilskot frå Kulturdepartementet i 2010 til Nynorsk kultursentrum til førebuande arbeid med Språkåret 2013 er inntektsført i avslutningsåret med unytta del på kr 138.712,29. Summen er også inkludert under eigenkapital i prosjektet.

Note 2 *Eigenkapital*

Unytta prosjektmidlar per avslutningstidspunktet er i prosjektrekneskapen oppført som eigenkapital i prosjektet.

Note 3 *Gjeld*

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum har hatt utlegg for Språkåret som ikkje er refunderte per balansetidspunktet.

Vedlegg 5 Revisjonsmelding

hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

Kulturdepartementet
Akersgata 59
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo

REVISOR SI MELDING TIL PROSJEKTREKNESKAP

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Stiftinga Nynorsk Kultursentrum for prosjekt nr. 900 "Språkåret 2013". Tilsegn er gitt i brev av 20.12.2012 ref. 11/3091 med eit prosjekttilskot på kr 6.507.000. Prosjektet er nemnt 900 – «Språkåret» i Nynorsk Kultursentrum sin rekneskap og viser totale kostnader på kr 6.192.141,30 for drift og netto finanskostnader med kr 7.237,00 for perioden 1.1.2013 – 28.2.2014. Tilskotet, som er gitt av Kulturdepartementet, er periodisert i i prosjektrekneskapen slik at dette balanserer med kostnadene i 2013. Resterande del er inntektsført i avslutningsåret 2014. Prosjektrekneskapen består av resultatrekneskap, balanseoppstilling og noteinformasjon. Prosjektrekneskapen er utarbeidd av prosjektstyret og direktøren i Nynorsk kultursentrum i samarbeid med økonomi- og rekneskapsavdelinga.

Leinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leinga er ansvarleg for utarbeidd av prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leinga finn nødvendig for å mogleggjere utarbeidd av ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misgjerningar eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna «International Standards on Auditing». Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at prosjektrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misgjerningar eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeidd av ein prosjektrekneskap som gir ei dekkjande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om

HOVUDKONTOR ØRSTA: Strandgata 7, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01	AVDELINGSKONTOR EID: Lotevegen 21, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16
--	---

rekneskapestimata, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at prosjektrekneskapen for Stiftinga Nynorsk Kultursentrum for prosjekt 900 – "Språkåret 2013" per 28.2.2014 i det alt vesentlegaste gir eit uttrykk for samla prosjektkostnader i samsvar med grunnlaget, som er gitt i tilsegn av 20.12.2012.

Grunnlag for regnskapsframlegging og avgrensa distribusjon

Vi gjer merksam på føresetnadene i vedtaket om tilskot, som skildrar grunnlaget for regnskapsframlegginga. Prosjektrekneskapen er utarbeidd for å gi informasjon til Kulturdepartementet. Prosjektrekneskapen er difor ikkje nødvendigvis eigna for andre føremål. Vår uttale er berre meint for Kulturdepartementet og Stiftinga Nynorsk Kultursentrum og er ikkje føresett å verte distribuert til andre partar. Dette forholdet har ikkje betydning for vår konklusjon.

Ørsta, den 27. mars 2014
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS


Arvid Hovden
statsautorisert revisor

Vedlegg 6 Dette venta vi av Språkåret

Meldingar frå medlemene av styringsgruppa i prosjektplan 1.2.2012

Mitt ynske for Språkåret 2013 er at vi skal ha mykje moro, heite diskusjonar og store opplevingar. Nynorsk mediesenter har «Stolt nynorsk» som sitt motto. Stolte språkbrukarar er rause språkbrukarar. Å erstatte fordommar med kunnskap og innsikt er kanskje det aller viktigaste for å oppnå det.



*Grete Riise, spesialrådgivar
Fylkesmannen i Hordaland,
leiar styringsgruppa*

Eg vonar at Språkåret kan opna fleire auge for at det fleirspråklege er ei av dei sterkaste sidene ved den norske kulturen. Og så vonar eg at særleg politikarar på jakt etter veljarar får dette med seg.



*Ola E. Bø, dramaturg
Det Norske Teatret*

Språkåret må vise språket i all sin kaotiske prakt. Språk både samler og deler oss, men først og fremst engasjerer det.

Målt etter oppmerksomhet og engasjement i befolkningen skulle man tro at norsk var et verdensspråk. Det må Språkåret gjenspeile.

Språk er identitet. Det blir ikke mindre viktig i et mer mangfoldig samfunn.



*Torbjørn Røe Isaksen,
stortingsrepresentant*

Eg vonar at Språkåret kan gjere folk endå meir medvitne om og stolte av den språklege rikdommen som bur her i landet.



*Arnfinn Muruvik Vonen,
direktør Språkrådet*

Jeg håper at Språkåret synliggjør samisk som en del av språkmangfoldet i Norge, øker toleransen for bruk av samisk språk i offentligheten, fremmer solidaritet mellom brukere av minoritetsspråk – også mellom brukere av ulike samiske språk, og at Språkåret utfordrer til bevissthet omkring språkbruk og språkrøkt.



*Aili Keskitalo, leiar
Norske Samers Riksforbund*

Eg vonar at Språkåret 2013 kan vere med på å løfte fram og ufarleggjere både det gamle og det nye språkmangfoldet i Noreg. Eg trur at fleire vil få auge opp for at Noreg ikkje er eit eittspråkleg land og kjem aldri til å verte det – heldigvis.



*Janne Nygård, leiar
Norsk Målungdom*

Jeg håper at Språkåret kan synliggjøre det mangfoldet som språk legger grunnlaget for, både gjennom tekster, lyd, visualisering og ikke minst dramatisering – at dette har et historisk perspektiv og ikke minst er gjenstand for debatt i dag.



*Vigdis Moe Skarstein,
nasjonalbibliotekar*

Eg vonar at Språkåret 2013 blir ei ramme for meir enn fest og feiring: I 2013 bør vi òg kunne ta dei vanskelege og viktige debattane om språkmangfoldet.



*Jens Kihl, prosjektleiar
utviklingsprosjektet*

Vedlegg 7

Prolog og talar

Nett no

Prolog til opninga av Språkåret 2013
 Onsdag 2. januar 2013,
 Konserthuset Kilden, Kristiansand

Jon Fosse

Hundre år
ganske kort pause
 det er lang tid
ganske kort pause
 og det er kort tid
 To hundre år
 Det er lenge
 Og det er ikkje så lenge
 Men språket det er langt
 det har levt lenge
 også det norske språket har levt lenge
 lydane har sagt fram
 det som trong å seiast
 òg det som ikkje naudsynleg måtte seiast
 men som likevel måtte seiast
 for å gjera dagen leveleg
Pause
 Og kjenslene som måtte seiast
kort pause
 til dei kjære
 til det språklause barnet
kort pause
 sove no sove no du gode du
 gode deg sove no
Kort pause
 Og på sjøen
 For helvete
 ta det reipet
 Ro på for faen
Kort pause
 Språket er langt
 og språket er stort

vi kjenner oss både små
 og forkomne
 i det store uskjønelege veldet
 som er livet
 der vi sit
 og held den døyande i handa
 og handa seier
 det som må og kan seiast
 for språket
 det sagde
 det usagde
 held oss saman
 gjer oss større
 sterkare
 og røysta til ei bestemor kan høyrast
 langt der bak
 ja også frå scenen på Det Norske Teatret
 For det var for å ta vare på språket
 både det sagde
 og det usagde i det sagde
 at stillfarne Ivar Aasen
 som føddest for to hundre år sidan
 gjekk kringom i Noreg
 og samla saman det språk som der vart snakka
 i kvardag
 i kjærleik
 i sorg
 i song og i bannskap
 og visst var mykje ulikt
 og visst var mykje likt
 det var både einskap og mangfald
 det var det norske språket
 som eingong hadde vore eins
 og som atter vart eins
 i det nynorske språket
 ja som ingen talar nett slik
 men som alle talar litt slik
 det som er sams
 det som gjer at vi er sams
 i byar og i bygder
 på fjell og ved fjordar

og ved havet
 langs den lange lange kyst
 vegen mot Nord
 som er Noreg
ganske kort kort
 det nynorske språket er
 som alle språk
 si eiga dikting
 alt språk er i seg sjølv dikting
 det har i seg stemningar og røynsler
 det har i seg den kraft
 og den sanning
 som gjer av vi kan leva
 og overleva
 for
 som det har sagst
 Aber die Wahrheit
 stiften die Dichter
 Sanninga
 er det diktarane
 som skipar
ganske kort pause
 og difor
 hundre år etter at Ivar Aasen føddest
 vart så eit hus der diktinga skulle møtast
 der og då
 eit teater
 vart skipa
 for det norske språket
 for det nynorske språket
kort pause
 i år
 har det gått hundre år
 sidan det skjedde
 kort pause
 det er stort vemod i det
 for dei som skipa dette huset
 er borte
 og så mange mange mange
 av dei som har halde det levande
 har kome
 har sunge sin song
 og forsvunne
 men språket
 det nynorske språket dei brukte
 det er der framleis

slik det teatret som tok mål av seg
 til å føra fram den dikting
 sjølve det nynorske språket er
 framleis er der
kort pause
 til dømes slik at ein ung gut
 frå ei bygd
 langs ein fjordarm i Hardanger
 då han for fyrste gong var innom Oslo
 der kunne høyra sitt språk
 sitt eige språk
 lyft opp på scenen
 lyft ut frå scenen
 for fyrste gong kunne han høyra sitt eige
 språk
 sveva gjennom salen
 og sjå ein usynleg engel
 spreia sine vengjer ut
 og stryka over den redde sjela hans
 også over hans sjel
 og kanskje tenkte han då
 mest utan å tenkja det
 at kanskje kunne han òg
 på sitt språk
 skriva ord som kunne seia sitt
 ikkje gjennom tydinga
 men gjennom svevet
 gjennom den usynlege engelens svev
Pause
 Språket er huset til det som er
 har det vorte sagt
 Og Det Norske Teatret
 var lenge eit hus
 utan eige hus
 det var ein landsens spelemann
 på si fattigslege reis
 kringom i landet
 frå hus til hus
 men eit hus
 ein stad å bu
 ja det var både det nynorske språket
 og den dikting
 ein hadde i seg
 og ikring seg
ganske kort pause
 språka er ulike

men diktinga
den verkelege diktinga
er eins
slik språka òg ein stad er eins
det merkar ein så godt
når diktverk frå Polen
frå Frankrike
frå Tyskland
frå all verdsens land og språk
får koma til sin rett
på norsk
på språket også til den unge guten
frå ein fjordarm i Hardanger
eller til den unge jenta
frå ei grend
der oppe mot Hardangervidda
eller til familien
som bur der havet bryt mot land
der ytst i Sogn
eller der ytst i Nordland
Det Norske Teatret
er heile landets teater
der det no held til
i det store fine huset
det til sist fekk seg
midt i Oslo
hovudstaden i landet
som er veggen mot nord
som er Noreg
kort pause
sjølv sagt tok det si tid
før nynorsken fann sin rette song
sjølv sagt tok og tek det si tid
og sjølv sagt tek det si tid
før ein engel går gjennom scenen
og sjølv sagt tok det si tid
før det nynorske teatret
fekk sitt stolte eige hus
Men no står det der støtt
No står nynorsken der støtt
No står nynorsken der
no står Det Norske Teatret der
og tek vare på røyntla
til dei som føre oss gjekk
og som vi er så glade i
og er så takksame for

Det står der for alle dei som er borte
Og det står der for oss
som no finst til
og som no held både fortid
og framtid
i våre hender
kort pause
nett no

Tale ved opning av Språkåret 2013

Onsdag 2.1.2013,
Konserthuset Kilden, Kristiansand

Statsråd Hadia Tajik

Kjære alle saman

Kjære teatersjefar, lokalavisredaktørar,
norsklærarar, bibliotekarar, mållagsungdom,
forfattarar, nynorskforkjemparar,
språkrådstilsette, universitetsdirektørar,
tillitsvalde, sametingsrepresentantar,
kommunetilsette, forleggarar og alle dykk
andre som sitt her i kveld.

Eg vil takke kvar og ein av dykk.
For det de gjer for språket.
For det de med hjelp av språket gjer for
mange menneske kvar einaste dag.
Og for det de dermed gjer for demokratiet.

Demokratiets grunnlag er at menneske deltek.
Skal ein delta, må ein forstå.
Og for å forstå, må ein meistra språket.

Nokon forstår ikkje fordi dei ikkje har lært
seg korleis du snakkar.
Andre forstår deg ikkje fordi dei ikkje kan
høyre.
Og nokon gongar vil vi rett og slett ikkje
forstå.

Lise er ni år og bur saman med familien sin i
ein middels stor norsk by.
Lise er flink på skulen og elsker å lese.
Men heime er vegen kortare til fjernsynet enn
til bokhylla.
Ein dag tar læraren med Lise og resten av
klassa til biblioteket i byen.
Lise går smilande rundt mellom hyllene.
Så spør ein bibliotekar om ho ser etter noko
spesielt.

Han lurar på kva for bøker ho liker best.
Og finn bøker Lise ikkje har sett før.
Neste veke kjem Lise att til biblioteket aleine.
Og låner enno fleire bøker.
Femten år seinare gjev Lise ut sin fyrste
roman.

Ahmed er 12 år og kom til Noreg for fem
år sidan saman med mor og tre sysken frå
Somalia.

Han har heldigvis fått seg venar i det nye
landet sitt.

Ahmed snakkar slang. Kebabnorsk.

Ein lett slenrande variant av norsk, arabisk,
punjabi, spansk og andre meir eller mindre
tilfeldig utvalde språk.

Ahmed er både mektig og fattig på ord.

Med sitt eksotiske språk glir han godt inn i
venegjengen.

Men skuletimane glipp han taket om.

Heilt til norsklæraren hans klarer å plukke
av han dei skeive uttalane og utstyre han med
dei orda han treng for å uttrykkje seg – på
norsk.

Morten er førti år, bur i Oslo og har mislikt
nynorsk så lenge han kan hugse.

Då han gjekk på vidaregåande, var nynorsken
den einaste kjipe trearen i eit vitnemål fullt av
femmarar og seksarar.

Morten meiner nynorsk fører til unødig
forvirring og motvilje mot språk.

Morten fekk ein billett til Det norske teatret i
gåve av mor si.

Han takka motvillig ja og vart med ho.

Morten har høge skuldrer og hengeleppe idet
lyset slukkast og teppet går opp.

Men det tar ikkje mange minutt før Morten
gløymer korleis skodespelarane snakkar.

Stykket er så fascinerande at Morten går ut
frå teateret ein fordom lettare.

Språket har makt til å seie:

Du er ute.

Og du er inne.

Me kan snakka og bli funne for lett.
Men tunga kan og leggest på vektskåla.
Språk kan overdøyye, men og opne både øyre
og dører.
Språket kan dele og splitte.
Men det er og språket som limer eit samfunn
saman.

Språk sett oss i stand til å velje.
Ikkje berre blant politiske parti.
Men og blant handlingar.
Sett handling bak orda dine, vert det sagt.
Vi politikarar høyrer dette spesielt ofte.
Men ord kan og i høgaste grad vere handling.

I år er Språkåret.
I år skal vi ynskje velkomen, snakke
kvarandre varme og prate om laust og fast.
Vi skal lytte, spørje, svare, undre, meine,
hevde og tørre.
Vi skal debattere, diskutere, fabulere, svare,
begeistre og sannsynlegvis vil nokre og
komme til å spikke nokre fliser.

Men fyrst og aller fremst skal me gjere to ting:
Vi skal snakke så folk forstår.
Og vi skal seie det med eigne ord.

Takk til alle som har gjort og kjem til å gjere
språkåret mogleg.

Med dette erklærer eg Språkåret 2013 for
opna.

Tale på festmøte for Ivar Aasen på 200-årsdagen

Måndag 5.8.2013
Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Statsråd Hadia Tajik

Kjære jubileumsgjester, og – eg får vel seia
– kjære jubilant!

Takk for invitasjonen til denne største dagen i
det nasjonale Språkåret totusenogtretten!

Nokon har spurt meg: Kva er norsk kultur?
Ingenting er vel meir norsk kultur enn norsk
språk! Og knapt noko særkjenner norsk språk
meir enn at det er standardisert på to ulike
måtar, med to tilhøyrande skriftradisjonar.

I kveld skal me hylla den mannen som
forma det nynorske skriftspråket.

Nesten heilt på eiga hand gjorde han det.
I skiftande talemål frå heile landet fann han
eit felles mønster. Med granskande blikk og
systematisk flid meisla han skriftspråket ut.
Som reiskap for allmugen og heile nasjonen
stilte han det til rådvelde. For Ivar Aasen
meinte at folkespråket måtte bli hovudspråket
i landet.

I dag har me to norske hovudspråk,
likeverdige og offisielt likestilte. Tenk for ein
rikdom – og for ein meirverdi – dette dobbelte
uttrykksregisteret representerer for norsk
kultur- og samfunnsliv! For denne språklege
og kulturelle rikdommen er me Ivar Aasen
stor takk skyldig.

Nynorsk er ei dagleg påminning om
at Noreg har ein tradisjon for språkleg og
kulturelt mangfald. Nynorsk er både ei norsk
målform og eit sjølvstendig skriftspråk.
Ingen ansvarleg språkpolitikk for framtida
kan gå utanom nynorsken og den nynorske
skriftkulturen.

I den nye læreplanen for norskfaget i
skulen er det presisert at alle elevar skal
lytta til og lesa begge målformer frå tidleg på

barnetrinnet. Dei skal eksperimentera med
skrivning på sidemål frå 5. årssteget. Føremålet
med sidemålsopplæringa er gjort tydelegare.
For me kjem ikkje utanom at nynorsk – så vel
som fleirtalsspråket bokmål – vedkjem alle
som lever i Noreg i dag.

Og det var Ivar Aasen som la grunnlaget
for dette språklege og kulturelle mangfaldet
– for denne nasjonalformuen – som er
rikare enn oljefondet! Det var han som
utfordra dei språklege tradisjonistane og
reformistane på 1830-talet. Han såg føre seg
eit tredje alternativ, å skapa «en aldeles norsk
Sprogform». Og han såg så klart at han ikkje
lét det bli med tanken. «Jeg vil forsøge et
sådant Arbeide», skreiv han i 1841, i datidas
danske skriftspråk.

For Ivar Aasen var også ein framsynt
strateg. Han forkasta ikkje det eksisterande
skriftspråket. «Ivar Aasen skriver Dansk bedre
enn nogen her i landet», skreiv Arne Garborg
så seint som i 1888.

Han la likevel eit solid grunnlag for
den nynorske skriftradisjonen, ikkje berre
gjennom grammatikken og ordbøkene, men
også gjennom praktisk tekstforming i fleire
sjangrar.

Mange av dikta hans er tonesette og høyrer
til våre mest folkekjære songar: Millom bakkar
og berg, Gamle Norig, nørdest i grendom og
Dei gamle fjell i syningom. Og ikkje minst kan
mang ein polititar finna trøyst i songtitlar som
Til lags aat alle kann ingen gjera og Dei vil
alltid klaga og kyta. Og høyr berre kva råd ein
polititar kan få gjennom nokre av ordtaka frå
Ivar Aasen:

- Den som vil styra, skal fyrst læra å lyda
- Eit Ord i rette Tid er betre enn mange andre
- Men også dette:
- Den som ikkje sjølv er med og ser til, den fær
ikkje Værket sitt gjort som han vil

Dei folkelege visdomsorda han samla på
ferdene sine rundt i landet, talar slett ikkje
berre til oss politikarar. Dei dannar til saman

eit tankesystem frå den norske livsverda i helg og yrke. Og dei er levande nynorsk, som med Aasens sikre hand fekk ei fullgyldig form.

Ivar Aasen reiste land og strand rundt i om lag eit kvart hundreår. Over 2100 reisedagar skal han ha hatt. Og før og under, etter og innimellom dreiv han vitskapleg arbeid: Han noterte og registrerte; han analyserte og systematiserte; han alfabetiserte og definerte; han normerte og formulerte.

Ivar Aasen hadde verken laptop eller internetttilgang; han hadde verken orddatabasar eller digitale tekstkorpus å søkja i. Men han hadde eit sjølvkonstruert reiseskrivebord med alt som trongst av skrivesaker. Og han hadde ikkje minst ein klar tanke og ein klar plan, eit system å registrera etter; han kunne raskt vurderer korleis den nye informasjonen han tok til seg, skulle passast inn i den heilskapen han såg føre seg.

Han utvikla sine eigne innsamlingsmåtar og vitskaplege metodar. Med vår tids samfunnsvitskaplege sjargong kan den viktigaste metoden hans truleg karakteriserast som deltakande observasjon.

Han var både ein målreisande og ein målreisar, ein reisande i norsk talemål og ein som reiste eit nytt skriftmål. Han gjorde den lengste språkreise i norsk historie, både i geografisk og fagleg meining, og ikkje minst i kraft av det språkpolitiske prosjektet han gjennomførte: Han endra den språklege framtida i Noreg.

Andre førte livsverket til Ivar Aasen vidare og skapte det om til ei folkerørsle som utfordra det kulturelle og språklege hegemoniet i landet. Slik vart Ivar Aasen også opphavet til ein av dei klassiske motkulturane i norsk historie.

Og trass i den formelle likestillinga er nynorsk enno mykje av ein motkultur. Det er periferi mot sentrum. Det er mindretal mot fleirtal. Det er frivillig innsats, idealisme og samfunnsansvar mot makt- og marknadskrefter og teknologisk og demografisk utvikling.

I kveld er me samla til fest her i Aasentunet, til høgdepunktet i feiringa av 200-årsdagen for hans fødsel. Det var her han kom frå, i dette miljøet han vart forma og fekk kunnskapsgrunnlaget sitt. Og det er her livsverket hans blir dokumentert og formidla.

Men store delar av livet budde og arbeidde han i hovudstaden, mange år i Teatergata 6. Eg har sjølv kontor rett rundt hjørnet, i Akersgata 59, og skal helsa så mykje, og gratulera med dagen, både frå det geografiske nabolaget hans i Christiania og frå dagens politiske Noreg.

I Ivar Aasen-almanakkane frå 2000-talet er dagen i dag markert med følgjande ord-språk: Takk er det minste ein Mann kann få.

Eg takkar han gjerne – men vil òg gjere meir: Nynorsk – og bokmål – skal ha gode vilkår som samfunnsberande språk i Noreg. Då må ein satse på nynorsken i skulen, ikkje kutte undervisninga vekk. Då må ein ha klare reglar for bruk av nynorsk i forvaltninga. Og då må me oppretthalde pressestøtta. Lokalaviser og meiningsberande aviser er nokre av dei viktigaste fyrtårna for nynorsken – og det er dei som vil bli hardast ramma om pressestøtta vert kutta.

Me skal halde fram med den språklege demokratiseringa Aasen starta. Han har noko av æra for at folk ikkje treng å skjemmast for korleis dei snakkar. Ein må ikkje leggje om til standardisert riksmål for å delta i radio og TV, slik det er i fleire land. Dette er viktig for demokratiet – for identitet og kultur - og det er slett ikkje sjølv sagt. Men me er ikkje i mål med det skrivne ord. Språket til kvar og ein av oss skal vere godt nok til å bli ytra i det offentlege rom. Til å kome på trykk i aviser. Til å formidle viktig informasjon i nærings- eller organisasjonsliv. Eller til å vere hjartetts språk i et kjærleiksbrev.

No gler eg meg til å feire han som starta det heile:

Ein stor takk frå oss alle på 200-årsdagen, med ønske om kraft og styrke for nynorsk språk og kultur dei neste 200 åra.

Takk, Ivar Aasen!

Det siste ordet

Avslutning av Språkåret 2013

Fredag 6.12.,

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Thea Idsøe

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld
– den stille og vise
nedbrytaren av grenser,
den rolege og sikre oppbyggaren
av eit folk.

Desse linene sa Tarjei Vesaas om Aasen.

Språkåret 2013 har overtydd meg om at eg er eit av desse frie menneska.

Kjære Ivar, ja, du står meg faktisk nær. Trass i at du ikkje kjenner meg, så kjenner eg deg, di historie og ditt livsverk. Det er takka vere det at eg kan sjå med fritt omkring. I kveld vil eg takke deg.

Kjære Ivar. Du hadde eit livsprosjekt, du ofra fleire tusen mil og endå fleire kaloriar for å gjennomføre det. Dette gjorde du for at avstanden mellom mitt talte og skrivne ord skulle verte minst mogleg. Du braut ned grensene mellom makta og folket. Du fann og systematiserte hjartesspråket mitt.

Somme vil hevde det er sjevande å påstå at ein er eit fritt menneske fordi ein får lov til å skrive nynorsk. Eg spør meg sjølv om desse menneska har tenkt over kva språket betyr for oss?

Språket er fundamentalt for at vi skal lukkast. Eg kan ha tusen gode argument, eit mangfald av tankar og idear, men så lenge eg ikkje får formidla dei, kjem eg ingen veg. Språket er mitt viktigaste verktøy for å lukkast som menneske.

Språk gir meg makt. Makt til å overtale. Språk gir meg sjansen. Sjansen til å delta i og påverke samfunnet eg er ein del av. Og sist,

men ikkje minst: Språk er lidenskap. Det er kjærleik, hat og heftig debatt.

Kjære Ivar. Korleis ville kvardagen min vore utan deg? Det hadde vore ein kvardag der avstanden ville vere lengre mellom det talte ordet og det skrivne ordet. Det hadde vore ein kvardag der kjærleik, lagnad og røynd vart til kjærlighet, skjebne og virkelighet på papiret. Tunga mi ville vore kløyvd mellom det eg sa og det eg skreiv. Gjennom pennen ville argumenta mine falme, krafta mi vorte veikare og engasjementet mitt ville døydd ut. Utan deg, Ivar, ville uttrykket mitt vore fattigare, identiteten min svakare og fridomen min ville vore innskrenka.

Kjære Ivar. I år er det 200 år sidan du vart fødd. Og i år har vi feira deg. Men ikkje minst har vi feira bokmålet, teiknespråket, urfolksspråka og dei nye innvandrarspråka i landet vårt. Vi har feira deg, språkmangfaldet og språktoleransen. Vi har feira demokratiet, sjansen og lidenskapen språk gjev oss.

Det er ein kamp verdt å kjempe kvar einaste dag. Kampen for at fleire skal kunne uttrykke seg utan kløyvd tunge. Kampen for at fleire skal kunne kjenne seg frie. Kampen for at fleire skal kunne få bruke hjartesspråket sitt, at fleire skal verdsette hjartesspråket sitt og vere stolte av det, anten det er bokmål, samisk, nynorsk eller kvensk. For det er først når vi nytter hjartesspråket vårt at argumenta kjem til sin rett og demokratiet vert komplett. Om det er éin ting Språkåret 2013 har lært oss, så er det at eit fleirspråkleg Norge ikkje er nokon svakheit. Det er ein rikdom, ein rikdom vi bør feira kvar einaste dag.

Med dette erklærer eg at Språkåret 2013 er offisielt gjennomført og at vi aldri må slutte å bry oss om verdien av nynorsk, verdien av bokmål, verdien av det språklege mangfaldet i Norge.

Så lenge der er språk, kjem det år.



#SÅ2013

Språket er huset til det som er.

*Jon Fosse i prologen «Nett no»
til opninga 2. januar 2013*

Eit godt år kjem aldri for seint.

*Fritt etter Ivar Aasen:
Norske Ordsprog, 1883*

- 250 000 nordmenn endra meining i sentrale språkpolitiske spørsmål
- 149 000 gjester på 3320 arrangement i 219 kommunar og fem land
- Flest arrangement i Oslo, Ørsta og Kåfjord
- Inntekter på 8,7 millionar kroner
- «Språkmagasinet» med årsprogramet blei trykt i 345 000 eksemplar
- Fredriksstad Blad trykte ei dialektutgåve 6. mars i fem opplag og utgåver
- I gjennomsnitt såg 607 000 kvart program i serien «Dialektriket»
- «Smøyestol» blei kåra til det mest populære dialektordet
- To frimerke blei til saman trykte i 10,2 millionar eksemplar
- Over 10 000 ville inn på Det Norske Teatret på festdagen 6. oktober
- Den første kvenske grammatikken blei skriven ferdig
- Nynorskstafett over 30 000 km frå januar til oktober
- Ni parti var med i språkpolitisk debatt og -markering 5. august
- Grunnlaget for eit samarbeidsform for minoritetsspråk blei forma
- Over 25 prosjekt blir førte vidare etter 2013



Nynorsk kultursentrum

Tlf. 70 04 75 70

admin@aasentunet.no

